

Talemål og livsverd

**Ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant
ungdomar i Aurland i Sogn**

Ingunn Stokstad



**Masteravhandling ved
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitet i Bergen
Hausten 2007**

Føreord


Å arbeida med dette prosjektet har vore ein lang og lærerik prosess. Mange har gitt meg råd og støtte under vegg. Nokre av dei vil eg spesielt nemna. Professor Gunnstein Akselberg har gitt meg raus fagleg rettleiing. Leiinga og lærarar ved Aurland barne- og ungdomsskule la til rette for at feltarbeidet kunne gjennomførast i skuletida. Dei nitten informantane deltok i undersøkinga med velvilje og stort alvor. Thor Andresen ved Aurland folkebibliotek har skaffa all faglitteraturen eg har trunge og gitt meg datateknisk hjelp. Lars Moland har lese korrektur. Takk til alle saman.

Det empiriske materialet som avhandlinga byggjer på, er transkribert og samla i eit eige hefte, *Grunnlagsmateriale*. Av omsyn til informantane sin anonymitet vert ikkje dette materialet gjort allment tilgjengeleg. Avhandlinga kan likevel lesast med fullt utbytte.


Aurland, november 2007

Ingunn Stokstad

”Sjølvs den lengste reisa startar med det første steget”
(Kinesisk ordtak)



Kartet ovafor syner kor Aurland kommune ligg på Vestlandet. Kartutsnittet nedafor syner dei busette grendene i kommunen. Den oransje streken markerer Vangen krins der informantane bur.



INNHALD

1 INNLEIING	8
1.2 Kort presentasjon av avhandlinga	8
1.2 Motivasjon	8
1.3 Perspektiv og metode	9
1.4 Problemstilling	9
1.5 Strukturering av oppgåva	10
1.6 Om aurlandssamfunnet	11
1.7 Tidlegare studiar av talemålet i Aurland og Sogn	13
2 TEORETISK BAKGRUNN OG TILNÆRMING	15
2.1 Innleiing	15
2.2 Sosiolingvistisk tradisjon	15
2.3 Språksamfunn	17
2.4 Feltilnærming	19
2.5 Identitet	22
2.5.1 Personleg og sosial identitet	22
2.5.2 Språk og identitet	23
2.5.3 Stad og identitet	24
2.5.4 Språkhaldningar og identitet	25
2.5.5 Haldningar i dei kulturelle felta	27
2.6 Akkommodasjon	28
2.7 Folkelingvistikk	29
2.8 Foreldrebakgrunn	31
2.9 Frå teori til metode	32
3 METODE OG FELTARBEID	33
3.1 Metode	33
3.2 Val av informantar	34
3.2.1 Utvalskriterium	34
3.2.2 Populasjonsstudie	34
3.2.3 Representativitet, validitet og reliabilitet	35
3.3 Framgangsmåte ved den språklege undersøkinga	35
3.3.1 Autentisk tale	35
3.3.2 Opptakssituasjon	36
3.3.3 "The observer's paradox"	37
3.3.4 Ekserpering, transkripsjon og presentasjon av det språklege materialet	37
3.4 Endeleg utval av språklege variablar	40
3.4.1 Lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk	40
3.4.2 Utvalsprinsipp	40
3.4.3 Språklege nivå	41
3.4.4 Undersøkte språklege variablar	41
3.5 Presentasjon av kvar enkelt variabel	42
3.5.1 Diftongen <i>ao</i>	42
3.5.2 Differensiasjon av <i>m</i> til <i>dn</i> og segmentasjon av <i>l</i> til <i>dl</i>	43
3.5.3 Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form	44
3.5.4 Infinitiv, endingsvokal	44
3.5.5 Setningsmelodi, høgtone/lågtone	44
3.5.6 Personleg pronomen 1. person singularis, <i>eg</i>	45
3.5.7 Personleg pronomen 1. person pluralis, <i>vi</i>	45
3.5.8 Spørjeord med <i>kv</i> i framlyd	45
3.5.9 Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	46
3.5.10 Kvantoren <i>noko</i>	46
3.5.11 Vokalkvaliteten <i>a/e</i> i pronomenet/determinativen <i>det</i>	46
3.6 Informantskjema og språklege registreringsvedlegg	47

3.7 Innsamling av kulturelle bakgrunnsdata	47
3.7.1 Halvstrukturerte livsverdintervju.....	47
3.7.2 Intervjusituasjon	48
3.7.3 Transkripsjon av intervju.....	49
3.7.4 Feltilnærming og intervjugaid.....	49
3.7.5 Kvantitativ handsaming av kulturelle bakgrunnsdata	50
3.7.6 Dei einskilte felta og tilleggsregistreringane i intervjugaiden.....	51
3.8 Kvalitative informantportrett	54
3.9 Foreldra sitt talemål	54
3.10 Frå metode til presentasjon	54
4 PRESENTASJON AV FUNNA.....	55
4.1 Innleiing	55
4.2 Presentasjon av språklege funn.....	55
4.2.1 Samla presentasjon	55
4.2.2 Samanlikning av realiseringane av dei ulike språklege variablane	56
4.3 Kvar enkelt variabel.....	58
4.3.1 Personleg pronomen 1. person singularis, <i>eg</i>	58
4.3.2 Kvantoren <i>noko</i>	58
4.3.3 Spørjeord med <i>kv</i> i framlyd.....	59
4.3.4 Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	59
4.3.5 Substantiv, fem. og mask, pluralmorfem i ubunden form	59
4.3.6 Setningsmelodi, høgtone/lågtone	60
4.3.7 Vokalkvaliteten <i>a/e</i> i pronomenet/determ. <i>det</i> i framskoten posisjon	60
4.3.8 Infinitiv, endingsvokal.....	61
4.3.9 Personleg pronomen 1. person pluralis, <i>vi</i>	61
4.3.10 Diftongen <i>ao</i>	62
4.3.11 Differensiasjon av <i>rn</i> til <i>dn</i> og segmentasjon av <i>ll</i> til <i>dl</i>	62
4.4 Presentasjon av informantane si deltaking i dei kulturelle felta	63
4.5 Relasjonen mellom språklege og kulturelle data	65
4.5.1 Relasjonen mellom språklege data og dei samla kulturelle funna	65
4.6 Informantane og foreldra deira sitt talemål.....	67
4.7 Informantportrett.....	70
4.7.1 Bjørn	71
4.7.2 Rune	73
4.7.3 Hans.....	74
4.7.4 Øyvind.....	76
4.7.5 Vidar.....	77
4.7.6 Magne	79
4.7.7 Hilde.....	81
4.7.8 Sigurd.....	82
4.7.9 Frøydis.....	84
4.7.10 Terje.....	85
4.7.11 Lisa	87
4.7.12 Morten.....	88
4.7.13 Stein.....	89
4.7.14 Guro	90
4.7.15 Eirik	92
4.7.16 Ragnar	94
4.7.17 Bjarte.....	95
4.7.18 Kari.....	96
4.7.19 Silje	97
4.8 Samandrag av informantportretta og livsverdintervju	99
4.8.1 Den intersubjektive livsverda	99
4.8.2 Frå presentasjon til drøfting	100
5 ANALYSE OG DRØFTING	101
5.1 Innleiing	101
5.2 Tendensar og mønster i språkundersøkinga.....	101
5.2.1 Talemålssituasjonen i populasjonen i Aurland	101
5.2.2 Variabelrekkja.....	102

5.2.3 Variabelanalyse	102
5.2.3.1 Personleg pronomen 1. person singularis, <i>eg</i>	102
5.2.3.2 Kvantoren <i>noko</i>	103
5.2.3.3 Spørjeord med <i>kv</i> i framlyd	103
5.2.3.4 Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	104
5.2.3.5 Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form.....	104
5.2.3.6 Setningsmelodi	105
5.2.3.7 Vokalkvaliteten <i>a/e</i> i pronomenet/determinativen <i>det</i>	106
5.2.3.8 Infinitiv, endingsvokal	106
5.2.3.9 Personleg pronomen 1. person pluralis, <i>vi</i>	107
5.2.3.10 Diftongen <i>ao</i>	107
5.2.3.11 Differensiasjon av <i>rn</i> til <i>dn</i> og segmentasjon av <i>ll</i> til <i>dl</i>	108
5.3 Relasjonane mellom talemålet og ekstralingvistiske faktorar	108
5.3.1 Relasjonen mellom talemålet og deltakinga i kulturelle felt.....	108
5.3.2 Kritisk vurdering av den metodiske tilnærminga i livsverdundersøkinga.....	109
5.3.3 Relasjonen mellom ungdomane sitt talemål og foreldra sitt talemål	110
5.3.4 Talemålsrealisering og språkleg og geografisk identitet	110
5.3.5 Språket som identitetshandling.....	112
5.3.6 Haldningar til talemål generelt og aurlandsdialekten spesielt	114
6 OPPSUMMERING	117
6.1 Resultatet i høve til problemstillinga.....	117
6.1.1 Talemål og livsverd målt gjennom deltaking i kulturelle felt	117
6.1.2 Talemål og språkleg foreldrebakgrunn	117
6.1.3 Talemål og eksplisitt uttrykt språkleg og geografisk identitet	118
6.2 Avslutningsvise refleksjonar om vidare forskning.....	118
SAMANDRAG	120
LITTERATURLISTE	122
Vedlegg 1–7, språklege realiseringar	126
Vedlegg 1: Språklege realiseringar, samla oversyn	126
Vedlegg 2: Realisering av spørjeord med <i>k</i> i framlyd	127
Vedlegg 3: Realisering av spørjeord med <i>v</i> i framlyd	128
Vedlegg 4: Realisering av av fem. og mask. substantiv i plur., ub.....	129
Vedlegg 5: Realisering av infinitivsformer	130
Vedlegg 6: Realisering av apokoperte infinitivsformer av <i>å vera</i>	131
Vedlegg 7: Realisering av dift. <i>ao</i> , og differens. og segm. former	132
Vedlegg 8–26, informantskjema	133
Vedlegg 8: Språkleg informantskjema, Bjarte	133
Vedlegg 9: Språkleg informantskjema, Bjørn	134
Vedlegg 10: Språkleg informantskjema, Eirik.....	135
Vedlegg 11: Språkleg informantskjema, Frøydis.....	136
Vedlegg 12: Språkleg informantskjema, Guro.....	137
Vedlegg 13: Språkleg informantskjema, Hans	138
Vedlegg 14: Språkleg informantskjema, Hilde	139
Vedlegg 15: Språkleg informantskjema, Kari	140
Vedlegg 16: Språkleg informantskjema, Lisa	141
Vedlegg 17: Språkleg informantskjema, Magne.....	142
Vedlegg 18: Språkleg informantskjema, Morten	143
Vedlegg 19: Språkleg informantskjema, Ragnar	144
Vedlegg 20: Språkleg informantskjema, Rune	145
Vedlegg 21: Språkleg informantskjema, Sigurd	146
Vedlegg 22: Språkleg informantskjema, Silje.....	147
Vedlegg 23: Språkleg informantskjema, Stein	148
Vedlegg 24: Språkleg informantskjema, Terje	149
Vedlegg 25: Språkleg informantskjema, Vidar	150
Vedlegg 26: Språkleg informantskjema, Øyvind	151
Andre vedlegg	152

Vedlegg 27: Intervjugaid.....	152
Vedlegg 28: Brev til elevar i 10. klasse på ABU	154
Vedlegg 29: Løyve frå NSD	155
Vedlegg 30: Teikneoppgåve	156

Figurliste

Figur 1: Prosentvis fordeling av variantar på variabelnivå.....	55
Figur 2: Realiseringar av lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk.....	56
Figur 3: Språklege realiseringar på informantnivå.....	57
Figur 4: Informantane grupperte i tre ulike talemålskategoriar	58
Figur 5: Personleg pronomen 1. person singularis, <i>eg</i>	58
Figur 6: Kvantoren <i>noko</i>	58
Figur 7: Spørjeord med <i>kv</i> i framlyd.....	59
Figur 8: Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	59
Figur 9: Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form	59
Figur 10: Setningsmelodi.....	60
Figur 11: Vokalkvaliteten <i>a/e</i> i pronomenet/determ. <i>det</i> i framskoten posisjon.....	60
Figur 12: Infinitiv, endingsvokal	61
Figur 13: Personleg pronomen 1. person pluralis, <i>me</i>	61
Figur 14: Diftongen <i>ao</i>	62
Figur 15: Differensiasjon av <i>rn</i> til <i>dn</i> og segmentasjon av <i>ll</i> til <i>dl</i>	62
Figur 16: Deltaking i kulturelle felt og tilleggsregistrering	63
Figur 17: Lokalforankra/ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar	64
Figur 18: Lokalforankra handlingar/haldningar i kulturelle felt, diagram	65
Figur 19: Lokaltilknytte språkleg realisering og lokalforankra deltaking i prosent	66
Figur 20: Lokaltilknytte språklege realiseringar og lokalforankra deltaking, diagram.....	67
Figur 21: Talemålet til informantane og foreldra deira.....	68
Figur 22: Informantane sorterte etter foreldra sine talemål, diagram.....	69
Figur 23: Realiserte lokaltilknytte variantar hjå 15 informantar, gruppering.....	69
Figur 24: Seks informantar som har éin forelder med austlandsdialekt, diagram	70
Figur 25: Tre informantar som har éin forelder med trøndelagsdialekt, diagram	70
Figur 26: Språkleg og kulturell identitet hjå seks informantar	111
Figur 27: Språkleg og kulturell identitet hjå tre informantar	111

1 INNLEIING

1.2 Kort presentasjon av avhandlinga

Denne masteravhandlinga er ein studie av talemålet til ein *ungdomspopulasjon* i Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Målet med studien er å utforska relasjonen mellom ungdomane sitt *talemål* og korleis dei konstituerer *livsverda* si. Eg har teke utgangspunkt i Gunnstein Akselberg sin påstand: ”Eg meiner at menneska sin måte å konstituera livsverda si på òg styrer deira bruk av språket” (Akselberg 1995). Populasjonen som eg har undersøkt, er dei elevane som gjekk i 10. klasse ved Aurland barne- og ungdomsskule vinteren 2005/2006 og som var busette i Vangen krins, sentrumskrinsen i kommunen. Under pkt. 3.2.2 forklarar eg nærare korleis eg definerer omgrepet *populasjon*. Det empiriske materialet består av to delar; ein *språkleg del* der eg undersøker ungdomane sitt talemål og ei *kulturell bakgrunnsundersøking* der eg prøver å få innsyn i korleis ungdomane konstituerer livsverda si. Eg har òg registrert foreldra sitt talemål som ein del av bakgrunnsundersøkinga. Under pkt. 1.4 forklarar eg kort omgrepet *livsverd*, og under pkt. 2.4 gjer eg greie for noko av det teoretiske rammeverket rundt dette omgrepet.

1.2 Motivasjon

I 25 år har eg som vaksen budd og arbeidd i Aurland. Der har eg delteke både i sosiale og kulturelle samanhengar, ofte i lag med barn og ungdom. I løpet av desse åra har eg merka meg mangfaldet og variasjonen i talemåla som blir brukte i Aurland. Det er ikkje gjort noko vitskapleg gransking av talemålsituasjonen i Aurland dei siste tretti åra, men eg har erfart det sosiale samfunnet i Aurland som heterogent språkleg sett, sjølv om den lokale tradisjonelle dialekten dominerer. Ulike varietetar lever side om side, møtest og fungerer effektivt i kommunikasjonen mellom folk. Barna som veks opp saman, samhandlar sosialt mellom anna ved språkleg interaksjon. Dei vert heile tida eksponerte for ulike talemålsvarietetar, og har tilsynelatande fleire val både på fonologisk, morfologisk, leksikalsk og prosodisk nivå når dei sjølv skal produsera tale.

I utgangspunktet bygde kunnskapen min om talemålet i Aurland på tilfeldig og usystematisk observasjon. Eg har observert talemålet til ungdomane i populasjonen frå dei var småbarn og merka meg at det har endra seg gjennom oppveksten. Dei har ulik språkpraksis i høve til den tradisjonelle lokale varieteteten, og det ser ikkje ut til at det er berre foreldra sitt talemål som er avgjerande for korleis dei snakkar. Motivet for masterprosjektet er difor å

granska vitskapleg korleis ei gruppe ungdomar i Aurland snakkar og freista å forstå og forklara kvifor dei snakkar slik dei faktisk gjer.

1.3 Perspektiv og metode

Sosiolingvistikk kan definerast som ”*the study of language in relation to society*” (Hudson 1996:1). Studieobjektet er altså språket som sosialt fenomen i samfunnet. Grovt skissert kan forskaren ha eitt av to perspektiv. Ho/han kan enten sjå på *språket som sosialt fenomen som må studerast med utgangspunkt i språksamfunnet* slik som t.d. William Labov og Lesley Milroy har gjort, eller ho/han kan meina som Richard A. Hudson at *språket som sosialt fenomen må studerast med utgangspunkt i språkbrukaren* (Hernes 2005:145–146). I denne masteravhandlinga har eg gjort som Hudson, eg har teke utgangspunkt i individet som språkbrukar. Eg studerer ikkje talemålssituasjonen i Aurland i eit variasjons- eller endringsperspektiv i høve til aurlandsdialekten. Studieobjektet er talemålet som individa i populasjonen realiserer i interaksjon. Språkbruken deira har eg kartlagt gjennom transkriberte lydopptak av samtalar som ungdomane parvis hadde seg i mellom. Målet er å presentera talemålssituasjonen blant ungdom i Aurland og å utforska relasjonen mellom talemålet til individa i populasjonen og korleis dei opplever og tolkar *livsverda* eller *kvardagsverda* si (jf. pkt. 1.4. *Problemstilling*). Eg nyttar ikkje sosial klasse eller nettverk som sosial parameter. Ungdomane si livsverd har eg undersøkt ved å gjennomføra kvalitative livsverdintervju med kvar einskilt av dei. *Livsverd* er eit komplekst omgrep. Kort forklart er eit menneske si livsverd eit uttrykk for korleis det, medvite eller umedvite, forstår omverda. Individet lever i ei intersubjektiv verd som vert ”konstituert gjennom samspel og gjensidig korrektur mellom dei individa som lever i henne” (Akselberg 1995:68). Livsverda vert såleis skapt ved kommunikasjon. Sjå pkt.3.7.5.

I studien kombinerer eg kvantitativ og kvalitativ metode, og eg har ei hermeneutisk tilnærming til det informantane fortel om livsverda si i intervju. Eg legg vekt både på mine egne observasjonar og informantane sine røynsler og oppfatningar av språket og den sosiale røyndomen.

1.4 Problemstilling

Problemstillinga mi er å undersøkje *relasjonen* mellom ungdomane sitt talemål og korleis dei konstituerer livsverda si. Med relasjon meiner eg *samanheng* av kvalitativ og kvantitativ art.

Hovudproblemstillinga for avhandlinga er:

- I kva grad er det samanfall mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å konstituera ei lokalt orientert livsverd hjå ungdomane?

I det språklege datamaterialet har eg undersøkt realiseringane av utvalde språklege variablar. Eg har gruppert desse variantane i to kategoriar; a) *lokaltilknytte språklege variantar* og b) *ikkje-lokaltilknytte språklege variantar*. Gjennom informantintervjua freistar eg å få innblikk i relevante delar av den intersubjektive verda til ungdomane og å få fram i kva grad denne verda er lokalt orientert. Frå denne bakgrunnsundersøkinga har eg analysert handlingar og haldningar som ungdomane rapporterer om og trekt ut nokre *representative* handlingar/haldningar (jf. pkt. 3.7). Desse har eg delt inn i følgjande to kategoriar; a) *lokalforankra handlingar/haldningar* og b) *ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar*. Eg undersøker først om det er nokon kvantitativ samanheng mellom a) *realisering av lokaltilknytte språklege variantar og lokaltilknytte handlingar/haldningar* og b) *realisering av ikkje-lokaltilknytte variantar og ikkje-lokaltilknytte handlingar/haldningar* hjå informantane. Deretter supplerer eg den kvantitative delen av undersøkinga med kvalitative data både frå språkundersøkinga og livsverdintervjua. Då får eg fram både den intraindividuelle språklege variasjonen og ei djupare framstilling av kvar einskilt si livsverd (jf. pkt. 4.7).

I tillegg vert to andre problemstillingar undersøkte og drøfta:

- Foreldra er vanlegvis den primære sosialseringsinstansen for eit barn. Fleire av ungdomane i undersøkinga har foreldre som ikkje realiserer eit lokaltilknytt talemål. I kva grad realiserer desse ungdomane sjølv lokaltilknytte talemålsvariantar?
- Er det nokon samanheng hjå ungdomane som er nemnde i punktet ovafor, mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet?

1.5 Strukturering av oppgåva

I kap. 2 *Teoretisk bakgrunn og tilnærming* gjer eg greie for ulike sosiolingvistiske teoriar som er relevante for undersøkinga og problemstillinga. Eg set òg undersøkinga inn ein fagleg samanheng ved å visa til ulike nyare sosiolingvistiske studiar. I pkt. 2.4 *Feltilnærming* gjer eg elles nærare greie for korleis eg operasjoniserer livsverdomgrepet. I kap. 3 *Metode og*

feltarbeid gjer eg greie for innsamlinga av kulturelle og språklege data og utvalet av språktrekka som eg har undersøkt hjå informantane. Der gjer eg òg greie for den metodiske tilnærminga eg har valt. Dei språklege og kulturelle funna og informantane sin språklege foreldrebakgrunn vert presenterte i kap. 4 *Presentasjon av funna*. Der portretterer eg òg kvar informant (jf. pkt. 4.7 *Informantportrett*). Eg analyserer, drøftar og tolkar dei kvantitative og kvalitative funna i kap. 5 *Analyse og drøfting*. I kap. 6 *Oppsummering* samlar eg trådane, peikar på undersøkinga sin overføringsverdi og reflekterer over vidare forskning.

Transkripsjonar av informantane sine parvise samtalar og intervjuar eg gjorde med kvar einskilt, er samla i eit eige hefte, *Grunnlagsmateriale*. Som vedlegg til sjølve avhandlinga er eit informantskjema for kvar av ungdomane som syner korleis dei realiserer dei ulike variablane (jf. vedlegg 8–26). Sjølv om materialet er anonymisert ved at namna på ungdomane er fiktive, inneheld dei transkriberte tekstane så mange personopplysningar at tekstane i *Grunnlagsmateriale* ikkje vert gjort tilgjengelege for ålmenta.

1.6 Om aurlandssamfunnet

Aurland er ein liten kommune inst inne i ein fjordarm av Sognefjorden søraust i Sogn og Fjordane. Geografisk sett ligg kommunen relativt isolert til mellom høge fjell med grense både til kommunar i Hordaland og Buskerud. I 1860-åra fekk delar av kommunen vegsamband til Voss då vegen frå Gudvangen opp Stalheimskleivi til Vossestrand blei bygd. I 1940 var Flåmsbana, ei sidebane til Bergensbana, ferdig etter 20 års anleggsarbeid. Likevel har ikkje Aurland vore ei avstengd bygd i eldre tider. Gjennom kommunen går gamle ferdselsvegar mellom Sogn, Hallingdal, Hardanger og Voss, og fjorden har i hundrevis av år vore ferdselsåra mellom kommunen og resten av Sogn og kystdistrikta.

I 1969 begynte ei omfattande vasskraftutbygging i kommunen med ein anleggsperiode på nesten 15 år. Då skjedde det ei radikal endring i kommunikasjonsmønsteret med omverda. Nye vegar blei bygde, og anleggsarbeidarar og andre fagfolk frå heile landet, med og utan familiar, kom flyttande til kommunen. Nokre av dei etablerte seg og busette seg for godt i kommunen. Folketalet steig med 13% på fire år frå 2053 innb. i 1969 til 2322 innb. i 1973 (<http://www.ssb.no/emner/02/01/folketellinger/>). Innflyttarar har elles komme til kommunen i mindre målestokk i samband med bygging av Flåmsbana, arbeid i turistnæringa og i offentleg sektor og ved Sogn jord- og hagebruksskule. Dei siste tjue åra har folketalet minka jamt, og i dag bur det vel 1700 menneske i kommunen. Aurland kommune er no den største arbeidsgjevaren. Kommuneøkonomien er god, og ein har godt utbygde fellesgode som helsestell, kulturtilbod, grunnskule og barnehage.

Tidlegare var jordbruk og skoproduksjon hovudnæringsvegen i kommunen. Sommarturisme har òg vore næring i kommunen i over hundre år. Fjell og fiske var dei første attraksjonane. Jordbruket er i dag ei relativt lita næring, men fjellet er framleis ein viktig ressurs. Den stadig aukande turismen er tufta på lokale jordbruks-, utmarks- og landskapsressursar, og det blir stadig stilt nye spørsmål lokalt om korleis desse ressursane best kan forvaltast. I fjellområda blir det lagt til rette for jakt, fiske, rekreasjon og beiting for husdyr i tillegg til turisme. Flåmsbana er no den mest besøkte attraksjonen med ein halv million reisande kvart år. Dei bufaste i Aurland budde tidlegare spreidde i grender ved Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden og ikkje minst på høgdegardar i dei mange dalsidene. I dag bur dei fleste i området ved Aurlandsvangen eller i ei av dei mindre grendene i Flåm, Undredal, Vassbygdi eller Gudvangen.

Eg vil trekkja fram fire karakteristiske trekk ved aurlandssamfunnet. Det første er den relativt lange avstanden til andre nabobygder, tettstader og byar. Historisk sett har det vore tidkrevjande å reisa ut av kommunen. Dette har endra seg dei siste femten åra etter kvart som tunnelar har plassert Aurland sentralt langs stamvegen mellom Oslo og Bergen. Næraste tettstad blei Lærdal, ein halv times veg unna, etter at verdas lengste vegtunnel blei opna i 2000. Kommunikasjonen med resten av fylket blei då vesentleg betre. Mot vest blei reisevegen til Voss ferjefri ved vegutløysing for 15 år sidan og ligg no berre vel ein times køyring frå kommunesenteret, Aurlandsvangen. Likevel skjer den daglege yrkesmessige, sosiale og kulturelle deltakinga til folk framleis helst innan eigen kommune, sjølv om kontakten med Lærdal har auka i desse samanhengane etter at tunnelen blei ferdig.

I tillegg til at aurlandssamfunnet geografisk sett er relativt avgrensa frå andre bygder og tettstader, er det for det andre lite. Det er få innbyggjarar i kommunen. Slike samfunn er ofte kjenneteikna ved at nettverka mellom folk er multiplekse og har stor tettleik. Innbyggjarane har fleire ulike roller i høve til kvarandre når dei samhandlar i det daglege.

Eit tredje karakteristisk trekk ved aurlandssamfunnet er vasskraftutbygginga. Den førte til ei omfattande tilflytting av folk og blei starten på ei modernisering av kommunen for om lag tretti år sidan (Selvik 1977). Omfanget kan ikkje samanliknast med industrialiseringa i t.d. Høyanger, Odda eller Årdal, men det skjedde likevel ei stor samfunnsmessig endring i Aurland i løpet av utbyggingsperioden. Det er ikkje gjort noko vitskapleg gransking av talemålsutviklinga i Aurland slik som t.d. i Høyanger (Omdal 1977, Trudgill 1986, Solheim 2006), Odda (Sandve 1976) og Årdal (Bjørkum 1974), men ein lyt rekna med at den store tilflyttinga har påverka talemålet også i Aurland.

Det siste trekket eg vil nemna, er det lokale kollektive medvitet om heimstadnaturen som ein rikdom. Store delar av naturen i Aurland ligg under statleg vern, og i 2006 kom landskapet i Nærøyfjorden òg på UNESCO si verdsarvliste. Striden om fossefalla frå 1960-talet har no gått over til å bli ein kamp for å få forvalta landskapsressursane lokalt. Dei siste 20 åra har det vorte diskutert, utgreidd og sett i verk både lokal forvaltning og næringsverksemd tufta på desse ressursane. Mange av barna som veks opp i Aurland i dag har foreldre som er engasjerte i dette enten gjennom arbeid, politisk verksemd eller av interesse. Grunnskulen har òg heile tida vore engasjert i denne debatten, og elevane deltek kvart år i praktisk verksemd i kultur- og fjellandskapet. Det er i samfunnet eg kort har skissert her, at informantane i studien min har vakse opp, og det er i dette fysiske og mentale landskapet dei konstituerer kvardagsverda si. I det same samfunnet konstituerer òg eg mi eiga livsverd som forskar i denne undersøkinga.

1.7 Tidlegare studiar av talemålet i Aurland og Sogn

Det er ikkje gjort noko sociolingvistisk undersøking av talemålet i Aurland tidlegare som eg kjenner til. Det er derimot gjort fleire dialektologiske granskingar av aurlandsdialekten. I 1926 gav språkgranskaren Amund B. Larsen ut *Sognemålene* (1926). Hovuddelen av dette verket er ei synoptisk eksempelsamling av lyd- og formverket i talemåla i bygdene i Sogn. Talemålet i Aurland har sin plass i denne samlinga. Larsen reiste på granskingsferder for å studera målføra i heile landet. Han var effektiv og tok kontakt med rekruttar i militærleirar som han samtalte med og fekk opplysningar av. Larsen nytta difor få informantar frå kvar stad, og han oppsøkte ikkje alle samfunna som han kartla dialektologisk. Sjølv om han gjorde greie for språklege skilnader knytte til sosiale faktorar i skildringane sine av bymåla, studerte han hovudsakleg talemåla i eit diakront perspektiv utan å ta omsyn til den synkrone variasjonen.

George T. Flom (1871–1959) var lingvist og professor i skandinaviske språk og litteratur ved University of Illinois. Han var tredjegerasjonsinnvandrar frå Aurland i USA. Besteforeldra emigrerte, som dei første frå Aurland prestegjeld, i 1844 (opplysningar i e-post frå professor Svein Indrelid 27.09.07). Flom gav ut ei lang rekkje bøker og artiklar om språk og emigrasjon, mellom anna fleire publikasjonar om talemålet og stadnamna i Aurland (1915, 1944). Rolf Breisnes si hovudfagsoppgåve frå 1975 er ei omfattande dialektologisk framstilling av talemålet i Aurland med særleg vekt på formverk og ordbruk (1975). Breisnes gjorde oppteikningar ut frå samtalar og lydbandopptak med eldre innfødde aurlendingar i alle grendene i kommunen tidleg på 1970-talet. Han syner lokale språklege ulikskapar mellom

grendene og samanliknar aurlandsmålet med talemåla i grannedistrikta. Breisnes har sjølv vakse opp i Aurland.

Elles i Sogn har Andreas Bjørkum granska årdalsmålet og generasjonsskilnadene i indresognsmålet (1968, 1974). Ragnhild Haugen gjorde ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Sogndal på 1990-talet (1997), og ho har seinare granska språket og språkhaldningane hjå ungdomar på same staden i ein dr.art.-studie (2004). I Ytre Sogn har Randi Solheim studert sosiolingvistiske utviklingsliner i industrisamfunnet Høyanger (2006). Dette er òg ein dr.art.-studie. Sjølv om eg har ei anna metodisk tilnærming enn desse studiane, har dei gitt meg verdfull kunnskap både om talemåla generelt og talemål i kontekst spesielt.

2 TEORETISK BAKGRUNN OG TILNÆRMING

2.1 Innleiing

Kjernen i all sosiolingvistisk gransking er at det finst eit korrelasjonstilhøve mellom språklege variablar av ulik art, t.d. fonologiske, morfologiske og syntaktiske storleikar, og sosiale faktorar på ulike nivå, t.d. sosiale makro- og mikrostorleikar (Akselberg 1995:25).

Sosiolingvistar har nærma seg dette korrelasjonstilhøvet frå ulik synsstad og har nytta ulike forskingsmetodar for å granska relasjonen mellom språklege variablar og sosiale faktorar. Føremålet med dette kapitlet er å greia ut om ulike sosiolingvistiske tilnærmingar og metodar som er relevante for studien eg har gjort.

2.2 Sosiolingvistisk tradisjon

Grunnleggjaren av den vitskaplege sosiolingvistikken, William Labov, granska først og fremst tilhøva mellom språkbruk og statiske sosiale makrostorleikar. Det labovske paradigmet har prega sosiolingvistisk forskning frå 1960-talet fram til i dag. Sosiolingvistikken blei etablert innafor ein positivistisk-empirisk forskningstradisjon, og både det teoretiske grunnlaget og analysepraksisen er blitt henta frå ein anglo-amerikansk sosiologisk fagtradisjon der kvantitative metodar har vore dominerande. Det har vorte lagt stor vekt på observasjons- og analysemetodar som kan dokumentera kvantifiserbare korrespondansar mellom det språklege uttrykket og sosiale einingar som kan definerast objektivt. Desse einingane har ofte vore sosioøkonomiske klassar, yrkeskategoriar, generasjonsgrupperingar eller kjønn (Mæhlum 1992:91–92). Frå 70-talet og framover supplerer Lesley Milroy (1987) den labovske variasjonslingvistikken ved å knyta den til sosiale nettverksteoriar. Desse teoriane tek ikkje utgangspunkt i at samfunnet er sett saman av eit hierarki av sosiale klassar. I staden opererer dei med eit språksamfunnskonsept på mesonivå og studerer korleis individa går inn i dynamiske samspel med andre personar i ulike nettverk. Milroy meiner at ein betre kan forklara språkleg handling og variasjon ved hjelp av ein nettverksmodell enn ved den såkalla taksonomiske klassemodellen (Akselberg 1995:50). Eg kjem tilbake til både Labov og Milroy sitt arbeid under pkt. 2.3 der eg diskuterer omgrepet *språksamfunn*.

Etter kvart har sosiolingvistisk forskning vorte meir individorientert, og forskarane har i større grad nytta kvalitative metodar, ofte kombinert med kvantifisering og generalisering. Mæhlum har, til liks med Milroy, stilt spørsmål ved om 'den labovske' dokumentasjonen av korrelasjonen mellom språkbruk og førehandsetablert sosial klassifisering gir oss noko reell

forståing av kva for prosessar og mekanismar i den menneskelege samhandlinga som kan ha skapt denne samvariasjonen mellom språkbruk og sosial tilhøyrse (Mæhlum 1992:93–94). Mæhlum sin studie på slutten av 80-talet av barn og ungdom på Svalbard sine språklege strategiar er eit individorientert, kvalitativt forskingsarbeid. Dette arbeidet er eit døme på *interaksjonell sosiolingvistik*, ei forskning som har ein språkbrukar sine talemålshandlingar i høve til andre sine talemålshandlingar som hovudtema (Akselberg 2003b:160). Gjennom ein kvalitativ studie av få utvalde informantar ønskjer Mæhlum å *forstå* meir enn å *forklara* dei sosiale og lingvistiske mekanismane som er operative i svalbardsamfunnet (Mæhlum 1992).

Dei siste åra er det gjort fleire studiar av språkending og nivellering blant ungdom i norske tettstader. To av desse er Unn Røynealand sin dr.art.-studie, *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset* (2005), og Reidunn Hernes sin dr.art.-studie, *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os (Hordaland)* (2006). Røynealand sitt siktemål er å finna ut kvifor enkeltindivid og grupper av individ orienterer seg som dei gjer i det språklege og sosiale mangfaldet på heimstaden. Hovudperspektivet hennar er dialektnivellering. Ho legg primært vekt på forklaringsmodellar som ser dialektnivellering i høve til språkeksterne faktorar, slik som sosiokulturelle, demografiske og psykologiske tilhøve (Røynealand 2005:5). Mitt perspektiv er ikkje dialektnivellering av aurlandsdialekten. Røynealand sitt arbeid er likevel relevant for studien eg har gjort mellom anna fordi ho har undersøkt realiseringa av nokre av dei same språklege variablane som eg har gjort i Aurland.

Hernes sitt siktemål er både å undersøkje dei individuelle talemålsendingane i informantgruppa i undersøkingsperioden og samstundes studera språkendingprosessen som fenomen (2006:15). Ho har òg eit meir overordna mål:

[...] å koma fram til ei forståing av det sosiale rommet som språkendingprosessen går føre seg i. Eg vil utvikla ein språksamfunnsmodell som har plass både til dei individuelle aktørane og dei kollektive strukturane, og som har språkending som sentral dimensjon (Hernes 2006:16).

Eg har, som tidlegare nemnt, ikkje språkending som problemstilling i studien min, men Hernes sin diskusjon av språksamfunnsomgrepet og språksamfunnsmodellen hennar er likevel relevant i høve til diskusjonen av språksamfunnsomgrepet nedafor (Hernes 2006:71–72).

2.3 Språksamfunn

Den individuelle språkbrukaren uttrykkjer sosial meining gjennom språkleg åtferd, men for å kunna tolka og forstå kva for sosial meining språkleg variasjon og endring hjå språkbrukaren har, må ein forstå individuell åtferd i sosial kontekst (Hernes 2006:71).

Den sosiale konteksten der den språklege individuelle åtferda skjer, vert kalla *språksamfunn* i sosiolingvistisk litteratur. Det er likevel eit problematisk omgrep å bruka fordi forskarane ikkje er samde om ein bestemt definisjon. Både storleiken på populasjonen som har blitt undersøkt og rammene for informantutvalet som skal representera denne populasjonen, har blitt bestemt av korleis ein har definert omgrepet *språksamfunn* (Hernes 2006:53). Labov meiner at språksamfunnet er ein objektiv storleik som kan avgrensast fordi medlemmane i same språksamfunnet har felles kunnskapar og haldningar til dei språklege variantane som er tilgjengelege, ”the participation in a set of shared norms” (Labov 1972:120):

The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as participation in a set of shared norms, these norms may be observed in overt types of evaluative behavior and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage (Labov 1972:120).

Labov tek altså utgangspunkt i *kollektivet* når han definerer språksamfunnsomgrepet. Han meiner at individa syner kor dei er plasserte i den sosiale strukturen i språksamfunnet gjennom dei språklege realiseringane sine (Labov 1972:120f). Han opererer med ein strukturalistisk klassemodell og klassifiserer informantane han undersøker til sosiale grupper etter ein sosioøkonomisk indeks (Akselberg 1995:64). Richard Hudson er kritisk til denne tilnærminga, og tek i staden utgangspunkt i individet som subjekt som ”uttrykkjer sosial meining gjennom subjektivt funderte språklege val” (Hernes 2005:165):

If we take the position that speech communities should have some kind of psychological reality for their members [...], then it follows that we must identify different speech communities in the same population according to the person whose viewpoint we are taking (Hudson 2004:27).

Hudson meiner det er avgjerande at språksamfunnet må eksistera som ein psykologisk realitet for medlemmane. Han stiller vidare spørsmål ved om omgrepet språksamfunn i det heile er ein tenleg kategori:

More seriously still, it is doubtful whether the notion 'speech community' is helpful at all. The term may in fact mislead us by implying the existence of 'real' communities 'out there' which we could discover if only we knew how (Hudson 2004:28).

Hudson grunngir det slik (Mine frie omsetjingar står i parentes.):

1. "Mismatch between subjective and objective reality." ("Det er misforhold mellom subjektiv og objektiv røynd.")
2. "Evidence against community grammars." ("Medlemene i språksamfunnet har ikkje lik språkpraksis og er ulike m.o.t. kva dei veit og tenkjer om språket.")
3. "Evidence for networks." ("Sosiale nettverk betyr mykje for eit menneske sin språklege praksis. Nettverk kan ikkje avgrensast.")
4. "Small size of the most important communities." ("Dei viktigaste sosiale fellesskapa er ofte små.")

For Lesley Milroy er òg språksamfunnsomgrepet sentralt når ho nyttar sosialantropologisk nettverksteori for å forklara relasjonen mellom språk og sosial kontekst. Jamfør studiane hennar i Belfast på 1970-talet (Milroy 1987) der ho legg vekt på individa sine sosiale nettverk og studerer kva følgjer nettverkseigenskapane har for individet sitt talemål. Milroy studerer først og fremst relasjonane mellom nettverksstrukturane og nettverksfunksjonane på den eine sida og språket på den andre. Ho siterer Dell Hymes når ho definerer termen *community*:

I [...] acknowledge the difficulty of the notion of community itself. Social scientists are far from agreed as to its use. For our purpose it appears most useful to reserve the notion of community for local unit, characterised for its members by common locality and primary interaction (Hymes 1974:51).

Milroy har eit grupperelatert individfokus når ho karakteriserer språksamfunnet ved "common locality" og "primary interaction". Ho syner i studien sin at tette og multiplekse nettverk fungerer som kontroll- og korrigeringsinstansar i høve til talemålet. Milroy har ei strukturalistisk forståing av språksamfunnsomgrepet, men medan Labov opererer med opposisjonelle makrostorleikar, opererer ho med ein nettverksmodell på mesonivå.

Eg meiner at korkje Labov eller Milroy sine språksamfunnsmodellar fullgodt avdekkjer det vesentlege i relasjonen mellom språket og dei sosiale tilhøva blant språkbrukarane. Likevel nyttar eg omgrepet språksamfunn sjølv om eg avgrensar det annleis enn både Labov og Milroy. Eg brukar omgrepet synonymt med *kommunikasjonsfellesskap*. Eg legg vekt på "common locality" og "primary interaction" når eg definerer barna som veks opp i Vangen krins i Aurland som medlemar av eit og same *kommunikasjonsfellesskap* eller *språksamfunn* på Aurland barne- og ungdomsskule gjennom heile grunnskuletida. Der kommuniserer dei i leik og læring, og i dette kommunikasjonsfellesskapet konstituerer dei

livsverda si til kvardags gjennom ti år. Dei som har lengst røynsle som deltakarar i dette språksamfunnet eller kommunikasjonsfellesskapet, er den eldste bufaste aldersgruppa, nemleg elevane i 10. klasse. Dette språksamfunnet kan likevel ikkje isolerast eller definerast som det einaste kommunikasjonsfellesskapet der ungdomane har konstituert kvardagsverda si i desse ti åra. Det er heller ikkje statisk. Nokre barn kjem til, og andre flyttar og går ut av fellesskapet i løpet av ein oppvekstperiode. Utafor skulen deltek dei same barna i ulike sosiale aktivitetar på fritida. Dei møter barn frå andre skulekrinsar, har familie, slekt og venner, også utafør Aurland. Då er dei deltakar i andre sosiale, kommunikative fellesskap som òg påverkar korleis dei konstituerer livsverda si. Ungdomane i populasjonen eg har undersøkt er såleis deltakarar i ulike språksamfunn, men det språklege materialet som denne studien byggjer på er realisert i eitt av dei, nemleg språksamfunnet ved Aurland barne- og ungdomsskule.

Hernes meiner at det ikkje er særleg fruktbart å leita etter ein fast definisjon av omgrepet språksamfunn fordi ein slik definisjon alltid lyt tilpassast dei problemstillingane han skal brukast til å kasta lys over (Hernes 2005:164–165). Eg ser det òg slik.

2.4 Feltilnærming

Den fenomenologiske tilnærminga mi byggjer på fenomenologisk vitenskap og metode. Fenomenologien blei grunnlagt av Edmund Husserl på byrjinga av 1900-talet. Filosofen Hans Skjervheim forklarar fenomenologien mellom anna slik:

Fenomenologien handlar ikkje om gjenstandar i den verkelege verda, men om korleis desse gjenstandane, korleis den verkelege verda konstituerar seg for medvitet. Slike gjenstandar er mellom anna den anorganiske naturen, men òg like mykje dei reelle psykiske forløpa (Skjervheim 1976:176).

Husserl er oppteken av *intensjonalitet*. Han meiner at all menneskeleg sjeleverksemd er karakterisert ved at ho er retta mot noko, at ho intenderer noko (Akselberg 1995:67). Det same skriv Berger og Luckmann: ”Consciousness is always intentional; it always intends or is directed towards objects” (Berger og Luckmann 1967:34). Denne intensjonaliteten meiner eg òg gjeld for språklege ytringar. I intervjuet med ungdomane stiller eg spørsmål og freistar å følgja opp utsegnene deira nettopp for å få fram intensjonaliteten bak språkbruken deira. Språket skil seg frå andre sosiale fenomen ved at det spelar ei fundamental rolle i all menneskeleg samhandling, og vi bruker det til å strukturera handlingane og røynsleane våre. Det kan difor diskuterast om det er meiningsfullt å sidestilla språket med andre sosiale fenomen slik eg gjer (jf. pkt. 2.5). Hernes meiner det kan vera tenleg å studera språket frå eit utal med innfallsvinklar, og at samfunnsvitenskaplege metodar er fruktbare når det er dei sosiale

aspekta ved språket vi er interesserte i å kasta lys over. Ho refererer mellom anna til Bourdieu som meiner at teoriane sine òg kunne kasta lys over eit språkleg materiale (Hernes 2005:156).

Berger og Luckmann studerer samfunnet både som subjektiv og objektiv realitet, og dei argumenterer for at individet og samfunnet påverkar kvarandre gjensidig. Kunnskap vert objektivert gjennom institusjonalisering og legetimering, og den blir subjektiv gjennom internalisering og etablering av identitet (Akselberg 1995:67). Forholdet mellom mennesket som produsent og den sosiale verda som produkt er altså dialektisk:

[...] the relationship between knowledge and its social base is a dialectical one, that is, knowledge is a social product *and* knowledge is a factor in social change (Berger og Luckmann 1967:104).

Dersom vi ser på språket som ein del av denne kunnskapen hjå eit menneske, vert det språklege uttrykket til eit individ eit resultat av ein dialektisk prosess mellom individet og samfunnet. Berger og Luckmann er vidare opptekne av *kvardagsverda* og *kvardagskunnskapen*. Kvardagsverda kan delast opp i nære og fjerne *soner* der dei nære sonene oftast har størst verdi for individet. Kvardagsverda er ei intersubjektiv verd som individet deler med andre. Dei nære sonene har størst verdi i denne kvardagsverda, som eg kartlegg for å kunna studera relasjonen mellom ungdomane si kvardagsverd og dei språklege realiseringane deira.

I doktorgradsarbeidet sitt, *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*, løyser Akselberg opp den makro- og mikroforståinga av ekstralingvistiske faktorar som Labov og Milroy opererer med (Akselberg 1995):

Eg meiner at både Labov og Milroy likevel manglar ein reiskap til å avgrensa betre dei determinantane som styrer både språkbruken generelt og språkleg endring og variasjon spesielt, sjølv om altså Milroy når lenger i sine studiar på dette området enn Labov. Skal vi koma lenger på dette feltet, meiner eg vi må få betre kunnskap om korleis einskildindividet og grupper av einskildindivid tolkar og forstår, medvite og umedvite, sin posisjon i den sosiale røyndomen, altså korleis dei konstituerer livsverda si (Akselberg 1995:67).

I tillegg til å problematisera det labov-milroyske paradigmet, supplerer han det med ei fenomenologisk tilnærming. Han legg, som Berger og Luckmann, vekt på individet si *kvardagsverd* eller *livsverd* og operasjoniserer denne som ein sosial variabel. Akselberg sitt doktorgradsarbeid er òg inspirert av og byggjer på sentrale delar av Bourdieu sin kultursosiologi (Akselberg 1995:156–157). Bourdieu sin kultursosiologi byggjer på prinsippet om at det finst *sosiale relasjonar* mellom aktørar i samfunnet, og han vil avdekkja og

karakterisera desse relasjonane. Då brukar han tre viktige nøkkelomgrep: *kapital, habitus og felt*. I det følgjande presenterer eg *feltomgrepet* som er sentralt i Bourdieu sine teoriar slik Akselberg forklarar det (1995). Det gjer eg fordi dette også er det teoretiske utgangspunktet for den metodiske tilnærminga mi. ”Fältbegreppet är en uppsättning verktyg som får mening genom att användas i undersökningar”, skriv Donald Broady (1989:40). Akselberg forklarar det slik: ”Ein sosial samanheng der ei avgrensa gruppe av menneske eller institusjonar strir om noko som for dei er felles, kallar Bourdieu eit sosialt felt” (1995:160). Akselberg kallar det eit *sosialt aktivitetsområde* eller eit *sosialt aktivitetsfelt* og definerer det som ”ein arena der heile bygdefolket kan ta del utan noko formelt krav om utdanningskapital eller krav om nokon større økonomisk kapital som inngangsbillett” (1995:165). Han modifierer Bourdieu sine feltkrav slik:

1. Alle felte skal i utgangspunktet vera *opne for alle heimelsmennene* i den forstand at det formelt sett ikkje skal krevjast noka form for utdanningskapital, og heller ikkje nokon større økonomisk kapital for å kunna delta i aktivitetsområdet.
2. Dei agentane som verkar innafor eitt og same felt, skal stri om noko som er felles, men denne *striden er mindre synleg* og verre å avgrensa enn dei i felte Bourdieu opererer med.
3. Dei agentane som verkar innafor eitt og same feltet, skal ha eit felles verdisystem, men verdisystemet er *mindre kodifisert* enn i felte til Bourdieu.
4. Feltet er eit system av relasjonar mellom posisjonar som er *meir personorientert og mindre hierarkisk* enn hjå Bourdieu (Akselberg 1995:164).

I staden for å kalla felte for sosiale felt, har eg kalla dei for *kulturelle felt* i undersøkinga mi for å syna at aktivitetsområda representerer ulike kulturelle aktivitetar. Feltkrava som Akselberg stiller har eg tilpassa og modifisert slik:

- Alle felte skal i utgangspunktet vera *opne for alle ungdomane* utan at det vert kravd nokon større økonomisk kapital for å kunna delta i aktivitetsområdet.
- Dei ungdomane som verkar innafor eitt og same felt, skal delta i ein felles aktivitet.
- Dei ungdomane som verkar innafor eitt og same felt, skal ha eit felles verdisystem som dei syner ved å visa ei felles interesse.
- Feltet kan vera eit system av relasjonar mellom personar, men det treng ikkje å vera det.

For Akselberg er det sentralt å undersøkje korleis skilnader i dei sosiale og kulturelle relasjonelle mønstera mellom menneska verkar inn på språket (Akselberg 1995:158). Det gjer

han ved å registrera informantane si deltaking i ulike sosiale felt. Det same har eg gjort i den kvantitative delen av undersøkinga mi. Den fenomenologiske tilnærminga mi og operasjonaliseringa mi av *kulturelle felt* presenterer eg i pkt. 3.7.4–3.7.6.

2.5 Identitet

2.5.1 Personleg og sosial identitet

Det er ein samanheng mellom individet si intersubjektive livsverd og individet sin identitet. *Identitet* vert gjerne rekna som ei individuell sjølvforståing og det biletet som individet har av seg sjølv (Fossåskaret 2000). Den veks fram i eit menneske gjennom samhandling med andre (Mead 1934). Kva identitet *er*, vert mykje diskutert både innan ulike fagfelt, i det offentlege rommet og i daglegtalet. Ulike fagområde har både ulik tilnærming til og ulik forståing av omgrepet. Tradisjonelt har skilnadene gått mellom ei *essensialistisk* og ei *konstruktivistisk* oppfatning av identiteten. I følgje ei essensialistisk identitetsoppfatning er identiteten konstituert som eit sett medfødde eigenskapar med ein genuin, permanent og homogen kjerne. Konstruktivistisk identitetsteori kan førast tilbake til G. H. Mead sine teoriar om sjølvet i *Mind, Self and Society* (1934). Sosiologane Peter Berger og Thomas Luckmann som eg har nemnt tidlegare seier:

The period during which the human organism develops towards its completion in interrelationship with its environment is also the period during which the human self is formed. The formation of the self, then, must also be understood in relation to both the ongoing organismic development and the social process in which the natural and the human environment are mediated through the significant others (Peter Berger og Thomas Luckmann 1967:67–68).

Sjølvet er altså eit sosialt produkt som vert forma gjennom ein dialektisk prosess mellom individet og samfunnet, og det kan berre forståast i høve til omgjevnadene, altså den sosiale konteksten det vert forma innafor. Vidare meiner Berger og Luckmann at røynda er ein sosial konstruksjon som stadig vert rekonstruert og reforhandla. Denne konstruksjonen oppfattar menneska sjølv som ein meningsfylt gitt storleik, ein *ordna realitet* utafør dei sjølv. Dei er ikkje medvitne om at det er ein konstruksjon. For å få ei adekvat forståing av denne realiteten er det difor naudsynt å utforska korleis røynda er konstruert (Høyland 2005:28). Dette konstruktivistiske synet på individet legg eg til grunn i studien min. Solheim tek til orde for at ein kan sameina det konstruktivistiske og det essensialistiske identitetsomgrepet. Individet har då visse *predisposisjonar* som vert *aktiverte* i sosiale samanhenger i staden for einast ein statisk kjerne. Då tek ein omsyn både til det variable og at individet let seg påverka av

omgjevnadene, samstundes held ein fast på at noko er stabilt og meir konstant (Solheim 2005:111–113).

2.5.2 Språk og identitet

I det dialektiske samspelet mellom individet og samfunnet står språket i ei særstilling. I tillegg til at vi brukar språket til å kategorisera og forstå verda, knyter vi oss til andre menneske gjennom språket. Språket er på same tid både eit identitetsuttrykk og ein identitetsskapar (Pedersen 2001). Gjennom det språkleg uttrykket kan vi fortelja kven vi ønskjer å vera. Talemålet representerer ein sosial praksis der eit individ syner kven ho/han ønskjer å identifisera seg med. Le Page og Tabouret-Keller meiner at all språkleg åtferd er individuelt motiverte identitetshandlingar der mennesket ved hjelp av språket syner tilhørsleforholda sine og korleis det søker etter sosiale roller. Dei seier det slik:

[...] the individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group or groups with which from time to time he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished (Le Page og Tabouret-Keller 1985:181).

Le Page og Tabouret-Keller meiner at dei lingvistiske vala språkbrukaren gjer er styrte av kva slags identitet ho/han ønskjer å ha i ulike situasjonar. For barn som veks opp, er språket nært knytt til ein *heimstad* ved at barnet i stor grad erfarer heimstaden sin gjennom eit lokalt talemål. Den heimstadidentifiseringa som individet sjølv uttrykkjer gjennom talemålsvarieteteten sin blir oppfatta av andre som responderer, og kan i neste omgang verka tilbake på sjølvoppfatninga hjå den einskilte (Solheim 2006:113). I masteravhandlinga si, *Ungdomar på Stord si oppfatning av seg sjølv og stordamålet i relasjon til haugesundarar og haugesundsmålet*, viser Randi Høyland til sosialantropologen Edvard Barth (1969). Høyland skriv:

Barth meiner at A definerer seg sjølv i høve til B, altså utifrå kva eller kven ein *ikkje* er i staden for kven ein kjenner seg *lik*. Å markera kven ein er, vert ikkje særleg interessant utan ein motsetnad som ein opplever å stå i kontrast til. Ulikskapar er ikkje objektive storleikar, men dei forskjellane som aktørane sjølve ser på som signifikante (Høyland 2005:31).

Føresetnaden for å utvikla eit medvit om kva som er vårt eige særpreg og kva som er andre sitt, er sosial kontakt og ikkje distanse, hevdar Barth. Til liks med Høyland meiner eg dette òg gjeld språket. Føresetnaden for å utvikla eit medvit om sin eigen varietet er å kjenna til varietetar som ein har *opplevd* å stå i kontrast til. I siste delen av informantintervjua blei informantane spurde om dei kunne fortelja om situasjonar der dei hadde fått reaksjonar på sitt

eige talemål eller sjølv hadde reagert på andre sin varietet. Eg vil undersøkje om ungdomane har eit medvit både om sin *eigen* språklege varietet, eksistensen av ein lokal varietet og tilhøva mellom dei to varietetane (Sjå utsegnene deira under pkt. 4.7 *Informantportrett*, og drøftinga i pkt. 5.3.2.). I den språklege delen av granskinga undersøker eg i kva grad ungdomane lingvistisk realiserer ein lokal/ikkje-lokal identitet. I dei kvalitative intervjuar stiller eg spørsmål for å få fram i kva grad dei uttrykkjer ein *ekstralingvistisk* lokalforankra eller ikkje-lokalforankra identitet. Eg undersøker altså i kva grad det er samsvar mellom det språklege lokale/ikkje-lokale identitetsuttrykket og det ekstralingvistiske lokale/ikkje-lokale identitetsuttrykket. Dei kvantitative funna vert presenterte under pkt. 4.5 og dei kvalitative funna under pkt. 4.7. Relasjonen mellom dei språklege og kulturelle funna vert drøfta i pkt. 5.3.

2.5.3 Stad og identitet

I språkundersøkinga vert informantane sine språklege realiseringar kategoriserte enten som lokaltilknytte variantar eller som ikkje-lokaltilknytte variantar (jf. pkt. 3.4.1). Tilsvarande i den kulturelle bakgrunnsundersøkinga vert handlingane/haldningane deira kategoriserte enten som lokalforankra handlingar/haldningar eller ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar (jf. pkt. 3.7.4). I dei nemnde samansetjingane refererer *lokal* heile tida til det same, nemleg heimstaden til informantane. Det gjeld òg for utrykka *lokalforankra identitet* og *ikkje-lokalforankra identitet*. I det følgjande viser eg til litteratur om omgrepa *stad* og *heimstad* og relaterer det til identitetsomgrepet.

Mennesket lever og uttrykkjer identiteten sin i eit fysisk rom. Sjølvforståinga skjer på ein stad og kan ha ulik orientering *mot* stader. For dei tidlegare dialektologane var ikkje stad og heimstad problematiske omgrep. Det dreidde seg i hovudsak om å avgrensa rommet geografisk ved hjelp av lingvistiske skiljeliner. I sosiolingvistisk tradisjon har ein ei meir konstruktivistisk og fenomenologisk basert forståing av kva ein stad er, og omgrepet er meir komplekst. Innan sosiolingvistikken er ein stad primært ein meningsfull kontekst for menneskeleg samhandling, og den må forståast som ein situasjonell og relasjonell storleik. Individet er med på å skapa staden både for seg sjølv og andre gjennom si oppleving av staden (Røyneland 2005:127–128, jf. Entrikin 1991). Då vert *staden*, og også *heimstaden*, etter mi meining ein individuell og subjektiv storleik som er sann og vesentleg for individet, og den rommar både kulturelle, sosiale og psykologiske komponentar i tillegg til dei fysiske og geografiske. Det er den *individuell opplevde* heimstaden som *er* heimstaden. Heimstaden er ein av dimensjonane ved identifikasjon. Den har ei identitetsbyggjande kraft og gir

individet ei kjensle av tilhøyrslse. Ein felles lokal identitet kan individa mellom anna markera ved å realisera dei same språklege variantane som dei andre som bur på staden. Dei kan òg eksplisitt kategorisera seg sjølve som t.d. aurlendingar, stordabuar eller rørosingar. Erik Fossåskaret diskuterer korleis og kvifor bygdesamfunna har ei svakare *felles* identitetsbyggjande kraft no enn tidlegare:

Det portrettet av norske bygder vi kan teikne med materiale frå 30 år attende, er ikkje tilstrekkeleg gyldig i dag. [...] Det skjer ei endring som er slik at folk har mindre å gjere med somme i grannelaget, og meir samhandling med enkelte utvalde i andre grannelag. Bygdene er i ferd med å bli mindre tette (Fossåskaret 200:37).

Erik Fossåskaret meiner samhandlinga om det lokale er vorte svekka i etterkrigstida i desse samfunna og at lokale møtestader og arenaer for samhandling forsvinn. *Sambygdingar* som tidlegare retta seg innover mot eit lokalt fellesskap er no vortne *innbyggjarar* som orienterer seg mot det globale (Fossåskaret 2000:44). Fossåskaret definerer ikkje omgrepet *global*. Global betyr verdsfemnande (Nynorskordboka 2006). I denne samanhengen oppfattar eg å vera globalt orientert som å vera meir mentalt orientert mot verda utafor det nære og lokalspesifikke (jf. pkt. 5.3.1). Ein kan ikkje utan vidare overføra Fossåskaret sitt syn til å gjelda barna i same grad som vaksne. Barn har mindre aksjonsradius enn vaksne, og dei sansar verda på eit anna vis. Anders Salomonsson uttrykkjer dette i sin definisjon av lokal identitet:

Med en lokal identitet menar jag då en knytning till det egna kvarteret, den egna byn eller trakten, det vil säga områden som är betydligt mindre än en region. For många tror jag dessutom att den lokala identiteten är synonym med begreppen hembygdskärlek eller hembygdskänsla. [...] den lokala identiteten är framför allt grundad i känslan av tillhörighet, där minnen av händelser, lukter, smaker och ljud spelar stor roll. [...] [D]ess styrka (och oåtkomlighet) bygger i hög grad på att den saknar verbalitet och i gängse mening kan vara både ologisk och irrationell (Salomonsson 1996:17).

Jf. Salomonsson vantar den lokale identiteten verbalitet, og den er først og fremst bygd på emosjonar og sanseopplevingar. Det peikar mot at lokal identitet og tilhøyrslse er noko som vi etablerer og internaliserer som barn. I informantportretta under pkt. 4.7 har eg transkribert og referert meiningar og kjensler som informantane uttrykkjer i høve til heimstaden.

2.5.4 Språkhaldningar og identitet

Haldningsomgrepet er eit komplekst omgrep å nytta som fagterm, og ”bak ueinsarta synsmåtar står til dels ulike teoretiske retningar” (Lunde 2005:7). Nedafor gjer eg greie for nokre sider ved det vitskaplege haldningsomgrepet som er relevante i høve til studien min. Eg

føreset då at språkhaldningar kan handsamast som andre typar haldingar (Cooper og Fishman 1974:7).

Haldningsforskinga tok til på slutten av 1800-talet, og omgrepet har vorte definert av mange både innafor behavioristisk psykologi og sosialpsykologien. Behaviorismen var ei positivistisk retning innom psykologien som knytte åtferd direkte til haldningsomgrepet. Ei haldning kunne einast observerast og kvantifiserast gjennom ei handling eller ein reaksjon på eit stimuli (Terry og Hogg 2000). Innafor sosialpsykologien skil ein mellom haldning og handling. Deprez og Yves (1987:125) definerer haldning som ”a predisposition to respond in a consistently favourable or unfavourable manner with respect to a given object”. Denne definisjonen impliserer at haldning er ein psykologisk, ikkje direkte målbar storleik som vert realisert av bestemte stimuli (Seim 2005:47). Definisjonen tek ikkje omsyn til at haldningane kan vera samansette av fleire komponentar og at dei kan ovra seg på ulike måtar. Ein annan sosialpsykologisk tradisjon ser på haldningar som samansette av tre komponentar. Denne trekomponentsmodellen blei utarbeidd og lagt fram av Milton J. Rosenberg og Carl Hovland (Rosenberg og Hovland 1960:3). Den *kognitive* komponenten vedrører røymsler med, kunnskapar om og tankar rundt haldninga sitt objekt, den *affektive* har med kjensler andsynes objektet å gjera og den *konative* har å gjera med handling og åtferd, eller intensjonen om eller anlegget for det (Lunde 2005:11).

Frå 1970-talet har haldningsstudiar vore ein etablert del av sosiolingvistisk forskning, men metodane som har vore nytta har vore prega av at det er sosialpsykologar som har forska mest på dette området (Seim 2005:45). Trekomponentsmodellen er ein metodisk modell som ikkje utan vidare kan operasjonaliserast i sosiolingvistisk forskning utan tilpassingar og modifikasjonar. I praksis kan det lett bli glidande overgangar mellom komponentane, og det kan reint empirisk vera vanskeleg å halda dei frå kvarandre. Haugen nyttar modellen i prosjektet sitt *Språk og språkhaldningar i bygdebyen Sogndal* (2004). Ho grunnir det med at ”det er meir ein styrke enn ein veikskap at ein også empirisk prøver å studera haldningar til fenomen ut frå ulike metodiske innfallsvinklar” (Haugen 2002:45).

Seim meiner det er problematisk at haldningar ofte blir definerte som konstante og at dei i haldningsundersøkingar vert dregne ut av sin naturlege kontekst og gjort til meir stabile enn dei eigenleg er (Seim 2005:47). Ei nyare retning, *sosialkonstruktivismen*, har utvikla ein annan framgangsmåte for å undersøkje haldningar. Dette er ei form for diskursanalyse som vert kalla diskurspsykologi. Sosialkonstruktivistar ser på haldningar som eit *sosialt fenomen* som vert danna ved *sosial samhandling* (Lunde 2005:13–14). Marit Merete Lunde klargjer skilnadene mellom sosialpsykologisk og sosialkonstruktivistisk synsmåtar slik:

[...] sosialpsykologane meiner haldningar finst, og at haldningar for dei kan eksistere på både grunt og djupare nivå i individa. Eg er uviss på om dei meiner at haldningar òg kan vere *mellomindividuelle*. Sosialkonstruktivistar, slik eg tolkar dei, ser derimot på den *eine* sida ut til å meine at haldningar finst, men berre som kulturskapte og situasjonsavhengige fenomen, og dermed *berre* som noko sosialt og altså mellommenneskeleg. På den *andre* sida tykkjest konsekvensane av noko av haldningsomtala deira (t.d. hjå Dahl) verte at haldningar i det heile ikkje finst. Konstruktivistane gjev dermed tvitydige – eller iallfall utydelege – signal her. Haldningar er for sosialkonstruktivistane i alle høve ikkje *djupareliggjande* sinnsfenomen (Lunde 2005:41).

Lunde analyserer i same artikkelen eit døme frå ei haldningsundersøking ved begge dei to tilnæringsmåta, og ho konkluderer med at dei utfyller kvarandre fordi dei gir ulike innsikter. Ho finn at haldningar har både individbaserte og sosiale sider. Dei kan vera djupare og/eller grunnare, individuelle og til dels mellomindividuelle fenomen. Ein kan korskje sjå vekk frå det psykologiske ved haldningar eller sosiale mekanismar eller prosessar i samband med dei, konkluderer Lunde (2005:42).

Lunde nemner ikkje Berger og Luckmann, men den sosialkonstruktivistiske tilnærminga hennar er den same som vi finn hjå Berger og Luckmann (jf. pkt. 2.5.1). Haldningar er ein del av identiteten eller *sjølv*, og til liks med andre sosiale fenomen er dei historisk produserte og vert internaliserte gjennom menneskeleg aktivitet. Berger og Luckmann understrekar at særleg den første sosialiseringa eit menneske gjennomgår, primærsoliseringa, inneber noko meir enn rein kognitiv læring:

It takes place under circumstances that are highly charged emotionally. Indeed, there is good reason to believe that without such emotional attachment to the significant others the learning process would be difficult if not impossible. [...] The child takes on the significant others' roles and attitudes, that is, internalizes them and makes them his own (Berger og Luckmann 1967:151).

Barnet overtek altså roller og haldningar frå 'dei signifikante andre' og gjer dei til sine egne. Sosialpsykologane Hogg og Abrams meiner at haldningar som vert innlærte tidleg i barndomen, er kjenneteikna ved at dei er vanskelege å endra fordi dei er internaliserte umedvite så tidleg i ein sosialiseringsprosess (1995:67).

2.5.5 Haldningar i dei kulturelle felta

Eg operasjonaliserer omgrepa *haldning* og *handling* i den kulturelle bakgrunnsundersøkinga. Eg har ei konstruktivistisk forståing både av ungdomane sine haldningar og av rapporteringa deira om handlingane sine, og eg erkjenner at ungdomane sine haldningsuttrykk i intervjusituasjonen er responsar som er resultat av ein bestemt kommunikasjonssituasjon. Dei er korskje konsistente, konstante eller isolerte i individa. I den kvantitative delen av

undersøkinga har eg sidestilt handling og haldning i éin og same kategori som uttrykkjer informantane sin aktivitet i dei ulike kulturelle felta. Eg meiner at ungdomane sine handlingar/haldningar syner den utøvande praksisen deira eller praksismåten deira i dei kulturelle felta. Bourdieu brukar *livsstil* som ein hovudterm som har med mennesket sin utøvande praksis eller praksismåte å gjera. For han er livsstil eit system av ulike sosiale praksismåtar (Akselberg 1995:160). Aurlandsungdomane sine utsegner om handlingar og haldningar i dei kulturelle felta uttrykkjer såleis *livsstilen* deira. Samstundes fortel desse utsegnene noko om korleis dei konstituerer livsverda si.

2.6 Akkommodasjon

Når ein samlar inn genuin tale ved hjelp av lydopptak, frys ein fast faktisk språk hjå eit individ. Dette språket kan gjerast til objekt for ei vitenskapleg analyse, men funna ein gjer og konklusjonane ein dreg, lyt heile tida sjåast i høve til fenomenet ideolektisk variasjon. Den kommunikative kompetansen hjå ein språkbrukar femner om både den lingvistiske kompetansen og kunnskapen om kva slags språk som passar 'kor og når', den sosiolingvistiske kompetansen. Alle har fleire språklege register å spela på, og talespråkleg variasjon som er avhengig av den sosiale situasjonen, vert kalla *registervariasjon*. Eit *register* er ein varietet som er avhengig av brukssituasjonen (Røyneland 2003:27). Fleire faktorar styrer korleis vi varierer talespråket i ein samtalesituasjon. Den sosiale situasjonen, samtaleemnet og samtalepartnaren påverkar dei fonologiske, leksikalske, syntaktiske og prosodiske vala talaren gjer i løpet av taletida. Howard Giles og Philip Smith seier det slik:

Indeed, the nature of the setting, the topic of the discourse, and the type of person with whom we are talking all interact to determine the way we speak in a particular situation (Giles og Smith 1979:45).

Graden av formalitet i kommunikasjonssituasjonen kan til dømes påverka språkbrukaren sitt val av register (jf. pkt. 3.3.3).

Ein kan sjå på samtalen som ei *forhandling* der deltakaren under vegs skiftar mellom å vera avsendar og mottakar. Avsendaren lyt heile tida bestemma seg for 'form', og mottakaren tolkar innhaldet i denne forma. I denne forhandlingssituasjonen nyttar vi, med eller utan medvit, ulike språklege strategiar. Ein av dei er å variera og tilpassa språket hensiktsmessig i høve til samtalepartnaren slik at det gagnar framdrifta i samtalen. Denne tilpassinga vert kalla *akkommodasjon*. Å *akkommodera* er å tilpassa språket sitt til ein annan talespråkleg varietet (Akselberg 2003b:160). Språkbrukaren kan *konvergera*, altså tilpassa talemålet sitt slik at avstanden til samtalepartnaren sin varietet vert mindre. Det motsette, å

divergera, er å gjera ei tilpassing i motsett lei, slik at avstanden til samtalepartnaren sin varietet vert større. Det ser ut som vi konvergerer talen slik vi trur motparten helst føretrekkjer det. Samtalepartnarar vil òg gjennomgåande oppfatta konvergens som eit uttrykk for velvilje. Motsett kan divergens både visast og bli oppfatta som uvilje. Men det er ikkje noko lineært tilhøve mellom konvergens/divergens på den eine sida og velvilje/uvilje på den andre. Fleire prosessar påverkar akkommodasjonen. Desse kan verka samstundes og påverkar ikkje alltid talen i same retning.

Howard Giles og Philip Smith støtta seg til teoriar frå sosialpsykologien då dei utforma teorien om språkleg akkommodasjon/tilpassing (Giles og Smith 1979). Eg gjer greie for denne teorien fordi eg nyttar han som supplement når eg drøftar den språklege konstellasjonen i dei ulike samtalepara. Giles og Smith forklarar 4 ulike akkommodasjonsprosessar som verkar under ein samtale: 1) *similarity-attraction processes*, 2) *social exchange processes*, 3) *causal attribution processes* og 4) *processes of intergroup distinctiveness*. Svært kort oppsummert verkar prosessane slik: 1) Di større behovet er for å få sosial godkjenning av samtalepartnaren, dess større tendens vil talaren ha til å konvergera. 2) I samanhengar der standardtalemålsformer har høgare status enn andre varietetar, vil talaren bli løna av samtalepartnaren dersom han konvergerer mot slike former. 3) Sjølv om konvergens vanlegvis vert tolka som velvilje, kan samtalepartnaren knyta andre bakaforliggjande ikkje-språklege motiv som til dømes smisking eller herming til konvergeringa og vurderer det som negativt. Motsett vil kanskje divergens vekke positive kjensler hjå samtalepartnaren. 4) Språket er ein signifikant markør for gruppetilhøyrse. Divergens kan vera ein strategi som talaren brukar ute for å markera skilnad i høve til andre grupper. Desse fire prosessane verkar ikkje uhindra hevdar Giles og Smith. Akkommodasjonen har ein 'kostnad'. Det er kognitivt anstrengande å variera språkbruken i høg fart. Ut frå eit ønskje om å oppnå eit mest mogleg positivt resultat i høve til samtalepartnaren, veg difor talaren kontinuerleg akkommodasjonskostnadene opp mot løna ho/han får for strevet (Giles 1979:48).

Giles og Smith sin akkommodasjonsteori syner kor situasjons- og kontekstavhengig eit individ sitt talemål er. Under pkt. 3.3.1 har eg problematisert dette i høve til i kva grad det innsamla språklege materialet mitt representerer autentisk tale.

2.7 Folkelingvistikk

Folkelingvistikk er studiet av haldningar og vurderingar som *ålmenta* har til sitt eige og andre sitt språk. Det er ikkje lang tradisjon innom sosiolingvistikken for å leggja vekt på kva folk

som ikkje er lingvistisk skulerte, seier om eigen eller andre sin språkbruk, så fagfeltet er relativt nytt. Folkelingvistikken er utvikla av mellom andre lingvisten Dennis Preston (1999):

It's simply dangerous not to know what real people believe about language and how they respon to it – dangerous to general linguistics, dangerous to applied linguistics, and even debilitating to the desire for a complete account of language and its users (Preston 2002:22).

Han argumenterer for at folkelingvistikken er eit nødvendig supplement til lingvistikk elles, "[...] not only for its independent scientific value but also for the undeniable importance it has in the language professional's interaction with the public in this most human of concerns" (Preston 1996:72). Sjølv om lekfolk oftast ikkje kjenner til lingvistisk terminologi og såleis ikkje får gitt presise skildringar av språket eller av sine egne vurderingar av språket, treng dei korkje vera uvitande eller utan medvit om talemålet, meiner Preston. Preston deler lekfolk sitt språklege medvit inn i fire typar som Else Berit Molde har omsett slik; 1) *tilgjengelegheit* (availability), 2) *nøyaktigheit* (accuracy), 3) *detalj* (detail) og 4) *meistring* (control). Desse medvitstypene er relativt uavhengige av kvarandre (Preston 1996, Molde 2007).

Kva språktrekk som er (1) *tilgjengelege* for lekfolk er bestemt både av lingvistiske og ikkje-lingvistiske faktorar. Vanlege folk har til dømes ikkje medviten kunnskap om syntaktiske trekk, og kan difor heller ikkje kommentera desse trekka eksplisitt. Det synest òg som om individa er heller lite medvitne om eigen fonologisk variasjon (Akselberg 2003b:131). Dei ikkje-språklege faktorane som påverkar kva som er tilgjengeleg, vil variera i ulike kulturar. I Noreg vert til dømes dialektbruk, påverknaden frå engelsk og tilhøvet mellom tale og skrift ofte diskutert lekfolk i mellom. Desse emna har òg informantane i Aurland eit medvit om (jf. pkt. 4.7). Fordi ikkje-lingvistar vantar eit tilstrekkjeleg metaspråkleg omgrepsapparat, kan skildringane deira verta (2) *unøyaktige*. Utfordringa for lingvisten vert difor å få tak i meininga bak dei folkelege utsegnene om språk. Karakteristikkar som t.d. 'utvatna', 'ekte' 'skikkeleg' og 'mektig' er ikkje vitskaplege termar, og dei lyt tolkast hermeneutisk og kvalitativt. Visse språklege emne er likevel lekfolk i stand til å gi (3) *detaljerte* skildringar av. Dette gjeld til dømes leksikalske trekk. Elles tyr gjerne folk til *imitasjon* som eit verkemiddel for å beskriva språket (jf. pkt. 5.2.3.10). Ein lyt vera medviten om ulike trekk ved språket for å kunna herma, men ikkje-lingvistar (4) *meistrar* i ulik grad denne imitasjonen. Fordi dei ulike medvitstypene er relativt uavhengige av kvarandre, kan ein godt kunna herma etter ein språkbrukar eller ein varietet utan å kunna gi detaljerte skildringar av dei involverte språktrekka og omvendt.

I informantintervjua kjem fleire av ungdomane med vurderingar av både sitt eige og andre sitt talemål (jf. pkt. 4.7). Desse kvalitative vurderingane legg eg vekt på som supplement til dei kvantitative kulturelle data fordi eg meiner som Preston at dei gir verdfulle opplysningar om tilhøva mellom språket og språkbrukaren.

2.8 Foreldrebakgrunn

Røyneland nemner fleire studiar som viser at talemålet til foreldra er ein sentral sosial påverknadsfaktor sjølv om barn oftast vel å snakka slik som omgjevnadene gjer, dersom foreldra sitt talemål skil seg frå talemålet der barna veks opp (Røyneland 2005:183–184). Andre sosiolingvistiske forskingsarbeid konkluderer òg med, eller peikar på, at det er ein samanheng mellom det språklege uttrykket hjå barn og ungdom og den språklege bakgrunnen i heimen. I Noreg har mellom anna Gjert Kristoffersen gjort ei undersøking i Arendal av relasjonen mellom barn sitt språklege uttrykk og foreldrebakgrunnen deira (Kristoffersen 1980). Han fann at eldre barn har eit meir homogent språkleg uttrykk enn yngre barn. Det tolkar han som eit teikn på at kameratar til dels erstattar foreldra som normeringsinstans når barna vert eldre (Kristoffersen 1980:155f). Det er elles seinare gjort studiar både i Os i Hordaland (Hernes 1998, 2006), Bømlo (Notland 2001) og i Sogndal (Haugen 2004) som peikar i same retning. Relasjonane mellom språk og foreldrebakgrunn er likevel enno ikkje av dei best dokumenterte i sosiolingvistiske undersøkingar. Mange har undersøkt grupper som består av innbyggjarar på ein stad og som har minst éin forelder som òg har vakse opp på same staden. Det gjeld til dømes Akselberg (1995), Selås (2003) og Haugen (1998). Desse undersøkingane granskar i hovudsak informantane sitt talemål sett i høve til den lokale varieteteten og ikkje i høve til foreldra sitt talemål. Eg problematiserer dette tilhøvet under pkt. 3.2.1.

Labov meiner at barn tilpassar seg språkbruken til venner framfor foreldra sin språkbruk:

[...] children do not speak like their parents. In the great majority of cases we have studied or encountered, children follow the pattern of their peers (Labov 1972:304).

Denne tendensen kan vera årsaka til at geografisk avgrensa dialektar held seg så godt som dei faktisk gjer (Trudgill 1986:31):

Unlike in the stable situations where children normally acquire the dialect of their peers, in a dialect-mixture situation there is no single peer-dialect for the children to acquire, and the role of adults, especially perhaps of parents and other caretakers, will therefore be more significant than is usually the case (Trudgill et al. 2000:305).

Ein kan tenkja seg at barn med innflyttarbakgrunn vert språkleg assimilerte så lenge dei er i mindretal i eit samfunn. I samfunn med spesielt mykje dialektkontakt, verkar det som foreldra sitt språk spelar ei større rolle. Eg oppfattar Aurland som eit samfunn med mykje dialektkontakt. Til dømes snakkar berre halvparten av foreldra til dei 19 informantane sognemål, og ein fjerdedel av foreldra deira har eit talemål som kan heimfestast til austlandet (jf. pkt. 4.6). I studien sin av barn sitt talemål på Svalbard, konkluderer Britt Mæhlum at det sannsynlegvis også er relevant å differensiera foreldrepåverknaden mellom barn som har foreldre med tilnærma identisk dialektbakgrunn, og i dei tilfella der foreldra har eit innbyrdes divergerande talemål (Mæhlum 1992:324) (jf. pkt. 6.1.2).

2.9 Frå teori til metode

I dette kapitlet har eg presentert og vist til sosiolingvistisk teori og metode som er relevant og som set studien min inn i ein vitskapleg samanheng. I neste kapittel gjer eg greie for den metodiske tilnærminga eg har valt og skildrar feltarbeidet der det språklege og ekstralingvistiske grunnlagsmaterialet blei samla inn. Det vert òg gjort greie for handsaminga av datamaterialet.

3 METODE OG FELTARBEID

3.1 Metode

Metode tyder *planmessig framgangsmåte*. Det er ”en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder” (Aubert 1972:196). Å nytta ulike metodar i ulike delar av prosjektet kan vera gunstig for å få fram fleire sider ved materialet som vert undersøkt. Valet av metode vil påverka dei resultata ein får, og det er viktig å velja metodar som er tenelege i høve både til problemstillinga og kva slags kunnskap ein ønskjer å få tak i. Lesley Milroy understrekar dette slik:

It is unwise to underestimate the importance of a careful choice of fieldwork method; for as we shall see, this choice has considerable influence both on the kind of language available for analysis, and the ultimate analytic procedure (Milroy 1987:2).

I dette prosjektet nyttar eg både kvantitative og kvalitative metodar. Vitskapsteoretisk representerer dei to metodane ulike ideal med omsyn til synet på kva som er vitskapleg. Grovt skissert er den kvantitative metoden ein positivistisk metode, og den kvalitative metoden er hermeneutisk. I praksis er ikkje motsetnadene så tydelege, og dei to metodane vert gjerne nytta i eitt og same forskingsprosjekt (Røyneland 2005:138). Sigmund Grønmo argumenterer for at dei to metodane står i eit komplementært forhold til kvarandre og at det er mykje å vinna på å kombinera dei to metodane i samfunnsvitskapleg forskning (Grønmo 1996:98). Innafor sosiolingvistikken har gjerne innsamlingsmetodane vore kvantitative medan handsaminga av data har vore kvalitativ (Labov 1984:99). I undersøkinga har eg samla inn språklege data hjå ungdomane etter ein kvantitativ metode, medan presentasjonen og analysen av språktrekka er både kvantitativ og kvalitativ. Kulturelle felldata er samla inn etter ein kvalitativ metode, medan presentasjonen og analysen av data er både kvantitativ og kvalitativ. Begge metodane vert dermed nytta både ved innsamling, beskriving og analyse, altså på alle dei tre stadia i prosjektet. Ved å nytta ei triangulering av kvantitative og kvalitative metodar, meiner eg at sjansen er størst for å få fram eit breitt språkleg og kulturelt datagrunnlag for drøftinga. Det gir òg ei djupare forståing av både dei språklege realiseringane, dei ikkje-lingvistiske tilhøva og relasjonen mellom dei.

3.2 Val av informantar

3.2.1 Utvalskriterium

I alle norske lokalsamfunn finn ein at folk snakkar ulikt, sjølv blant dei som har budd der heile livet. Det fann ein òg tidlegare, men dette interesserte ikkje den klassiske dialektologen. Innafor dialektologien såg ein som regel bort frå variasjonen, og språket innan eit geografisk område blei beskrive som eit einskapleg (homogent) grammatisk system (Mæhlum 2004:127). Dagens sosiolingvistar interesserer seg for språkleg variasjon, men svært mange har interessert seg for språkleg variasjon berre hjå *ei* bestemt gruppe informantar på ein plass, nemleg dei som er, og gjerne har vore, bufaste på plassen og som helst har foreldre som òg er oppvaksne på staden. Desse talemålsstudiane representerer talemålet til ein utvalt lokal elite og mange av dei 'normale' talemålsstudiane våre kan vera studiar av 'elitevarietetar' (Akselberg 2005:121–122). Akselberg peikar òg på at dette vert eit stadig større metodisk problem for talemålsforskinga, dess større den sosiale og geografiske mobiliteten vert i samfunnet.

3.2.2 Populasjonsstudie

Å studera ein geografisk avgrensa varietet er ikkje det same som å studera talemålspraksisen innafor eit geografisk avgrensa område. Eg oppfattar *aurlandsdialekten* og *talemålsbruken i Aurland* som to ulike omgrep. *Aurlandsdialekten* er namnet på ein bestemt varietet brukt av folk som bur eller har opphav i Aurland. Denne varietetten har visse språklege kjenneteikn som skil han frå andre varietetar. *Talemålsbruken i Aurland* er eit uttrykk for det faktiske talemålet som vert brukt av folk som bur i Aurland. Då er alle som faktisk bur på staden interessante som representantar for korleis det vert snakka i Aurland. Eg er interessert i talemålet til dei eldste barna, og gjennomfører ein aldersavgrensa *populasjonsstudie* i Vangen skulekrins, sentrumskrinsen i kommunen:

Ein populasjon er ein sum av alle individ el. observasjonar av eit visst slag, utval av individ el. observasjonar nytta som grunnlagsmateriale i ei vitenskapleg gransking (Nynorskordboka 2006).

Populasjonen, eller utvalet av alle individa eg studerer, er dei ungdomane som budde i Vangen skulekrins og gjekk i 10. klasse på Aurland barne- og ungdomsskule i 2005/2006. Elevane i 10. klasse er den eldste ungdomsgruppa som bur fast i Aurland. Når dei skal ta til på vidaregåande skule flyttar dei på hybel, dei fleste til Sogndal. Til saman var det 24 ungdomar i denne klassen i 2005/2006. Tre av dei ønskte ikkje å vera med i undersøkinga. To ungdomar valde eg å ikkje ta med fordi den eine berre hadde budd få månader i Aurland og den andre berre vel eitt år. Eg vurderte difor tilknyttinga deira til Aurland og det språklege fellesskapet

som såpass svak at eg ikkje rekna dei med i populasjonen. Ved å halda 2 elevar utafør undersøkinga, modifierer eg populasjonsomgrepet noko i høve til den allmenne definisjonen ovafor. Populasjonen som eg granskar er samansett av 6 jenter og 13 gutar, til saman 19 ungdomar. Det synte seg at alle 19 hadde begynt i 1. klasse ved Aurland barne- og ungdomsskule hausten 1996. Dei hadde difor vore medlemar av og vorte sosialiserte i det same skuleklassefelleskapet i Aurland frå dei begynte på skulen som 6-åringar og fram til 10. klasse. Då dei begynte på ungdomsskulen, kom det til nokre elevar frå krinsskulane i klassefelleskapet. Desse er ikkje med i undersøkinga. Alle informantane gjekk i barnehage i skulekrinsen før skulestarten i 1996. Dei fordelte seg mellom to kommunale barnehagar og ein gardsbarnehage ved Sogn jord- og hagebruksskule. Tre av barna kom flyttande til Aurland i løpet av førskulealderen.

3.2.3 Representativitet, validitet og reliabilitet

Innafor tradisjonell, kvantifiserande sosiolingvistikk har det vore eit hovudkrav at informantutvalet skal vere stort, basert på tilfeldig utval, og vere representativt for den aktuelle populasjonen. Eit viktig spørsmål for val av informantar dreier seg altså om spørsmålet om representativitet (Røyneland 2005:203).

Sett i høve til sitatet ovafor, meiner eg at dei 19 informantane er representative i høve til populasjonen eg undersøker. Populasjonen er liten, og korkje den språklege praksisen eller dei intersubjektive livsverdene til desse ungdomane er nødvendigvis dei same som hjå yngre ungdomar i bygda eller dei eldre som berre er heime når dei har skulefri. Under pkt. 6.2 drøftar eg i kva grad den undersøkte populasjonen er representativ i høve til andre populasjonar i og utafør Aurland og i kva grad undersøkinga har overføringsverdi.

Sjølv om ein gjer ulike metodiske val, lyt undersøkinga oppfylla dei vitenskaplege krava til *validitet* og *reliabilitet* (Mæhlum 2002:73). *Valide* data er data som er relevante i høve til problemstillinga i undersøkinga. *Reliabilitet* er eit uttrykk for kor nøyaktig data er samla inn. I det følgjande vert det gjort greie for framgangsmåten ved innsamlinga og handsaminga av alle data.

3.3 Framgangsmåte ved den språklege undersøkinga

3.3.1 Autentisk tale

Innafor sosiolingvistikken, særleg innan den labovsk tradisjon, har den uformelle daglegtalet, *the vernacular*, vore det primære forskingsobjektet. Labov meiner at denne talen er den mest naturlege (Labov 1984:32–33). Eg oppfattar her 'naturleg' i tydinga *autentisk*. Røyneland

stiller spørsmål ved om det i det heile gir meining å snakka om eit mest naturleg og eigentleg talemål når ein veit at talespråket er kontekstsensitivt og blir brukt i ei rekkje samanhengar til ei rekkje føremål (Røyneland 2005:207). Eit individ har fleire språklege *register* til disposisjon. Når den sosiale situasjonen skiftar, skiftar språkbrukaren også ofte språkleg register (Akselberg 2003b:132). Eg ser heller ikkje på språket som ungdomane i Aurland brukar seg i mellom som noko meir autentisk enn språket som dei t.d. brukar i samtale med ein lærar, foreldra sine, framande eller meg som intervjuar. Men fordi eg hadde forundra meg over at ungdomane i nesten ti år hadde hatt eit språkleg fellesskap på skulen og likevel snakka så ulikt, ville eg nettopp studera talemålet som ungdomane realiserte seg i mellom.

Giles og Smith sin teori (1973) syner at sjølv om språket er autentisk, er det *relativt* (jf. pkt. 2.6). Den språklege realiseringa til informantane i undersøkinga er difor påverka både av samtalesituasjonen, innhaldet i samtalen, samtalepartnaren sin varietet og den sosiale relasjonen mellom deltakarane i samtalene. Dette lyt ein ta omsyn til når ein tolkar resultata ein finn ved slik innsamling av tale.

3.3.2 Opptakssituasjon

Eg henta først inn løyve hjå rektor til å gjennomføra undersøkinga i skuletida. Deretter signerte elevane ein avtale om å vera med (jf. vedlegg 28). Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste godkjende deretter undersøkinga (jf. vedlegg 29). På skulen er ungdomane kvar dag til same tid og i same situasjon, og dei ytre rammene for samtalane blei nokolunde like for alle informantane. Samtalane gjekk føre seg i den første halvdelan av skuledagen. To og to elevar av same kjønn fekk fri ein skuletime for å snakka saman. Dei blei sette saman tilfeldig ut frå eit ønskje om å gripa minst mogleg inn i eit fastlagt undervisningsopplegg. Dei sosiale relasjonane mellom para varierer. Dei har i ulik grad tette band og fellesskap også utanom skuletida. Dette gir seg utslag i graden av intensitet, fortrulegheit og val av emne i samtalane. Språkleg sett er òg para ulike. Nokre av para er meir homogene enn andre. Slik er røynda også i skulekvardagen. Ungdomane har i ein augneblink ein samtalepartner som dei har mange språktrekk til felles med, medan dei i neste augneblink snakkar med ein som har ein varietet som vik av på fleire språklege nivå.

Ungdomane sat i eit smalt, lite rom der dei var vende mot kvarandre med eit lite bord mellom seg der det var festa ein bordmikrofon. Før samtalen starta, fekk dei ein kort instruksjon om ei felles oppgåve dei skulle løysa. Dei fekk kvar si enkle teikning som dei skulle forklara for samtalepartnaren slik at han/ho kunne kopiera ho på eit ark utan å sjå originalen (jf. vedlegg 30). Dei blei òg bedne om å snakka om laust og fast etter at dei var

ferdige med teikneoppgåva. Materialet består av i alt 13 samtalar med 26 deltakarar. Berre 19 av dei er informantar. Dei andre sju er medelevar som bur i andre skulekrinsar og/eller har komme til i klassen den siste tida. Språket deira vert ikkje granska (jf. pkt. 3.2.2).

3.3.3 "The observer's paradox"

Den tekniske gjennomføringa baud ikkje på problem. Informantane såg ut til å gløyma mikrofonen då dei starta med teikneoppgåva dei fekk i starten, og dei gav ikkje opptaksutstyret merksemd undervegs. Eg var *deltakande observatør* med eit talemål frå Romerike/Hedmark og sat snudd vekk frå informantane i andre enden av rommet og las i eit blad. Informantane kjende meg i varierende grad frå tidlegare. Kort tid før opptaksperioden deltok eg i norskundervisninga i klassen ei veker tid for å bli litt kjend med dei. Atmosfæren under opptaka blei tilsynelatande avslappa, positiv og kvardagsleg.

All tale høyrer til i ein kontekst, og sjølv om eg oppfattar desse samtalan som daglegdagse og naturlege innafor den ramma som opptakssituasjonen gir, er situasjonen meir formell enn han vanlegvis er når ungdomane samhandlar seg i mellom. Dei visste òg at dei blei observerte. Dette kan ha påverka talen deira slik at dei nyttar eit anna *registersett* i samtalan eg tok opp enn dei til dømes brukar i situasjonar der dei er umedvitne om at andre lyttar til dei (Akselberg 2003b:134). Sjølv om fleire nyare granskingar syner liten eller ingen registersettvariasjon hjå ungdom (t.d. Hannaas 1999), kan det tenkjast at ungdomane føretrekte å realisera variantar som dei oppfattar som 'korrekte' i høve til situasjonen.

Skulle eg ha gjort opp att lydopptaka, ville eg ha sett saman informantane meir systematisk slik at vennepar hadde snakka saman. Då hadde kanskje intensiteten i samtalan vorte meir einsarta, og det språklege materialet kunne ha blitt litt større hjå nokre av informantane. Rolla mi som deltakande observatør kunne òg kanskje vorte mindre sentral i nokre høve. Eg braut ikkje av samtalar undervegs, men når informantane ikkje visste kva dei skulle snakka om og det blei tyst, kom eg med tips som til dømes:

Observatør: Morten kan ikkje du fortelja -- du har bygd datamaskin har du det?

Morten: ja

Observatør: ja kan du ikkje fortelja litt om det til han Terje?

Morten: =e= føst så bestilte vi ...

3.3.4 Ekserpering, transkripsjon og presentasjon av det språklege materialet

Etter at lydopptaka var ferdige, ekserperte eg alle samtalan. Å *ekserpera* (frå lat. *excerpere* 'plukka ut') betyr i denne samanhengen å plukka ut språktrekk frå ein munnleg tekst. For å kunna får eit oversyn over språktrekk som varierte og som kunne vera interessante å

undersøkja, lytta eg til samtalan fleire gonger og noterte aktuelle variable språktrekk. Eg vurderte heile 18 variabelgrupper på ulike språklege nivå som så interessante at eg valde å transkribera dei (jf. oversynet nedafor). Å *transkribera* betyr i denne samanhengen å overføra munnleg tale til skriftleg tekst. Å gjera munnleg datamateriale tilgjengeleg i skriftleg form er ingen enkel mekanisk prosess, men snarare ei omsetjing og ei tolking av materialet. Teksten vert redigert ved at nokre element blir valde ut og framheva, medan andre element blir neglisjerte (Røyneland 2005:221). Det er ikkje vanskeleg å høyra om ein informant realiserer *ikkje* eller *ikke*, men om ho/han realiserer *på* eller *pao* kan vera verre å avgjera når talestraumen går raskt. Det skjer difor også ei tolking på dette nivået i arbeidsprosessen.

Alle språktrekka blei som nemnt transkriberte ortofont med det vanlege alfabetet. I tillegg nytta eg IPA-teikna ʃ, d, t, og ŋ for å kunna notera assimilasjonar av nokre konsonantsamband. All tale utanom dei realiserte variablane blei transkribert til nynorsk målform for 15 informantar og til bokmål for fire informantar etter ei vurdering av kva for ei skriftnorm som ligg nærast opp til informanten sin tale. Eg har ikkje bytta ut ord i talen deira, sjølv om dei ikkje høyrer til i vokabularet i den aktuelle skriftspråknorma. *Selvfølgeleg* er t.d. ikkje endra til *sjølvsagt*, men t.d. er *morsomt* transkribert som *morosamt* og ord med *-lig*, *-leg* i utlyd er konsekvent transkribert som *-leg* på nynorsk uavhengig av kva form informantane faktisk realiserer. Etter same prinsipp er t.d. *meir* og *mer* konsekvent transkribert som *mer* hjå dei fire informantane der talen er transkribert på bokmål. Språktrekk som ikkje er undersøkte får slik ei mest mogleg homogen form, og samtaletranskripsjonane har ei form som gjer dei tenlege som arbeidsdokument der eg kan henta data både til den kvantitative og den kvalitative delen av analysen (jf. *Grunnlagsmateriale*).

Nedafor presenterer eg alle variablane som er transkriberte. Det er grunn til å presisera at berre elleve av desse er med i det *endelege utvalet av variablar* som eg har undersøkt (jf. pkt. 3.4 *Endeleg utval av språklege variablar*).

1. **Diftongen *ao***: Døme: *båt* eller *baot*.
2. **Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl***: Døme: *fuglane* eller *fugladn*; *alle* eller *adle*.
3. **Vokalkvaliteten *a/e* hjå pronomena/determinativane *det/den/dette/denne/desse* og adverbet *der***: Døme: *da* eller *det*; *dan* eller *den*; *datta*, *detta* eller *dette*; *dessa*, *dassa* eller *desse*; *dar* eller *der*.
4. **Vokalkvaliteten *o/å* i *no* og *så***: Døme: *no* eller *nå*; *so* eller *så*.
5. **Assimilasjon av *r* i konsonantsambanda *rd/rn/rs/rt* og assimilasjon av *s* i *sj/sl***: Døme: *ferdig* eller *fedig*; *hjørne* eller *hjøne*; *fyrstikk*, *fystikk* eller *fyftikk*; *Martin* eller *Maṭin*; *sjønte* eller *sjonte*; *slepp* eller *flepp*.

6. **Substantiv; fem. og mask., plur. ub.:** Døme: *lekse* eller *lekser*; *streka*, *strekar* eller *streker*.
7. **Substantiv; nøytr., plur. b. og sterke fem., sing. b.:** Døme: *husa* eller *husi*; *døra* eller *døri*.
8. **Substantiv; svake fem., sing. ub.:** Døme: ei *bana* eller ei *bane*.
9. **Infinitiv; endingsvokal a eller e, eller apokopert:** Døme: *komma*, *komme* eller *kom*.
10. **Setningsmelodi:** Høgtone- eller lågtoneprosodi.
11. **Personleg pronomem 1. person:** Døme: *eg* eller *jeg*; *me* eller *vi*.
12. **Personleg pronomem 2. person fleirtal:** Døme: *de*, *dikka*, *dikkan* eller *dere*.
13. **Personleg pronomem 3. person eintal fem. og fleirtal:** Døme: *ho* eller *hun*; *dei* eller *de*.
14. **Spørjeord med kv i framlyd, og førekomsten av kvar og hvert fall:** Døme: *kven*, *kem* eller *vem*; *kva*, *ka* eller *va*; *kor*, *kest* eller *vor* osv., og *vert fall*.
15. **Nektingsadverbet ikkje:** Døme: *ikkje* eller *ikke*.
16. **Kvantoren noko:** Døme: *nåke* eller *noe*.
17. **Utlydande vokal a, e eller i i adjektiv, adverb og talord:** Døme: *besta* eller *beste*; *ofta* eller *ofte*; *fira* eller *fire*; ei *liti* dør eller ei *lita* dør.
18. **Perfektum partisipp av verbet å vera:** Døme: *vore*, *vå* eller *vært*.

Symbol og forklaringar som gjeld transkripsjonen både av samtalar og av informantintervju:

- Det er ikkje brukt store bokstavar, punktum eller komma i transkripsjonane for å markera setningar.
- Kort pause er markert med =, lang pause er markert med = =.
- Korte pauselydar er markerte med =e= utan omsyn til kva lyd informantane brukar, lange pauselydar er markerte med =ee=.
- Avbrotne syntagme er markert med to strekar slik: --, og avbrotne ord er markert med ein strek slik: -.
- Nokre paralingvistiske drag vert attgjeve slik: (LATTER) og uforståeleg tale (UFF).
- Overlappingar når partane snakkar i munnen på kvarandre står i hakeparentes, [].

I sjølve oppgåveteksten er korte informantsitat noterte i doble hermeteikn, "...", og døme frå informantintervjua og samtalanane er attgjevne som dei står i *Grunnlagsmateriale*, altså slik eg har gjort greie for ovafor. Vidare står nokre ord eller frasar i enkle hermeteikn, '...'. Då har dei ei tyding som skil seg frå gjengs bruk. Oppgåva inneheld til saman 27 tabellar, diagram og figurar. Eg har valt å kalla alle desse for *figurar* for å gjera det enklast mogleg å finna fram frå tilvisingane og registeret.

3.4 Endeleg utval av språklege variablar

Det endelege utvalet av språklege variablar som skulle undersøkjast, blei gjort etter at samtalanane var transkriberte. For prinsippa for val av variablar, sjå pkt. 3.4.1–3.4.3. Det endelege variabelutvalet vert presentert i pkt. 3.4.4.

3.4.1 Lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk

Dei utvalde variablane har alle fleire variantar i norsk talemål, men det er stor variasjon i kor utbreidde dei er. Den varianten av kvar variabel som har lengst tradisjon i Aurland og som blir brukt av majoriteten av innfødde aurlendingar, kallar eg *lokaltilknytt variant*, medan eg kallar den andre varianten (ev. dei andre) *ikkje-lokaltilknytt variant*. Dei lokaltilknytte variantane er alle språktrekk som Larsen (1929) og Breisnes (1979) heimfestar til Aurland. Eg vurderte omgrepa *tradisjonell variant* og *moderne variant*, men forkasta dei fordi det språkhistoriske perspektivet ikkje er så interessant som det synkrone perspektivet i sjølve undersøkinga. Eg ønskjer å bruka eit omgrep som får fram språket si territoriale tilknytning og uttrykkja sambandet mellom språk og stad, difor vel eg dikotomien *lokaltilknytt variant* og *ikkje-lokaltilknytt variant*. Dersom ein informant realiserer begge variantane, er det *den dominerande varianten som er teljande i den kvantitative undersøkinga*. Dette gjeld ikkje variabelen realiseringa av diftongen *ao* og variabelgruppa differensiasjon/segmentasjon. Sjå pkt. 3.5.1 og 3.5.2.

3.4.2 Utvalsprinsipp

Hovudprinsippet for endeleg val av ein språkleg variabel er at ikkje alle informantane realiserer variabelen likt. I studien er det eit poeng å få fram *talemålsvariasjonen* blant ungdomane i Aurland i dag. Under transkriberinga oppdaga eg til dømes at alle informantane realiserer pronomenvarianten *ho*, varianten *hun* førekjem ikkje. Dette er i seg sjølv interessant, men fordi språktrekket ikkje varierer på populasjonsnivå, er det ikkje med i undersøkinga.

Det neste prinsippet er i kva grad eit språktrekk representerer ein variabel som har både ein *lokaltilknytt variant* som kan kategoriserast som *markør for lokal tilknytning* og ein (ev. fleire) *ikkje-lokaltilknytt variant* som vantar denne markeringa (jf. pkt. 3.4.1). Eg legg vekt på at nokre av variablane skal ha lokaltilknytte variantar som er lite utbreidde elles i landet, medan andre variablar har lokaltilknytte variantar som blir brukte av fleire i større område. Under transkripsjonen av samtalanane oppdaga eg at realiseringa av fleire aktuelle variablar kovarierer. Informanten som t.d. seier *kannedn* (f. pl. b.), seier òg *natti* (f. s. b.),

medan ho som seier *greiene* (f. pl. b.) òg seier *sola* (f. s. b.). Eg undersøker difor ikkje begge desse trekka.

Eg tek vidare omsyn til frekvens. For å få fram reliable resultat, lyt variablane vera såpass frekvente at eg kan avgjera kva for ein variant informantane brukar. Ein variabel som er utsett for intraindividuell variasjon lyt vera så frekvent at det vert produsert nok belegg til å avgjera kva for ein variant som dominerer. Variablane bør òg ha variantar som er såpass ulike at dei er lette å skilja, men høg frekvens kan bøta på dette.

3.4.3 Språklege nivå

I tillegg til utvalsprinsippa som er nemnde i pkt. 3.4.2, legg eg vekt på at variablane til saman skal representera både det fonologiske, morfologiske, prosodiske og leksikalske nivået i språket. Fonem som vert realiserte på ulik måte, og som er eit teikn på at informantane har ulikt foneminventar, har eg kalla fonologiske trekk. Når variablane representerer variasjon i bøyingsmønster, vert det kalla morfologiske trekk. Infinitivsendinga for verb og pluralmorfemet i femininum og maskulinum i ubunden form av substantiv er døme på det. Prosodiske trekk er språktrekk som til dømes trykk, lengd og tonane i språket. Ein kan studera tonane både på ordnivå og på setningsnivå. Eg har valt å undersøka korleis informantane realiserer setningsmelodien. Dei personlege pronomena, spørjeorda, nektingsadverbet *ikkje*, kvantoren *noko* og pronomenet/determinativen *det* har eg kalla leksikalske variablar.

Det er ofte vanskeleg å skilja mellom fonologisk og leksikalsk variasjon (Akselberg 1995:102). R. A. Hudson problematiserer òg inndelinga i språklege nivå. (Hudson 2004:169–175). Han meiner at i prinsippet kan all språkleg variasjon studerast som leksikalsk variasjon. Både perspektivet (synkront/diakront), føremålet for undersøkinga og datamengda som står til rådvelde lyt takast omsyn til når ein bestemmer kva nivå ein variabel høyrer til. I handsaming av data i denne studien, vert ikkje variablane kategoriserte i språklege nivå, men som nemnt la eg vekt på det då det endelege utvalet av variablar blei gjort.

3.4.4 Undersøkte språklege variablar

Realiseringane av tolv av dei 38 språktrekka som ligg føre i det språklege grunnlagsmaterialet vert undersøkte. To variablar er slegne saman slik at eg operasjonaliserer *elleve variablar* som alle har *éin lokaltilknytt variant* og *éin eller fleire ikkje-lokaltilknytte variantar*. Sjølv om eg har gjort ein synkron studie, gjer eg likevel kort greie for den språkhistoriske utviklinga for nokre av variablane (jf. pkt. 3.5):

1. Diftongen *ao*

Døme: *baot* eller *båt*

2. Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl*

Døme: *fugladn* eller *fuglane*; *adle* eller *alle*

3. Substantiv; fem. og mask., plur. ub.

Døme: *lekse* eller *lekser*; *streka*, *strekar* eller *streker*

4. Infinitiv, endingsvokal

Døme: *komma* eller *komme*

5. Setningsmelodi

Høgtone eller lågtone

6. Personleg pronomen 1. person singularis

Døme: *eg* eller *jeg*

7. Personleg pronomen 1. person pluralis

Døme: *me* eller *vi*

8. Spørjeord med *kv* i framlyd

Døme: *kven* eller *kem* eller *vem*, *kva* eller *ka* eller *va*, *kor* eller *kest* eller *vor* osv.

9. Nektingsadverbet *ikkje*

Døme: *ikkje* eller *ikke*

10. Kvantoren *noko*

Døme: *nåke* eller *noe*

11. Vokalkvaliteten *a/e* i pronomenet/determinativen *det*

Døme: *da* eller *det*

3.5 Presentasjon av kvar einskilt variabel

3.5.1 Diftongen *ao*

Aurland ligg innom det vestnorske området der det har skjedd ei diftongering av gamle lange vokalar, ein av dei er lang *á* (Sandøy 1993:136–137). Det gjeld eit lite område med liten folketettleik i indre delar av Sogn og Hordaland og i Setesdal. I 2004 undersøkte eg realiseringa av denne variabelen kvantitativt og kvalitativt hjå ein gut på 17 år som hadde budd i Aurland heile livet og hadde både foreldre og besteforeldre frå Aurland. Eg fann at han varierte mellom å realisera *á*, *ao* og *áo*, og opningsvokalen i diftongen var litt oftare *á* enn *a*. Han diftongerte 72% av førekomstane (Stokstad 2004:9). Når diftongen vert realisert som *áo*, kan han reknast som ein modifisert variant av *ao*. Han kan òg reknast som ein vokal tilnærma ein norsk standarduttale av vokalen *á*. Realiseringa av denne variabelen er difor interessant å

studera på to nivå: diftongering/ikkje-diftongering (*a* eller *ao/åo*) og kvaliteten på opningsvokalen (*a* eller *å*). Eg har registrert førekomsten av diftongeringar utan å undersøkje diftongeringsprosenten eller -kvaliteten. Diftongering er eit relativt lite utbreidd talemålstrekk i Noreg, og i den kvantitative undersøkinga er det difor diftongen som er den teljande varianten når ein informant realiserer begge to.

Diftongen *ao* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.2 Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl*

Differensiasjon og segmentasjon er nærskylde språktrekk som ofte finst saman (Torp 2003:74). Dei er òg relativt sjeldne, men har større geografisk utbreiing enn diftongering i Noreg. Aurland ligg innom eit slikt område (Sandøy 1993:135–136). Trekka er mest utbreidde hjå eldre innfødde i Aurland, men dei førekjem òg hjå yngre. *Differensiasjon* er her ei nemning for ein historisk fonologisk prosess der to ulike konsonantar i eit samband har utvikla seg til å bli endå meir ulike. Grovt skissert kan ein seia at konsonantsambanda *rn* i norrøn utvikla seg over tid til *dn*. *Korn* blei til *kodn* og *barn* blei til *badn*. I pluralmorfemet i femininum og maskulinum endra *r* seg til *d* slik at vi har fått former som *jentedn* og *gutadn*. Morfemet har sidan vorte produktivt slik at vi finn døme som *kannedn* og *mikrofonadn*. Sjølv om det er eit morfem som vert undersøkt her, har altså realiseringa ei fonologisk historisk forklaring.

Segmentasjon er her ei nemning for ein historisk fonologisk prosess der ein norrøn lang konsonant har utvikla seg til to ulike segment og danna eit konsonantsamband. Segmentasjon av *ll* til *dl* finn vi i ord som t.d. *adle* og *fjedl*. Fordi trekka er såpass lite frekvente og utbreidde, har eg slått saman differensiasjon og segmentasjon til ein variabel med følgjande to variantar: *differensiasjon og/eller segmentasjon* og *ikkje differensiasjon og/eller segmentasjon*. Alle orda der differensiasjon eller segmentasjon førekjem, er registrerte i informantskjemaet, og det er den lokaltilknytte varianten som er teljande for informanten i den kvantitative undersøkinga sjølv om vedkomande ikkje differensierer eller segmenterer konsekvent. Eg har gjort det slik fordi eg ønskjer å registrera kor mange som i det heile realiserer den lokaltilknytte varianten av denne variabelen. På denne måten får eg òg betre fram variasjonen både på populasjons- og individnivå i språkundøringa.

Differensiasjon av *rn* til *dn* og/eller segmentasjon av *ll* til *dl* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.3 Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form

Den norrøne *r*-en i fleirtalsendinga i substantiv i ubunden form har falle bort over største delen av Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, medan han har halde seg over store delar av Austlandet. Aurland ligg i eit område der *-r* har falle bort i alle klassar. Det heiter t.d. *bøke* (f. pl. ub.) og *songa* (m. pl. ub). Morfemvokalen er enten *e* eller *a*, og opphavet til dei ulike vokalane finn vi både i det urnordiske stammebøyingssystemet, t.d. *myra* (f. pl. ub.) og *saue* (m. pl. ub.) og i genussystemet som utvikla seg i norrøn tid, t.d. *døre* (f. pl. ub.) og *hesta* (m. pl. ub.). I informantskjemaet har eg registrert alle feminine og maskuline substantiv som førekjem i pluralis ubunden form. I tillegg til bortfall/ikkje bortfall av *-r* har eg der registrert vokalen i fleirtalsmorfemet, men det er berre *opposisjonen* bortfall av *-r*/ikkje bortfall av *-r* som vert studert i den kvantitative delen av undersøkinga.

Bortfall av *-r* i pluralmorfemet i maskulinum og femininum ubunden form, er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.4 Infinitiv, endingsvokal

Aurland ligg i eit område der talemålet tradisjonelt vert kalla *a*-mål. Endingsvokalen er *a* både i infinitiv og i svake hokjønnsord. Det heiter t.d. både *å sykla* og *ei kann*. Eg har valt å undersøka infinitivsendinga fordi infinitivsformer er meir frekvente enn svake hokjønnsord i ubunden form. Verbgruppa som er einstava i infinitiv og har utlyd på rotvokalen, ser eg bort frå. I informantskjemaet har eg registrert alle førekomstane av verb i infinitiv hjå kvar informant. I rask tale hender det at infinitivsendinga vert assimilert og forsvinn, og nokre verb har apokoperte variantar, men i den kvantitative undersøkinga er det berre opposisjonen *a-infinitiv/e-infinitiv* som vert undersøkt. Dersom ein informant varierer og realiserer begge variantane, er det den dominerande varianten som er teljande i den kvantitative undersøkinga.

A som endingsvokal i infinitiv er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.5 Setningsmelodi, høgtone/lågtone

Prosodiske trekk er språktrekk som gjeld trykk, tonelag, stavingslengd og setningsmelodi. Prosodiske trekk ser ut til å vera heller stabile. Desse trekka er gjennomgåande den delen av talemålet som det til no er forska minst på sjølv om prosodisk variasjon er ein viktig språkleg variabel innom folkelingvistikken (Akselberg 2003b:128–129). ”Tonene i språket ligger til de grader i dagen for den som vil observere overflattisk, men de er bemerkelsesverdig utilgjengelige for den som vil studere dem vitenskaplig” (Hognestad 1997:13). Fordi tonemønstera i dei ulike talemålsvarietetane er så kompliserte, har eg valt eit prosodisk trekk som er lett å identifisera og kategorisera som enten lokaltilknytt eller ikkje-lokaltilknytt. Eg

har difor undersøkt korleis informantane realiserer setningsmelodien i ei prototypisk indikativsetning. Mønsteret for svingingane i tonegangen varierer frå dialekt til dialekt, men grovt sett kan ein rekna to måtar å realisera setningsmelodien på, enten ved *lågtone* eller *høgtone* (Sandøy 1993:125). Ved ei høgtonerealisering stig tonen mot slutten av ei realisert prototypisk indikativsetning. Ved ei typisk lågtone-realiserings fell tonen mot slutten av ei slik setning. I talemåla på Austlandet vert setningane tradisjonelt realisert ved ein lågtoneprosodi, medan realisasjonen på Vestlandet og i Nord-Noreg tradisjonelt skjer ved høgtone. I Aurland er høgtoneprosodien difor den lokaltilknytte varianten. Variabelen *setningsmelodi*, inneheld to kategoriar, *høgtone* og *lågtone*.

Høgtone er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.6 Personleg pronomener 1. person singularis, *eg*

Eg har valt ut to personlege pronomener, subjektformene av 1. person i singularis og pluralis. I singularis kan pronomeneret realiserast med eller utan opningskonsonanten *j* som i t. d. *jeg* eller *eg*. Å realisera pronomeneret utan *j* har størst geografisk utbreiing i Noreg. Tradisjonelt er det i hovudsak talemåla i dei austlege stroka av Austlandet og nokre bymål elles i landet som realiserer pronomeneret med opningskonsonanten *j*. I Aurland vert det tradisjonelt realisert som *eg* eller *e* alt etter konteksten. I denne undersøkinga er det opposisjonen *eg/jeg* som er interessant, altså om pronomeneret vert realisert med eller utan initial *j*.

Det personlege pronomeneret *eg* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.7 Personleg pronomener 1. person pluralis, *vi*

I pluralis vert det personlege pronomeneret hovudsakleg realisert som *vi* eller *me*. Den lokaltilknytte pronomenervarianten er *me*. Fonologisk sett er det ikkje heilt korrekt å kalla den tradisjonelle realiseringa av fleirtalspronomeneret i Aurland for *me*. Det vert oftast realisert som *mi* i tråd med den tradisjonelle uttalen av vokalen *e*. I denne undersøkinga er det opposisjonen *me/vi* som er interessant, og vokalkvaliteten i *me* vert ikkje systematisk undersøkt.

Det personlege pronomeneret *me* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.8 Spørjeord med *kv* i framlyd

I norrønt var det eit skilje mellom *kv*, *hv* og *v* i framlyd. Desse lydane har vorte utsette for assimilasjon i ulik grad og på ulik måte. For spørjeorda sin del har det resultert i at dei i store delar av landet vert uttala med *k* i framlyd og med *v* i framlyd i eit mindre område. I Aurland vert dei tradisjonelt uttala med *k* utan *v* i framlyd slik som i *kem*, *ka* og *kor*. Eg undersøker

dette språktrekket fordi eg oppdaga svært mange ulike spørjeord og stor variasjon blant informantane då eg ekserperte. Alle realiserte variantar av spørjeorda som har *kv* i framlyd i nynorsk skriftspråk er registrerte i informantskjema. Sjølv om *kvar* ikkje alltid fungerer som spørjeord og *kvarandre* ikkje er eit spørjeord, har eg rekna førekomstar av desse orda som belegg for denne variabelen for å få flest mogleg belegg. I den kvantitative undersøkinga har variabelen to variantar; spørjeord med *k* i framlyd og spørjeord med *v* i framlyd.

K i framlyd i spørjeord er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.9 Nektingsadverbet *ikkje*

Grovt skissert kan nektingsadverbet *ikkje* realiserast enten med ein palatal frikativ eller ein velar plosiv uttale av konsonanten *k*. Variabelen har såleis to variantar *ikkje* og *ikke*. I Aurland er den tradisjonelle uttalen *ikkje*. Denne variabelen har eg valt fordi eg mellom anna ville undersøkje om han kovarierer med pronomensvariabelen *eg*.

Palatal *k* i nektingsadverbet *ikkje* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.10 Kvantoren *noko*

Kvantoren *noko* vert uttala både med og utan *k* enten som *noko* eller *noe*. *Noko* har stor geografisk utbreiing i Noreg. I Aurland og elles i Indre Sogn vert ordet tradisjonelt realisert som *nåke*, med lang vokal (Bjørkum 1974, Breisnes 1975), men *noe* har i dag relativt stor utbreiing i nabokommunen Voss (Akselberg 2003b), og det kan vera interessant å studera realiseringa av denne variabelen hjå ungdom i Aurland. Ordet er transkribert som *nåke*, *noko* eller *noe*, alt etter korleis informanten uttalar ordet. I den kvantitative undersøkinga er det opposisjonen *nåke/noe* og *noko/noe* som er interessant, altså om kvantoren vert realisert med eller utan *k*.

Kvantoren *nåke* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.5.11 Vokalkvaliteten *a/e* i pronomenet/determinativen *det*

Uttalen av vokalen i pronomenet/determinativen *det* varierer i norsk mellom ein låg *a* og ein halvhøg *e* slik at ordet lyder enten som *da*, *dæ* eller *de*. I rask tale vert ofte den stavingsberande vokalen i *det* assimilert, og konsonanten *d* vert som ein del av første staving i ordet som følgjer etter. Det gjeld særleg viss det etterfølgjande ordet startar med ein vokal. I denne framstillinga kallar eg det for *framskoten posisjon* når talestraumen går litt saktare, og pronomenet/determinativen *det* får trykk og ikkje vert utsett for assimilasjon. Då vert *det* enten realisert som *de*, *dæ* eller *da*. Det er berre opposisjonen *da/de* som vert registrert, altså om vokalen er låg eller ikkje låg. Det er ikkje alltid like lett å avgjera vokalkvaliteten i uttalen

av *det*, men ordet er så frekvent at alle informantane leverer nok belegg til at eg kan avgjera om dei realiserer ein av variablane, eller om dei realiserer begge. Ordet vert transkribert *da* når det vert uttala slik, elles vert det transkribert *det*. Det er den dominerande varianten som er teljande i den kvantitative undersøkinga dersom ein informant realiserer både *da* og *det*.

Pronomenet/determinativen *da* er eit lokaltilknytt språktrekk.

3.6 Informantskjema og språklege registreringsvedlegg

Som vedlegg ligg ulike tabellar over språklege realiseringar på variabelnivå. Sjå vedlegg 1–7. Vedlegg 8–26, *Informantskjema* er 19 hjelpeskjema som gir oversyn over dei språklege realiseringane av kvar variabel hjå kvar informant. Fordi transkripsjonane ikkje er ein del av sjølve avhandlinga (jf. *Grunnlagsmateriale*), tener desse skjema som dokumentasjon av informantane sine språklege realiseringar (jf. *Føreord*). Informantskjema syner både kvantitative og kvalitative språklege funn. For nokre av variablane er det berre notert kva for ein variant informanten realiserer. Det gjeld variablar som ikkje er utsette for interindividuell variasjon. For andre variablar er kvar realising notert. Det gjeld variablar der ein informant realiserer to eller fleire ulike variantar. Eg har òg talt opp alle realiseringane av nokre av variablane for å få oversyn over variasjonen.

3.7 Innsamling av kulturelle bakgrunnsdata

3.7.1 Halvstrukturete livsverdintervju

Om lag tre månader etter at det språklege materialet var samla inn, kom eg tilbake til ungdomane. Då samla eg inn den andre delen av materialet, nemleg opplysningar om *korleis dei konstituerer kvardagsverda si*. Eg gjorde kvalitative djupintervju etter mønsteret som Steinar Kvale kallar ”det halvstrukturete livsverdenintervjuet” (Kvale 2001:21). Denne typen forskingsintervju har som mål ”å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolking av de beskrevne fenomenene” (Kvale 2001:21).

Ungdomane vart intervjuet éin og éin og intervjuet blei tekne opp på lydband. Opplysningane dei gir, kallar eg *kulturelle bakgrunnsdata*. Opphavleg hadde eg tenkt å samla inn desse data gjennom eit spørjeskjema med svaralternativa *ja* eller *nei*, men under innsamlinga av det språklege materialet observerte eg at ungdomane var svært ulike både intellektuelt sett og med omsyn til mogning. Eg var difor redd ungdomane ikkje ville forstå og tolka eit spørjeskjema likt. Vidare vurderte eg ein kvalitativ metode som betre eigna for å få fram valide og reliable kulturelle bakgrunnsdata. Eg omarbeidde difor spørjeskjemaet til ein intervjugaid (jf. vedlegg 27).

Randi Benedikte Brodersen diskuterer ulike sosiolingvistiske intervjumetodar (2000). Ho viser til offentlege intervju som vert presenterte i media og karakteriserer dei ved ein fast struktur mellom spørsmål og svar, eit fast asymmetrisk tilhøve mellom intervjuar og respondent og ei fast oppgåvefordeling:

Intervieweren åbner og styrer samtalen, stiller forholdsvis korte og passende spørsmål om visse emner, bestemmer samtaleemnet og emneskift og vender evt. tilbake til bestemte uttalelser i løbet af samtalen. Intervieweren har hele tiden kontrol over situationen, og begge parter holder sig til det aktuelle emne. Respondenterne svarer, helst både villigt og udførligt. De forventer klare og relevante spørsmål frå intervieweren og at intervieweren ikkje trøder ud af sin interviewerrolle (jf. fx Nordberg 1982:104) (Brodersen 2000:92).

Sjølv om eg ikkje definerer dei halvstrukturert livsverdintervjua eg gjorde som offentlege intervju, meiner eg at Brodersen sin karakteristikk høver også for desse intervjua. For å stimulera til refleksjon og for å få informantane til å komma med eigne synspunkt, nytta eg *kvifor*-spørsmål relativt ofte. Kvale hevdar at bruken av mange slike spørsmål kan gi informantane ei kjensle av å vera oppe til eksamen, og at det først og fremst er forskaren og ikkje intervjuobjekta som skal tolka utsegnene deira og sjå samanhengar (Kvale 2001:87). I intervjua var desse spørsmåla likevel naudsynte for å få fram ungdomane sine synspunkt og oppfatningar både av språket og kvardagsrøynda.

3.7.2 Intervjusituasjon

For informanten var intervjusituasjonen i utgangspunktet nokså lik samtalesituasjonen ho/han opplevde tre månader tidlegare. Vi sat i det same vesle rommet som sist, men no var eg samtalepartnaren til informanten. Før opptaket starta, forklarte eg litt om kva samtalen kom til å dreia seg om og understreka at det var hennar/hans meiningar eg var interessert i. Eg minte òg om at ingen andre enn eg kom til å lytta på samtaleopptaka. Intervjugaiden hadde eg framføre meg heile tida. Eg las aldri opp spørsmåla, men snakka medan eg såg på informanten. Målet var å få ungdomane i tale, og eg freista konsentrera meg om å lytta for å kunna gripa tak i det dei sa og gå vidare med det og samtidig halda ut i pausar i påvente av meir tale. Eg aksepterte likevel at svara ikkje alltid var utførlege, og gjekk vidare i samtalen når informantane svara "veit ikkje".

Det er fleire faktorar som kan ha påverka kva informantane sa under intervjuet. Dei var berre 16 år og var ikkje førebudde på spørsmåla som blei stilte før dei blei bedne om å formulera synspunkt på tilhøve som dei kanskje ikkje hadde tenkt over på førehand. At intervjua fann stad på skulen i undervisningstida, og at det var kjend at intervjuaren var interessert i norsk språk, kan òg ha verka styrande på svara ungdomane gav. At intervjua blei

tekne opp på band, såg ikkje ut til å påverka informantane undervegs. Liknande røynsler har andre forskarar rapportert tidlegare (t.d. Røyneland 2005, Høyland 2005). Opptaksutstyret var aurlandsungdomane vande med frå samtaleopptaka tidlegare, og det var ingen som gav det merksemd. Opptaksutstyret kan nok ha gjort situasjonen meir formell enn han elles ville ha vore, men ungdomane oppførde seg tillitsfullt og liketil.

3.7.3 Transkripsjon av intervju

I intervju er det innhaldet som er interessant, ikkje språket. Då intervju skulle overførast frå ei munnleg til ei skriftleg form, valde eg difor å transkribere alle på nynorsk, som òg er den skriftlege målforma alle informantane fortel at dei nyttar. Einskilte ord og uttrykk som ikkje finst i nynorsk, er likevel transkriberte ordrett dersom dei skil seg svært mykje frå den nynorsk skriftmålsnorma. Det gjeld t.d. ord som *hvert fall*, *selvfølgeleg* og *åssen*. For å behalda den munnlege stilen er elles intervju transkriberte på same måte som informantsamtalane i høve til teiknsettinga (jf. pkt. 3.3.4). Intervjutranskripsjonane er samla i *Grunnlagsmateriale* og er ikkje ein del av sjølv avhandlinga (jf. Føreord). Informantane sine rapporterte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta er likevel ikkje presenterte i egne vedlegg fordi fig. 16, 17 og 18 i sjølv avhandlinga gir ein samla presentasjon av desse både på informantnivå og feltnivå. Sjå også pkt. 4.7 *Informantportrett*.

3.7.4 Feltilnærming og intervjugaid

I teorikapitlet gjorde eg kort greie for Bourdieus kultursosiologi og Akselberg si modifisering av feltomgrepet (Akselberg 1995:156–180). Eg gjorde òg greie for krava eg stilte til felta (jf. pkt. 2.4).

Akselberg nyttar termen *sosiale felt*, og han deler aktivitetsområda inn i *tradisjonelle* og *moderne felt* (Akselberg 1995:168–169). Fordi eg først og fremst legg vekt på kva slags aktivitet som går føre seg i dei ulike felta, har eg i staden valt termen *kulturelle felt*. I staden for å dela felta inn i kategoriane *tradisjonelle* og *moderne*, deler eg felta inn to hovudkategoriar som eg kallar *lokalforankra felt* og *ikkje-lokalforankra felt*. Dei *lokalforankra felta* er aktivitetsområde på heimstaden som er opne for alle ungdomane. Aktivitetane har ein sterk grad av fysisk, mental og delvis ideologisk orientering mot heimstaden. Dei *ikkje-lokalforankra felta* er aktivitetsområde som òg er opne for alle, men dei vantar den sterke graden av lokal orientering og er i staden er meir orienterte mot verda utafor Aurland. Til saman vert følgjande sju felt definerte i undersøkinga:

1. Vangen og ungdomsklubben
2. Den heimlege naturen
3. Idrett
4. Musikk
5. Utdanning
6. Reising
7. Media

Dei fire første felta er grupperte i kategorien *lokalforankra felt* fordi aktiviteten i felta fysisk, mentalt og delvis ideologisk er orientert mot heimstaden Aurland. Dei tre siste felta er kalla *ikkje-lokalforankra felt* fordi aktiviteten i desse felta i sterkare grad er orientert mot verda utafor Aurland (jf. pkt. 3.7.6).

Intervjugaiden er delt i to (jf. vedlegg 27). Første delen er laga som eit *feltskjema* som består av spørsmål om ungdomane sine aktivitetar, *handlingar*, og synspunkt på aktivitetar, *haldningar*, innafor dei sju felta ovafor. Spørsmåla om haldingar krev litt meir ettertanke og refleksjon hjå ungdomane enn spørsmåla om konkrete aktivitetar, handlingar. Både handlingane og haldningane deira reknar eg som uttrykk for korleis dei konstituerer kvardagsverda si. Intervjugaiden er bygd opp slik at samtalen går frå det nære til det litt fjernare og frå det konkrete til det meir abstrakte. Den andre delen av intervjugaiden består av spørsmål om a) røynsler og haldningar til sitt eige og andre sitt talemål, og b) kva forhold ungdomane har til heimstaden, Aurland. Her blir informantane bedne om å gi uttrykk for eigne meininger, og det vert stilt større krav til refleksjon og mognad. Desse to tilleggsregistreringane handsamar eg på same måte som dei kulturelle felta, og eg reknar dei som lokalforankra felt (jf. 3.7.6, felt 8 og 9). I bakgrunnsundersøkinga operasjonaliserer eg altså seks lokalforankra og tre ikkje-lokalforankra kulturelle felt.

3.7.5 Kvantitativ handsaming av kulturelle bakgrunnsdata

Det er problematisk å få tilgang til ungdomane si livsverd direkte. I den kulturelle bakgrunnsundersøkinga registrerer eg ho indirekte ved å innhenta opplysningar om informantane si deltakinga i dei ni kulturelle felta frå dei kvalitative livsverdintervjua. I den kvantitative delen av undersøkinga, har eg valt *enten ei handling eller ei haldning* som *representativ* for kvart felt. Eg skil ikkje kvalitativt mellom handlingar og haldningar, men slår dei saman til eitt aktivitetsuttrykk som eg kallar *handling/haldning*. Desse handlingane/haldningane deler eg inn i to kategoriar alt etter kva felt dei vert uførte i. For

kvart av dei seks *lokalforankra felta* har eg valt ut *ei representativ lokalforankra handling/haldning*, og for kvart av dei tre *ikkje-lokalforankra felta* har eg valt ut *ei representativ ikkje-lokalforankra handling/haldning* (jf. pkt. 3.7.6).

Som eg har nemnt tidlegare (jf. pkt. 1.4), relaterer eg dei kvantitative kulturelle funna til dei språklege funna, og undersøker om det er nokon samheng mellom å realisera lokaltilknytte/ikkje-lokaltilknytte språktrekk og å utføra lokalforankra/ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta (jf. pkt. 4.5).

3.7.6 Dei einskilte felta og tilleggsregistreringane i intervjugaiden

Lokalforankra felt

1) Vangen og ungdomsklubben

Vangen (Aurlandsvangen), idrettsbana og ungdomsklubben i kjellaren på Aurland idretts- og samfunnshus er møteplassar med opne sosiale fellesskap der alle ungdomane i utgangspunktet har høve til å delta i. Desse tre stadene ligg alle innafor ein radius av 300 m, og på klubbkveldane samlast ungdomane her; kring benkar, langs husveggar, inne i klubblokalet og er elles i rørsle alt etter årstida og vêret. Det er først og fremst samtalane som ungdomane har seg i mellom som er aktiviteten i dette feltet. Feltet er definert som lokalforankra fordi informantane sin aktivitet i dette feltet syner at det sosiale livet deira på fritida er knytt til eit sosialt fellesskap i det offentlege rommet på heimstaden.

Å gå på klubben er *ei lokalforankra handling/haldning*.

2) Den heimlege naturen

Aurland barne- og ungdomsskule har i fleire år vore pilotskule for eit landsfemnande prosjekt ”Levande skule”, og ungdomane har delteke i arbeid i skulehagen og brukt både den nære utmarka og fjellområda elles til leik og læring. Fjellområda i Aurland er føresetnaden for mest all næringsverksemd i kommunen, slik som t.d. turisme, vasskraft, jordbruk, jakt og fiske, og det er ikkje utan vidare eit skarpt skilje mellom bruk av naturen til rekreasjon og til næringsverksemd hjå folk. Aktiviteten i dette feltet er for ungdomane sin del først og fremst rekreasjon ute i det nære utmarksterrenget eller til fjells. Fordi denne aktiviteten også kan vera styrt av skulen eller foreldra, har eg lagt vekta på å få fram ungdomane si eiga meining om denne aktiviteten.

Å villa bruka fjellet i framtida er *ei lokalforankra handling/haldning*.

3) Idrett

Idrett er òg eit lokalforankra felt sjølv om aktiviteten i dette feltet ofte fører med seg reising ut av kommunen når ungdomane skal delta i tevlingar og kampar. Trening og uorganisert idrett er lokalisert til idrettsbana og idretts- og samfunnshuset heile året, medan tevlingane utafor kommunen er sesongaktivitetar. Når ungdomane reiser ut for å tevla, syner dei gjerne kven dei er ved å kle seg i idrettslaget sine jakker der 'merkelappen' på ryggen tydeleg fortel at dei kjem frå Aurland. Dei er i sterk grad orienterte mot heimstaden også når dei reiser ut. Oftast reiser dei òg som eit lag, som ved lagidrettane fotball og handball.

Å driva med organisert idrett eller skyting er ei *lokalforankra handling/haldning*.

4) Musikk

Musikk er òg kategorisert som eit lokalforankra felt. Å driva med musikk er ikkje i seg sjølv ei lokalforankra handling/haldning. Eg har likevel kategorisert dette feltet som lokalforankra fordi det ser ut som all sosial musikkaktivitet mellom ungdomane i Aurland skjer i regi av musikkskulen. Den lokale musikk- og kulturskulen har ressursar nok til å ta inn alle elevar som ønskjer plass, og dei legg til rette for samspel for elevane. Det er særleg toradarsamspel og bandaktivitetar som mange er engasjerte i, og øvingane skjer på skulen etter skuletid. Ungdomane musiserer i svært liten grad med andre utafor kommunen.

Å vera med i musikkskulen er ei *lokalforankra handling/haldning*.

Ikkje-lokalforankra felt

5) Utdanning

Når 16-åringane har avslutta grunnskulen, reiser dei ut av Aurland kommune for å gå på vidaregåande skule. Dei aller fleste flyttar til Sogndal på hybel. Nokre av dei som vel yrkesfagleg utdanningsprogram får lærlingplass i Aurland etter to år ute. Dei som planlegg å gå på studiespesialiserande utdanningsprogram på vidaregåande skule, er klar over at dei lyt vera vekke frå heimstaden ein lang utdanningsperiode også etter at dei er ferdige med den treårige skulegangen i Sogndal. Sjølv om dei ikkje har bestemt seg for kva utdanning dei vil velja, har dei planar om å studera vidare og dermed bu utafor heimstaden etter avslutta vidaregåande skule. Ein slik plan er ikkje-lokalforankra.

Å planleggja å gå på studiespesialiserande utdanningsprogram på vidaregåande skule er ei *ikkje-lokalforankra handling/haldning*.

6) Reising

Aktiviteten i feltet *Reising*, er reiseaktivitetar ut av og utafor kommunen. Å reisa ut av kommunen er ei ikkje-lokalforankra handling, sjølv om slett ikkje all reising ut av kommunen er motivert av ei sterk orientering bort frå heimbygda. For å få fram ei representativ handling/haldning i dette feltet, har eg undersøkt korleis ungdomane stiller seg til å reisa bort frå heimbygda i ferien.

Å føretrekkja å vera borte frå Aurland i heile eller delar av ferien er ei *ikkje-lokalforankra handling/haldning*.

7) Media

Media er eit *ikkje-lokalforankra felt* fordi ungdomane oftast er passive deltakarar og mottakarar av eit tilbod som ikkje er knytt til lokalmiljøet og vert styrt utafra enten frå Oslo eller utanlandske mediesentra. Media speglar i liten grad den lokale kulturen. Rett nok brukar ungdomane media til å kommunisera med kvarandre lokalt via MSN, men å sjå på fjernsyn skjer i eit kulturelt felt som ikkje er lokalt forankra. Haldninga ungdomane har til å sjå på fjernsyn representerer feltet *Media*.

Å ikkje ha motførestillingar mot å sjå på fjernsyn er ei *ikkje-lokalforankra handling/haldning*.

Tilleggsregistreringar: Erfaringar og haldningar til eigen og andre sin språkbruk og erfaringar og haldningar til heimstaden

8) Aurlandsdialekten

Ungdomane får fleire spørsmål om haldningar og røynsler dei har gjort i høve til sitt eige og andre sitt talemål. Haldninga dei har til aurlandsdialekten representerer dette feltet.

Å tykkja aurlandsdialekten er 'fin' er ei *lokalforankra handling/haldning*.

9) Heimstaden

Ungdomane får fleire spørsmål som vedrører tilknyttinga og synet deira på heimstaden. Haldninga dei har til spørsmålet om å busetja seg i Aurland som vaksne, representerer dette feltet.

Å kunna tenkja seg å komma tilbake til Aurland for å bu der som vaksen er ei *lokalforankra handling/haldning*.

3.8 Kvalitative informantportrett

I den kvantitative undersøkinga leitar eg etter overordna mønster og samanhengar. Når ein hentar kvantitative data ut av kvalitative intervju (jf. pkt. 3.7), skjer ei tolking på to nivå; først når nokre data vert plukka ut til fordel for andre, deretter når nyanserte svar vert tolka av forskaren og reduserte til eit *ja* eller *nei*. For å få fram nyansar og djupn i dei kulturelle data har eg difor portrettert kvar informant (jf. pkt. 4.7). Først vert dei kvantitative kulturelle og språklege funna skjematisk presenterte. Deretter gjer eg greie for den interindividuelle språklege variasjonen. Desse kvalitative data er ikkje med i den kvantitative undersøkinga. Vidare presenterer eg meiningar og refleksjonar som ungdomane særleg uttrykte i siste delen av intervjuet der samtalen dreidde seg om talemålsbruk og haldningar til talemålet og heimstaden. Desse meiningsytringane modifiserer og supplerer dei kvantitative kulturelle data og utdjupar motiva den einskilte kan ha for språkvala sine. Eg har i stor grad valt å presentera ungdomane sine refleksjonar gjennom deira eigne utsegner, og for å få fram det typiske for kvar informant har eg gjort eit skjønsmessig utval av sitat og meiningsytringar frå informantintervjua. Samstundes har eg lagt vekt på å syna breidda av refleksjonar og meiningar i heile populasjonen. Opplysningane i informantportretta er det empiriske grunnlaget for drøftinga i pkt. 5.3.

3.9 Foreldra sitt talemål

Dei sosiale nettverka i eit lite bygdesamfunn som Aurland er tette, og relasjonane er multiplekse. Eg kjende difor til informantane sine foreldre og talemålet deira frå ulike situasjonar før eg gjorde feltarbeidet. Fordi det ikkje alltid er samsvar mellom geografisk og språkleg bakgrunn, har eg kartlagt og kategorisert foreldra sitt talemål eksplisitt (jf. pkt. 4.6). Medan eg arbeidde med dei språklege data, sytte eg for å få snakka med og observert talemålsrealiseringane til alle foreldra. Talemålet deira er ikkje undersøkt systematisk og detaljert som informantane sitt, men eg meiner at presisjonsnivået er tilstrekkeleg i høve til kategoriseringa eg har gjort av talemåla deira. Det er òg tilstrekkeleg for å få fram relevante skilnader og likskapar i informantane sine språklege påverknader i heimen (jf. pkt. 5.4.3 og 5.4.3).

3.10 Frå metode til presentasjon

I dette kapitlet har eg gjort greie for feltarbeidet og den metodiske handsaminga av datamaterialet. I neste kapittel presenterer eg både dei språklege og dei kulturelle funna, og eg studerer relasjonen mellom dei.

4 PRESENTASJON AV FUNNA

4.1 Innleiing

I dette kapittelet vert først dei språklege kvantitative data presenterte samla for heile populasjonen (jf. pkt. 4.2). Deretter vert realiseringane av kvar enkelt av variablane presenterte både kvantitativt og kvalitativt (jf. pkt. 4.3). Dei kvantitative resultata av den kulturelle intervjuundersøkinga vert presenterte i pkt. 4.4. I pkt. 4.5. studerer eg relasjonen mellom dei kvantitative språklege og kulturelle bakgrunnsdata. I pkt. 4.6 samanliknar eg informantane og foreldra sitt talemål. Til slutt vert kvar informant portrettert (jf. pkt. 4.7).

4.2 Presentasjon av språklege funn

4.2.1 Samla presentasjon

Samtalane varar frå 30 til 38 minutt og varierer frå 3600 til 6800 ord. Det er difor ulik mengd belegg for éin og same variabel hjå kvar informant (jf. vedlegg 8–27). Nokre av informantane varierer og nyttar både *lokaltilknytt variant* og *ikkje-lokaltilknytt variant* av ein variabel. Denne interindividuelle variasjonen er det ikkje teke omsyn til i den kvantitative undersøkinga (jf. 4.2.2). Variasjonen for kvar variabel vert likevel presentert både på populasjons- og individnivå under pkt. 4.3 og på individnivå under informantportretta (jf. pkt. 4.7). Fig. 1 syner dei kvantitative språklege funna:

Oversynstabell over alle dei språklege variablane				
Variabel	Tal informantar som realiserer <i>lokaltilknytt variant</i>	Tal informantar som realiserer <i>ikkje-lokaltilk. variant</i>	Prosent informantar som realiserer <i>lokaltilknytt variant</i>	Prosent informantar som realiserer <i>ikkje-lokaltilk. variant</i>
Pronomenet <i>eg</i>	17	2	89%	11%
Kvantoren <i>noko</i>	16	3	84%	16%
Spørjeord med <i>kv</i> i framlyd	16	3	84%	16%
Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	15	4	79%	21%
Substantiv, f. og m., pluralmorfem, ub.	15	4	79%	21%
Setningsmelodi	13	6	68%	32%
Pronomenet/determinativen <i>det</i>	13	6	68%	32%
Infinitivsending <i>a</i> eller <i>e</i>	12	7	63%	37%
Pronomenet <i>vi</i>	12	7	63%	37%
Diftongen <i>ao</i>	8	11	42%	58%
Differensiasjon og/el. segmentasjon	7	12	37%	63%
Gjennomsnittleg fordeling	13	6	69%	31%

Figur 1: Prosentvis fordeling av variantar på variabelnivå

Tabellen i fig. 1 syner kor mange informantar som realiserer ein *lokaltilknytt variant* og kor mange informantar som realiserer ein *ikkje-lokaltilknytt variant* av kvar av dei undersøkte variablane. Tabellen syner òg den prosentvise fordelinga for dei to variantane av kvar variabel. Prosenttala har eg avrunda til heile tal fordi eg meiner det er presist nok. Å presentera desimaltal kan gi inntrykk av at tala representerer meir eksakte storleikar enn dei gjer her. I tabellen er variablane ordna slik at dess fleire informantar som realiserer variabelen ved ein lokaltilknytt variant di høgare opp i tabellen står variabelen.

4.2.2 Samanlikning av realiseringane av dei ulike språklege variablane

Fig. 2 nedafor illustrerer *hierarkisk* korleis dei elleve variablane vert realiserte. Di færre som nyttar den lokaltilknytte varianten av ein variabel, dess lenger til høgre i *variabelrekkeja* står kolonnen som representerer variabelen. Tala i kolonnane og fargen på rutene syner fordelinga mellom lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte variantar hjå informantane:

Variablar →	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv-ord</i>	<i>ikkje</i>	<i>Morfem</i>	<i>Setn.-mel.</i>	<i>det</i>	<i>Inf.-end.</i>	<i>me</i>	<i>Dift.ao</i>	<i>Diff./seg.</i>
Tal informantar	17	16	16	15	15	13	13	12	12	8	7
Tal informantar	2	3	3	4	4	6	6	7	7	11	12

Lokaltilknytt variant: Ikkje-lokaltilknytt variant:

Figur 2: Realiseringar av lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk

Både fig. 2 ovafor og presentasjonen i pkt. 4.1.1 syner at det er stor skilnad på utbreiinga av dei lokaltilknytte trekk. 17 ungdomar realiserer t.d. den lokaltilknytte varianten *eg*, medan

berre sju differensierer og/eller segmenterer. Desse sju ungdomane realiserer einast lokaltilknytte variantar, medan to informantar realiserer berre ikkje-lokaltilknytte variantar. At skiljet mellom det kvite og grå feltet er diagonalt og ikkje horisontalt, syner at dei andre elleve ungdomane i ulik grad realiserer lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk. Fig. 3 syner korleis variantane fordeler seg på kvar informant. Her er informantane rangerte etter talet på realiserte lokaltilknytte språktrekk. Di fleire lokaltilknytte variantar ein ungdom realiserer, dess høgare opp i rutenettet er ho/han plassert. Dinest er informantane rangerte etter talet på lokalforankra/ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar dei har i dei kulturelle felta. (jf. pkt. 4.5.1, fig. 19). Denne rangeringa av informantar, kallar eg *informanttrekkja*:

Variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor- fem	Setn.- mel.	<i>det</i>	Inf.- end.	<i>me</i>	Dift. <i>ao</i>	Diff./ segm.
Namn											
Bjørn											
Rune											
Hans											
Øyvind											
Vidar											
Magne											
Hilde											
Sigurd											
Frøydis											
Terje											
Lisa											
Morten											
Stein											
Eirik											
Guro											
Ragnar											
Bjarte											
Kari											
Silje											

Lokaltilknytt variant:  Ikkje-lokaltilknytt variant: 

Figur 3: Språklege realiseringar på informantnivå

Fig. 3 syner at det diagonale skiljet mellom lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte variantar vert brote av 4 informantar. Dette utdjupar eg under informantportretta (jf. pkt. 4.7). Det diagonale skiljet vert drøfta under pkt. 5.2.2.

I fig. 4 på neste side har eg gruppert informantane i tre ulike *talemåls* kategoriar:

1. Dei som realiserer einast lokaltilknytte variantar har eit lokaltilknytt talemål.
2. Dei som realiserer 50–99% lokaltilknytte variantar har eit delvis lokaltilknytt talemål.
3. Dei som realiserer 0–50% lokaltilknytte variantar har eit ikkje-lokaltilknytt talemål.

Informantar	Informanten sin % av lokaltilknytte variantar	Informanten sitt talemål
Bjørn	100	Lokaltilknytt talemål
Rune	100	
Hans	100	
Øyvind	100	
Vidar	100	
Magne	100	
Hilde	100	
Sigurd	91	Delvis lokaltilknytt talemål
Frøydis	82	
Terje	82	
Lisa	82	
Morten	64	
Stein	55	
Guro	55	
Eirik	55	Ikkje-lokaltilknytt talemål
Ragnar	27	
Bjarte	18	
Kari	0	
Silje	0	

Figur 4: Informantane grupperte i tre ulike talemålsskategoriar

4.3 Kvar enkelt variabel

4.3.1 Personleg pronomen 1. person singularis, *eg*

<i>eg</i>	<i>jeg</i>	<i>eg</i>	<i>jeg</i>
17 informantar	2 informantar	89%	11%

Figur 5: Personleg pronomen 1. person singularis, *eg*

17 informantar realiserer dette pronomenet som *eg*, medan berre to informantar realiserer *jeg*. Dette er den variabelen der den lokaltilknytte varianten dominerer sterkast. Variabelen er ikkje utsett for intraindividuell variasjon anna enn hjå éin informant. Ungdomane realiserer enten *eg* eller *jeg*, sjølv om realiseringane varierer mellom *eg* og *e* eller *jæi* og *jæ*.

89% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *eg* av variabelen *personleg pronomen 1. person singularis*.

4.3.2 Kvantoren *noko*

<i>noko</i>	<i>noe</i>	<i>noko</i>	<i>noe</i>
16 informantar	3 informantar	84%	16%

Figur 6: Kvantoren *noko*

16 informantar realiserer kvantoren som *noko* og tre informantar realiserer han som *noe*. Berre éin av informantane varierer mellom dei to variantane. Til liks med variabelen

spørjeord med kv i framlyd, har denne variabelen nest høgaste skår for den lokaltilknytte varianten.

84% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *nåke* av variabelen *nektingsadverbet noko*.

4.3.3 Spørjeord med kv i framlyd

<i>k</i>	<i>v</i>	<i>k</i>	<i>v</i>
16 informantar	3 informantar	84%	16%

Figur 7: Spørjeord med kv i framlyd

16 informantar realiserer spørjeorda med *k* i framlyd, som er den lokaltilknytte varianten. Berre tre informantar realiserer spørjeorda med *v* i framlyd. På individnivå er ikkje variabelen utsett for variasjon. Totalt er det belegg for 18 ulike spørjeord med *k* i framlyd og seks ulike spørjeord med *v* i framlyd. Informantane som realiserer spørjeorda med *kv* i framlyd har eit gjennomsnittleg belegg på 20, medan informantane som realiserer den ikkje-lokaltilknytte varianten med *v* har eit belegg på 13 i gjennomsnitt (jf. vedlegg 2 og 3).

84% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *k* av variabelen *spørjeord med kv i framlyd*.

4.3.4 Nektingsadverbet ikkje

<i>ikkje</i>	<i>ikke</i>	<i>ikkje</i>	<i>ikke</i>
15 informantar	4 informantar	79%	21%

Figur 8: Nektingsadverbet *ikkje*

15 informantar realiserer nektingsadverbet som *ikkje* og fire informantar realiserer det som *ikke*. Nektingsadverbet er frekvent og er ikkje utsett for variasjon på individnivå.

79% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *ikkje* av variabelen *nektingsadverbet*.

4.3.5 Substantiv, fem. og mask, pluralmorfem i ubunden form

—	<i>-r</i>	—	<i>-r</i>
15 informantar	4 informantar	79%	21%

— = informantane realiserer ikkje *-r*

Figur 9: Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form

15 informantar realiserer den lokaltilknytte varianten og har bortfall av *-r* i pluralmorfemet. Fire informantar realiserer morfemet med *-r*. Av dei 15 informantane som realiserer den

lokaltilknytte varianten, varierer fire av dei mellom *-r* og bortfall av *-r*. Alle fire har bortfall av *-r* etter morfemvokalen *a* som i *steina* og *turneringa*. Elles varierer dei mellom å realisera morfemet med *-e* som i *kjegle* eller med *-er* som i *striper*. Dømet nedafor syner korleis ein informant kan variera pluralmorfemet:

ja (HUMRING) det er litt langt frå folk men vi har no nåken *naboa* og så har vi mange *saue* og mange *geiter* = ja

Den ikkje-lokaltilknytte varianten av pluralmorfemet har berre éi form, nemleg *-er*, og er uavhengig av kjønn og bøyingsklasse. To av dei fire ungdomane som realiserer denne varianten, har ikkje bortfall av *-r* i det heile. Dei andre to realiserer bortfall av *-r* i eitt tilfelle kvar. Sjølv om den lokaltilknytte varianten dominerer sterkt på gruppenivå i den kvantitative undersøkinga, er han ikkje like dominerande på individnivå.

79% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten av variabelen og har bortfall av *-r* i *substantiv, femininum og maskulinum, pluralis, ubunden form*.

4.3.6 Setningsmelodi, høgtone/lågtone

Høgtone	Lågtone	Høgtone	Lågtone
13 informantar	6 informantar	68%	32%

Figur 10: Setningsmelodi

13 informantar realiserer typiske indikativsetningar med høgtone, og seks informantar realiserer dei med lågtone. Alle er konsekvente bortsett frå to informantar. Éin informant som har eit lågtonetalemål, skil seg ut ved å realisera ein høgtonemelodi mot slutten av fleire replikkar gjennom heile samtalen. Éin informant realiserer ein høgtoneprosodi einast i to relativt korte ytringar.

68% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *høgtone* av variabelen *setningsmelodi*.

4.3.7 Vokalkvaliteten *a/e* i pronomenet/determ. *det* i framskoten posisjon

<i>da</i>	<i>det</i>	<i>da</i>	<i>det</i>
13 informantar	6 informantar	68%	32%

Figur 11: Vokalkvaliteten *a/e* i pronomenet/determ. *det* i framskoten posisjon

13 informantar realiserer pronomenet/determinativen som *da* når ordet står i framskoten posisjon og elles ikkje blir utsett for assimilasjon. Berre sju av dei 13 er konsekvente. Dei andre seks informantane varierer i ulik grad mellom å realisera *da* og *det*, men den

lokaltilknytte varianten *da* dominerer hjå alle (jf. vedlegg 1). Den lokaltilknytte varianten er altså ikkje så dominerande på individnivå som på gruppenivå fordi han i nokså høg grad er utsett for interindividuell variasjon. Dei siste seks informantane realiserer variabelen einast som *det*.

68% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *da* av variabelen *pronomenet /determinativen det*.

4.3.8 Infinitiv, endingsvokal

<i>a</i>	<i>e</i>	<i>a</i>	<i>e</i>
12 informantar	7 informantar	63%	37%

Figur 12: Infinitiv, endingsvokal

12 informantar realiserer *a* som endingsvokal i infinitiv, og sju informantar realiserer *e*. Men også her er det variasjon på individnivå. Av dei sju informantane som realiserer endingsvokalen som *e*, realiserer éin av dei *a* i alle jamvektsverba. Ein annan gjer det i nokre jamvektsverb. Tre av dei tolv informantane som realiserer endingsvokalen *a*, har innslag av infinitivsformer som endar på *e*. Det er ingen tendens til at jamvektsverba vert mindre råka av vokalreduksjonen enn andre verb. Her ser vi korleis éin informant kan variera:

Terje: besøkte du familie eller sånt?
Morten: ja eg gjorde nok da
Terje: eg = meste eg gjorde var vel å *sova* og *jobba* og *køyre* båt

Hjå 17 av informantane, altså i begge realiseringsgruppene, er det fleire døme på at endingsvokalen er apokopert. Det gjeld spesielt infinitivsforma *vera* som vert realisert som *ver* eller endå oftare *ve*. Alle 19 informantane har belegg for infinitivsforma av dette verbet, og 16 av dei realiserer den apokoperte forma (jf. vedlegg 5 og 6).

63% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *a* av variabelen *endingsvokal i infinitiv*.

4.3.9 Personleg pronomen 1. person pluralis, *vi*

<i>me</i>	<i>vi</i>	<i>me</i>	<i>vi</i>
12 informantar	7 informantar	63%	37%

Figur 13: Personleg pronomen 1. person pluralis, *me*

Tolv informantar realiserer pronomenet *me*. To av dei realiserer *vi* høvesvis éin og to gonger. Dei andre sju informantane realiserer *vi*. Éin av dei realiserer *me* éin gong. Elles er det ingen

interindividuell variasjon. Informantane realiserer enten *me* eller *vi*, men uttalen av *me* varierer mellom *mi* og *me*. Dei fleste realiserer oftast *mi*, i alle fall i trykktung posisjon.

63% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *me* av variabelen *personleg pronomén 1. person pluralis*.

4.3.10 Diftongen *ao*

Diftongerer	Diftongerer ikkje	Diftongerer	Diftongerer ikkje
8 informantar	11 informantar	42%	58%

Figur 14: Diftongen *ao*

Åtte informantar realiserer diftongen *ao* og elleve informantar diftongerer ikkje i det heile. Grappa på åtte varierer heile tida mellom å diftongera og ikkje diftongera. Same ordet kan til og med variera som i dette dømet:

Hilde: faen at me måtte farga detta *håret* til Vanessa
Medeleiv: ja men det er ikkje noko fint der då
Hilde: nei men eg hadde lyst å få *hybelen* = hadde ikkje me farga detta *haoret* hinnas

Eg har korkje undersøkt diftongeringsprosenten eller diftongkvaliteten (jf. pkt. 3.5.1) i populasjonen. For Hans og Hilde undersøkte eg diftongeringsfrekvensen fordi desse to har høvesvis flest og færrest belegg for diftongering. Hans diftongerer 63% av moglege belegg, medan tilsvarande tal for Hilde er 36%. Diftongering er ikkje eit produktivt språktrekk. Nyare ord vert vanlegvis ikkje diftongerte. Det kan likevel skje, og i samtalané finst det eit døme på nettopp dette der stammevokalen i verbet *å råna* vert diftongert:

Hans: ke du dreiv med i jaor dao?
Bjørn: ke eg gjorde i jaor? = jo i jaor var eg ute og *raona* med han Tore
Hans: ja

42% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten *diftongen ao*.

4.3.11 Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl*

Differensierer og/eller segmenterer	Korkje differensierer eller segmenterer	Differensierer og/eller segmenterer	Korkje differensierer eller segmenterer
7 informantar	12 informantar	37%	63%

Figur 15: Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl*

Tolv informantar korkje differensierer eller segmenterer. Dei andre sju informantane realiserer den lokaltilknytte varianten ved å differensiera og/eller segmentera. Fire av desse

sju både differensierer og segmenterer, éin informant berre differensierer, medan to berre segmenterer (jf. vedlegg 7). På populasjonsnivå dominerer altså dei udifferensierte og usegmenterte formene. Det er berre døme på morfologisk differensiasjon, t.d. *augedn* og *kannedn*. Det er såpass få døme på dette pluralmorfemet i materialet at det er uråd å seia noko sikkert om den interindividuelle variasjonen. Eg konstaterer likevel at det er éin informant som realiserer einast differensierte former (jf. vedlegg 26). Det er òg relativt få belegg for segmentasjon (jf. vedlegg 7).

37% av ungdomane realiserer den lokaltilknytte varianten av variabelen *differensiasjon/segmentasjon* og realiserer enten *dn* og/eller *dl*.

4.4 Presentasjon av informantane si deltaking i dei kulturelle felta

Under pkt. 3.7 gjorde eg greie for framgangsmåten for innsamlinga av dei kulturelle data, dei kulturelle felta og dei *representative handlingane/haldning* for kvart felt. Fig. 16 nedafør syner felta som kvar ungdom har delteke i. Tilleggsregistreringane er handsama som lokalforankra felt (jf. pkt. 3.7.4):

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Handl./ haldn. i lokalforankr. felt	Handl./ haldn. i lokalforankr. felt	Handl./ haldn. i lokalforankr. felt	Handl./ haldn. i lokalforankr. felt	Handl./ haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./ haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./ haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./ haldn. i tilleggsreg.	Handl./ haldn. i tilleggsreg.
Namnet på feltet →	Vangen/ungd.-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Ut-danning	Reising	Media	Aurlands-dial.	Heim-staden
Informant									
Bjørn	ja	ja	ja	ja	nei	nei	–	ja	ja
Rune	ja	ja	ja	ja	nei	ja	ja	ja	ja
Hans	ja	ja	ja	ja	ja	nei	nei	ja	ja
Øyvind	ja	ja	ja	nei	nei	nei	nei	ja	ja
Vidar	nei	ja	ja	ja	ja	nei	nei	ja	ja
Magne	nei	nei	ja	ja	nei	ja	ja	ja	nei
Hilde	ja	nei	nei	nei	nei	nei	nei	ja	–
Sigurd	nei	ja	ja	nei	ja	nei	nei	ja	ja
Frøydis	ja	ja	ja	nei	nei	nei	nei	ja	nei
Terje	ja	ja	nei	ja	nei	ja	ja	ja	nei
Lisa	nei	ja	ja	nei	nei	ja	nei	–	–
Morten	nei	ja	ja	ja	nei	ja	ja	ja	–
Stein	ja	ja	nei	ja	nei	nei	–	ja	ja
Guro	nei	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja
Eirik	nei	ja	ja	ja	nei	ja	nei	ja	–
Ragnar	ja	ja	nei	nei	nei	nei	–	ja	ja
Bjarte	nei	ja	ja	nei	nei	nei	ja	ja	ja
Kari	nei	ja	ja	nei	ja	nei	nei	ja	–
Silje	nei	nei	ja	nei	ja	ja	ja	ja	nei

ja / nei = Informanten har delteke/ har ikkje delteke i feltet. – = Informanten har ikkje gitt sikkert svar.

Figur 16: Deltaking i kulturelle felt og tilleggsregistrering


Fig. 17 nedafor syner det same som fig. 16. Der er handlingar/haldningar hjå kvar informant vist. Skuggelagde ruter syner at ein informant *deltek i lokalforankra felt* og *ikkje deltek i ikkje-lokalforankra felt*. Ruter som *ikkje* er skuggelagde, syner at ein informant *ikkje deltek i lokalforankra felt* og *deltek i ikkje-lokalforankra felt*:

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Handl./haldn. i lokalforankr. felt	Handl./haldn. i lokalforankr. felt	Handl./haldn. i lokalforankr. felt	Handl./haldn. i lokalforankr. felt	Handl./haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./haldn. i ikkje-lokalfor. felt	Handl./haldn. i til. reg.	Handl./haldn. i til. reg.	Sum lok. forankra handl./haldn.
Namnet på feltet → Informant	Vangen/ungd.-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdan	Reising	Media	Aurlands-dial.	Heimstaden	
Bjørn							–			8 av 8
Rune										8 av 9
Hans										7 av 9
Øyvind										7 av 9
Vidar										6 av 9
Magne										5 av 9
Hilde										4 av 9
Sigurd										5 av 9
Frøydis										6 av 9
Terje										6 av 9
Lisa								–	–	3 av 7
Morten									–	6 av 8
Stein							–			7 av 8
Guro										6 av 9
Eirik									–	5 av 8
Ragnar							–			6 av 8
Bjarte										7 av 9
Kari									–	3 av 8
Silje										3 av 9

Lokalforankra handling/haldning :  Ikkje-lokalforankra handling/haldning: 
Veit ikkje, har ikkje svara: 

Figur 17: Lokalforankra/ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar

Diagrammet i fig. 18 på neste side syner ungdomane sine lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta og *mangel* på ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar i dei ikkje-lokalforankra felta. Samla sett for populasjonen er 65% av alle handlingar/haldningar i gruppa lokalforankra og 35% er ikkje-lokalforankra. Den lokaltilknytte deltakinga er ulik for dei ni variablane. Diagrammet syner at alle informantane har ei lokalforankra deltaking i feltet *Aurlandsdialekten*, fordi dei uttrykkjer ei positiv haldning til den. Elles fordeler den lokaltilknytte deltakinga seg noko ulikt for dei ulike felta. Den lokalforankra deltakinga er minst i feltet *Media* (46%):



Figur 18: Lokalforankra handlingar/haldningar i kulturelle felt, diagram

4.5 Relasjonen mellom språklege og kulturelle data

Under dette punktet vert relasjonen mellom dei kvantitative språklege og kulturelle data presentert på *populasjonsnivå*, *talemålskategorinivå* og *individnivå*. I tråd med problemstillinga undersøker eg om det er noko *samanfall* mellom å realisera lokaltilknytte/ikkje-lokaltilknytte språklege variantar og å utføra lokalforankra/ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar. Eg har ikkje undersøkt relasjonen mellom dei språklege funna og kvar einskilt kulturell variabel men handsama dei kulturelle felta under eitt i den kvantitative undersøkinga.

4.5.1 Relasjonen mellom språklege data og dei samla kulturelle funna

Eg har rekna ut både kor stor prosent *lokaltilknytte variantar* kvar informant realiserer av dei språklege variablane og kor stor prosent *lokalforankra handlingar/haldningar* ho/han utfører i dei kulturelle felta i gjennomsnitt (jf. fig. 19 på neste side). I den øvste rekkja står prosenttalet som syner realiseringa av *språklege lokaltilknytte variantar*, og i den nedste rekkja står prosenttalet for utførte *kulturelle lokalforankra handlingar/haldningar*. Når det vantar opplysningar om handling/haldning i eitt eller fleire av dei kulturelle felta, er prosenten rekna ut for dei felta der det ligg føre data:

Inf.	Bj	Ru	Ha	Øy	Vi	Ma	Hi	Si	Fr	Te	Li	Mo	St	Gu	Ei	Ra	Bj	Ka	Sil
Spr. %	100	100	100	100	100	100	100	91	82	82	82	64	55	55	55	27	18	0	0
Kult. %	100*	89	78	78	67	56	44	56	67	67	43 **	75 *	68 *	67	63 *	67	78	38 *	38 *

*	= Det vantar data om eitt av dei kulturelle felta hjå informanten
**	= Det vantar data om to av dei kulturelle felta hjå informanten

Figur 19: Lokaltilknytte språkleg realisering og lokalforankra deltaking i prosent

Resultat på populasjonsnivå:

- Det vert realisert 69% lokaltilknytte og 31% ikkje-lokaltilknytte språklege variablar.
- Det vert utført 65% lokalforankra og 35% ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar.

På populasjonsnivå er det altså eit samsvar mellom å realisera lokaltilknytte språklege variablar og å utføra lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.

Resultat på talemålskategorinivå:


- Ungdomar som realiserer eit *lokaltilknytt talemål* utfører 75% lokaltilknytte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.
- Ungdomar som realiserer eit *delvis lokaltilknytt talemål* utfører 64% lokaltilknytte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.
- Ungdomar som realiserer eit *ikkje-lokaltilknytt talemål* utfører 55% lokaltilknytte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.

På talemålskategorinivå er det samsvar på den måten at informantar som realiserer eit *lokaltilknytt talemål* utfører fleire lokalforankra handlingar/haldningar enn informantar som realiserer eit *delvis lokaltilknytt talemål*. Ungdomar som realiserer eit *ikkje-lokaltilknytt talemål* utfører færrest lokaltilknytte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta. På populasjonsnivå og talemålskategorinivå er det altså eit samsvar mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å konstituera ei lokalforankra intersubjektiv livsverd.

Resultat på individnivå:

Diagrammet på neste side (fig. 20) syner informantane sine prosentvise lokaltilknytte språklege realiseringar (fiolett søyle) og kor stor prosent lokalforankra handlingar/haldningar kvar informant utfører i dei kulturelle felta (blå søyle). Som forklart under pkt. 4.4 vert det òg

i fig. 20 rekna som ei *lokaltilknytte handling/haldning* å *ikkje* utføra ei *ikkje-lokaltilknytte handling* i eit *ikkje-lokaltilknytte* felt. Informanttrekkjefølgja er den same som i fig. 3 (jf. pkt. 4.2.2) og i fig. 16 og 17 (jf. pkt. 4.4):



Figur 20: Lokaltilknytte språklege realiseringar og lokaltilknytte deltaking, diagram

Diagrammet syner at det er stor skilnad i høve til relasjonen mellom talemålspraksisen og livsverda informantane i mellom. Livsverda til eit individ kan ikkje målast direkte (jf. pkt. 3.7.5). Denne ekstralingvistiske storleiken vert målt indirekte og operasjonalisert ved registrering av rapporterte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.

På *individnivå* er det samanfall mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å utføra lokaltilknytte handlingar/haldningar hjå éin informant, Bjørn. Det er ein tendens til samanfall hjå 13 informantar. Med *tendens til samanfall* meiner eg at den kortaste av dei to søylene dekkjer over 50% av lengda til den lengste søyla. Hjå Hilde, Ragnar og Bjarte er det ein *liten tendens* til samanfall. Hjå to informantar er det ingen tendens til samanfall. Det gjeld dei to siste i informanttrekkja, Kari og Silje, som berre realiserer ikkje-lokaltilknytte språklege variantar. Sjå pkt. 5.3.1 der dette vert drøfta.

4.6 Informantane og foreldra deira sitt talemål

Eitt av spørsmåla eg stiller i undersøkinga er i kva grad informantar som har foreldre som ikkje realiserer eit lokaltilknytt talemål, sjølv realiserer lokaltilknytte talemålsvariantar. Foreldra til informantane har svært ulik geografisk bakgrunn. Berre éin av dei 19


informantane har foreldre som begge er oppvaksne i Aurland. Fem informantar har berre mor si frå Aurland, åtte har berre far sin frå Aurland og fem har foreldre som begge er innflyttarar. Tre informantar har ein forelder som er innvandrar. Denne fordelinga er interessant å leggja merke til. Språkleg sett er tilhøva litt meir einsarta fordi nokre av foreldra kjem i frå andre kommunar i Sogn og dei fleste av dei snakkar sognemål.

Eg nyttar berre delvis den talemålsinndelinga som er etablert i norsk dialektologi når eg nedafor deler talemåla til foreldra inn i desse kategoriane (jf. fig. 21): *lokaltilknytt talemål* (talemål der den lokaltilknytte varianten av alle elleve variablane i undersøkinga vert realisert), *vestlandsk* (talemål som kan heimfestast til Vestlandet, men som vert realisert ved færre enn ti lokaltilknytte variantar av dei undersøkte variablane), *midlandsmål* (talemål som kan heimfestast til fjellbygdene og dei indre dalstroka av Austlandet), *trøndersk* (talemål som kan heimfestast til Trøndelag), *nordlandsk* (talemål som kan heimfestast til Nordland) og *austlandsk* (talemål som kan heimfestast til Austlandet og som ikkje vert realisert med nokre av dei lokaltilknytte variantane av variablane eg har undersøkt). I fig. 21 presenterer eg både foreldra og informantane sin talemålskategori. Figuren syner at heile 15 informantar har minst éin forelder som ikkje har eit lokaltilknytt talemål:

Informantar	Informanten sin % av lok. variantar	Informanten sitt talemål	Mor	Far	
Bjørn	100	Lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	
Rune	100		Lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	
Hans	100		Lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	
Øyvind	100		Austlandsk	Lokaltilknytt talemål	
Vidar	100		Lokaltilknytt talemål	Nordlandsk	
Magne	100		Lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	
Hilde	100		Midlandsmål	Lokaltilknytt talemål	
Sigurd	91		Delvis lokaltilknytt talemål	Lokaltilknytt talemål	Austlandsk
Frøydis	82	Vestlandsk		Lokaltilknytt talemål	
Terje	82	Austlandsk		Lokaltilknytt talemål	
Lisa	82	Austlandsk		Lokaltilknytt talemål	
Morten	64	Trøndersk		Lokaltilknytt talemål	
Stein	55	Midlandsmål		Midlandsmål	
Guro	55	Trøndersk		Lokaltilknytt talemål	
Eirik	55	Trøndersk		Lokaltilknytt talemål	
Ragnar	27	Ikkje-lokaltilknytt talemål		Lokaltilknytt talemål	Austlandsk
Bjarte	18			Austlandsk	Lokaltilknytt talemål
Kari	0		Vestlandsk	Austlandsk	
Silje	0		Austlandsk	Austlandsk	

Figur 21: Talemålet til informantane og foreldra deira

Fig. 22 på neste side syner kven av informantane som har høvesvis to, éin og ingen forelder som har eit lokaltilknytt talemål (gul søyle). I diagrammet er informantane først sorterte etter foreldra sitt talemål og dinest etter sine egne språklege realiseringar (fiolett søyle):




Figur 22: Informantane sorterte etter foreldra sine talemål, diagram

Fire informantar har foreldre som begge har ein lokaltilknytt varietet. Desse fire realiserer alle dei elleve lokaltilknytte variantane. Dei 15 informantane som har minst éin forelder som snakkar eit ikkje-lokaltilknytt talemål, har svært ulik talemålspraksis. Dei har heller ikkje ein einsarta talemålspåverknad i heimen (jf. fig. 21). Tre av dei har ikkje foreldre som realiserer eit lokaltilknytt talemål. Nedafor har eg gruppert og talt opp dei 15 informantane etter kor mange lokaltilknytte variantar dei realiserer. Fordelinga er slik:


Tal informantar:	3	1	3	1	3	1	1	2
Tal lokaltilknytte språklege variantar:	11	10	9	7	6	3	2	0

Figur 23: Realiserte lokaltilknytte variantar hjå 15 informantar, gruppering

Det siste spørsmålet eg stiller i undersøkinga, er om det er nokon samanheng mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet hjå ungdomane med denne foreldrebakgrunnen (jf. pkt. 1.4). For å undersøkjia dette har eg valt å sjå nærare på ni av dei 15 informantane ovafor. Seks av dei har éin forelder som har austlandsdialekt, og tre av dei har éin forelder som har trøndelagsdialekt. Kven av foreldra det er, står i parentes i diagramma på neste side. Den andre foreldereren har eit lokaltilknytt talemål:



Figur 24: Seks informantar som har éin forelder med austlandsdialekt, diagram



Figur 25: Tre informantar som har éin forelder med trøndelagsdialekt, diagram

Informantane i desse to gruppene har innbyrdes ein tilnærma identisk talemålsbakgrunn i heimen. Ein kan difor sjå bort frå foreldra sin lingvistiske påverknad når ein undersøker om det er nokon samheng mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet hjå informantane i dei to gruppene. Av metodiske grunnar presenterer eg denne undersøkinga i pkt. 5.4.3. Først presenterer eg informantane i 19 informantportrett nedafor. Opplysningane som kjem fram der dannar grunnlaget for analysen og drøftinga av spørsmålet eg stiller ovafor.

4.7 Informantportrett

I dette punktet rettar eg merksemda mot individet og portretterer kvar einskilt informant. (jf. pkt. 3.8). Det varierer kor mykje ungdomane snakkar og kor medvitne dei er om både sitt eige

og andre sitt talemål. Likevel trur eg individa har ei interesse utover det individuelle som representantar for ulike *talemålstypar*.

Nedafor er informantane først sorterte etter graden av realiseringar av lokaltilknytte språktrekk, dinest etter graden dei syner av lokal forankring i dei kulturelle registreringane (jf. pkt. 4.2.2, fig. 2). Både kvantitative og kvalitative opplysningar om talemålsrealiseringane til informantane er henta frå informantskjema (jf. vedlegg 8–26). Informantane er tildelte fiktive namn som går att i heile avhandlinga. Det same gjeld personnamn elles og stadnamn som i seg sjølv ikkje inneheld opplysningar som er relevante for studien. Kvar informant vert først presentert ved to figurar som syner dei språklege realiseringane og handlingane/haldningane hennar/hans på same måte som er synt for informantane samla i fig. 3 og fig. 17.

4.7.1 Bjørn

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.							–		

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Bjørn realiserer, til liks med samtalepartnaren Hans, alle dei lokaltilknytte variantane. Bjørn varierer dei to siste variablane. Han diftongerer oftast, men ikkje alltid. Han differensierer ni av 13 realiseringar av pluralisvariabelen. Følgjande dømme syner korleis han kan variera: ”So ror han, *årene* stikk ut på *siedn*”. Bjørn er blant dei som realiserer det mest lokaltilknytte talemålet i populasjonen. Denne oppfatninga har han ikkje sjølv. Han meiner det er klassekameraten Magne (jf. pkt. 4.7.6) som er autoriteten, og han eksemplifiserer det slik:

Intervjuar: mm = pratar du likt i alle situasjonar og med alle?

Bjørn: =e= eg veit (HUMRING) vanskeleg å seia =e= eg pratar -- altså eg pratar jo aurlending då heilt eller nokon lunde aurlending = eg pratar ikkje heilt slik på grunn av fått litt innflytelse frå her og der = blant anna vore på Island så eg blandar = hender faktisk at eg har teke inn nokre uttrykk derifrå òg = men

Intervjuar: mm = kva er det som = ja du meinte at det ikkje var heilt aurlending men at du hadde litt innflytelse

Bjørn: ja tek -- altså det er ikkje = brukar ikkje alle uttrykka då som dei brukar = sånn som Magne han seier *sitja* og eg seier *sitta*

Intervjuar: ja

Bjørn: for eksempel = å *sitja* det er aurlending

Intervjuar: mm ja =e= synest du han Magne pratar meir aurlending enn deg?

Bjørn: ja han pratar nok meir rett aurlending enn kva eg gjer

Bjørn har eit medvite tilhøve til talemålet sitt og likar tydelegvis å samtala om det både i intervjuet og elles med kameratar. Han uttrykkjer seg tydeleg i dei to sitata nedafor:

- Intervjuar:** mm kva synest du om aurlandsdialekten sånn?
Bjørn: nei = tøff dialekt = sånn det skal vera
Intervjuar: kvifor synest du det?
Bjørn: nei det er vel det at du har vorte oppvaksen med det og alltid likt = har masse uttrykk som for eksempel *turrnavar* = og sånne ting då som er litt sånn tøffe
Intervjuar: kva var det du sa for eit uttrykk?
Bjørn: *turrnavar*
Intervjuar: kva betyr det?
Bjørn: nei eg er ikkje heilt sikker men noko med at han er ikkje heilt god = han er litt galen
Intervjuar: ja akkurat = kven har du lært det av?
Bjørn: nei det var han Magne som hadde sagt det

Bjørn fortel at han har lært ord og uttrykk av besteforeldra. Dei har òg retta på han når han har snakka. I tillegg er han blitt korrigert av Magne. Det ser ut til at han tykkjer det er bra:

- Intervjuar:** ja = har du opplevd at andre har retta på deg = nokon gong?
Bjørn: ja Magne han gjer jo det viss eg ikkje er heilt sånn =e= altså viss eg ikkje pratar sånn som meiner er rett aurlandsdialekt då
Intervjuar: ja så rettar han på deg?
Bjørn: så kjem han med korleis han meiner det skal vera og sånne ting
Intervjuar: ja så diskuterer de litt då?
Bjørn: så drøftar me litt kva som ein burde seia
Intervjuar: ja
Bjørn: så må retta meg inn ofte då = for at det er mykje som høyrer andre seia òg men så seier eg noko anna sjølv liksom

Ikkje uventa ønskjer Bjørn å halda fram med å snakka slik han gjer i dag, men han er klar over at han kan verta påverka av omgjevnadene når han flyttar ut for å gå på skule:

- Intervjuar:** mm = kjem du til å halda på dialekten din framover?
Bjørn: håpar det (HUMRING) spør kva som skjer når eg kjem til Sogndal då om eg tek kanskje uttrykk frå sogndalsdialekten då men = eg trur = eg trur eg kjem til å prøva eller = eg trur det at aurlandsdialekten blir som verande

Bjørn har eit positivt syn på heimbygda. Han saknar ikkje noko der og tykkjer det er mange aktivitetar å vera med på. Han kjenner dei fleste i bygda og det er lett å møta venner der. Han skal gå på yrkesfagleg studieretning og trur han vil bli buande i Aurland når han er ferdigutdanna dersom han får jobb i bygda. Far til Bjørn er frå Aurland medan mora er innflyttar, men ho snakkar ein lokaltilknytt varietet. Familien bur med besteforeldra i tunet.

4.7.2 Rune

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heim-staden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Rune realiserer alle dei lokaltilknytte språklege variantane til liks med samtalepartnaren sin. Begge både differensierer og segmenterer. Rune verkar litt ureflektert i høve til talemålet sitt. Han bryr seg ikkje så mykje, men han har likevel synspunkt og røynslar å fortelja om. Rune har opplevd å ikkje bli forstått, og han løysar det ved å leggja om til eit anna talemål:

- Intervjuar:** no spør eg deg litt om språk = blir du forstått når du snakkar vanleg?
Rune: ja trur det
Intervjuar: har du opplevd at nokon ikkje har forstått deg?
Rune: ja dei i Tønsberg
Intervjuar: ja akkurat = kva er det du gjer for noko då?
Rune: då må eg vel snakka bokmål
Intervjuar: ja = skjønner dei deg då?
Rune: ja

Intervjuar: pratar du likt i alle situasjonar? = pratar du bestandig likt?
Rune: nei eg veit ikkje heilt = kan no henda at eg skiftar litt
Intervjuar: du seier kan henda = er det noko du liksom lurar på eller?
Rune: nei eg veit ikkje heilt = det er vel berre sånn
Intervjuar: mm = viss du skiftar kor tid er det du skiftar då?
Rune: det er vel då når eg snakkar -- eller snakkar på skulen og så har me bokmål og så har me nynorsk og så har me ditt og så har me datt

Rune meiner at han snakkar aurlandsdialekt og seier at den er "heilt bra" og "sånn passe", men han er av og til lei dialekten sin. Han trur han snakkar slik som han gjer fordi han har vakse opp med dette talemålet og har lært å snakka sånn. Han håpar han vil halda på dialekten sin for han veit elles ikkje heilt korleis han vil snakka. Han tenkjer seg helst "anna nynorsk eller bokmål". Han veit ikkje heilt. Rune har opplevd å få språket sitt retta på:

- Rune:** av og til har dei vel sagt det
Intervjuar: å ja = kjem du på noko eksempel?
Rune: nei =e= det er vel sånn der gamle ord som dei brukte i gamledagane som mamma og pappa eller mamma og bestemor og bestefar plar å seia
Intervjuar: mm = ja = har du lært dei?
Rune: nei = snakkar vel sånn som alle snakkar i dag

Mor til Rune kjem frå Aurland, medan faren er innflyttar, men han har ein lokaltilknytt varietet. Rune har vakse opp med besteforeldra i tunet. Han vil bu i Aurland når han er ferdig med å gå på skule, og då vil han prøva å få seg jobb her. Det verkar som det er naturen som knyter Rune sterkest til heimstaden:

- Intervjuar:** ja mm kan du seia noko positivt ved det å ha Aurland som heimplass?
Rune: nei for det er vel fin bygd og ja og =ee= og kjekt å komma att til og når du skal gå i Sogndal så gler du vel deg å komma heim att her fordi her -- du er vel vant til all den sjøen og husa og Aurlandsvangen og sånt
Intervjuar: mm kva er det som gjer at du synest det er fint her?
Rune: nei kanskje naturen og = og sjøen og så sola plar jo å stiga opp så då blir -- så då blir det sol og fint vår

4.7.3 Hans

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høgtone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Til liks med samtalepartnaren Bjørn (jf. pkt. 4.7.1) realiserer Hans alle dei lokaltilknytte språklege variantane. Han segmenterer fleire gonger. Han differensierer berre to av seks pluralmorfem, og realiserer då ei assimilert form, *dagan* og *bakkan*. Hans er nøgd med dialekten sin:

- Intervjuar:** ja = kva synest du om din eigen dialekt?
Hans: nei = det kan ikkje vera noko gale med den = og (HUMRING) eg er no fornøgd med slik som eg sjølv snakkar
Intervjuar: mm = sånn aurlandsdialekten generelt kva synest du om den?
Hans: nei eg likar han eg = synest det er morosamt å høyra på når dei snakkar skikkeleg aurlending
Intervjuar: mm = kva trur du andre synest om din dialekt?
Hans: nei eg har snakka med veldig mange venner og sånt som synest det er berre morosamt og tøft å høyra på

Hans er fast bestemt på å halda på dialekten sin. Han har aldri opplevd å bli retta på eller få negative kommentarar til talemålet sitt, men han har ofte opplevd å ikkje bli forstått når han har vore på reise utafør heimbygda. Han fortel korleis han løyser ein slik situasjon:

- Intervjuar:** no lurer eg på om du bestandig blir forstått når du pratar vanleg
- Hans:** (HUMRING) nei det er ikkje så veldig ofte = ikkje når eg reiser ut i alle fall
- Intervjuar:** nei?
- Hans:** det er veldig sjeldan = eg har = eg har ein venn frå Oslo eller = ei venninne ho forstår ingen ting av kva eg seier (HUMRING)
- Intervjuar:** nei kva er det du gjer då?
- Hans:** nei då berre snakkar eg bokmål sånn tullete = forstår det litt då = men = det er litt vanskeleg og så når du er og handlar og sånt i Oslo så forstår dei aldri kva du seier = så det går ikkje
- Intervjuar:** så då forandrar på [det]?
- Hans:** [nei eg] forandrar meg ikkje når eg er ute = det er berre på tull til folk som eg kjenner
- Intervjuar:** ja mm = pratar du likt i alle situasjonar og med alle folk?
- Hans:** det gjer eg
- Intervjuar:** mm
- Hans:** med mindre eg tullar då = eller

Hans har forklaring på kvifor han snakkar slik han gjer, og han er medviten om at han lever i eit språkleg heterogent samfunn:

- Intervjuar:** kvifor pratar du egentleg slik som du gjer?
- Hans:** på grunn av at eg bur og alle eller mange av vennene mine snakkar likt meg = og så har eg foreldre og sånt som er her i frå Sogn

- Intervjuar:** synest du folk pratar på same måte her i Aurland eller er det mykje forskjellig?
- Hans:** det er jo mykje forskjellig synest eg = mange som begynner å snakka litt finare nokon snakkar sånn som dei gjorde for mange år sidan her i Aurland = og så er det bokmål og alt sant
- Intervjuar:** mm har du nokre eksempel på at folk pratar forskjellig her?
- Hans:** ja det er jo det -- folk snakkar jo bokmål då = eg og vennene mine eg snakkar litt sånn = litt sånn vanleg aurlending eller litt sånn eldre men andre dei blir påverka litt av kommunane rundt omkring begynner å snakka litt meir sånn nynorsk sånn som du skriv det

Hans kjem berre med positive utsegner om heimbygda og saknar ingen ting der. Han tykkjer han lever eit fritt liv, miljøet er godt, alle kjenner alle og ein vert fort kjend med folk. Mor til Hans er frå Aurland og faren kjem òg frå Sogn. Hans har vakse opp med besteforeldra som næraste nabo.

4.7.4 Øyvind

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heim-staden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Øyvind realiserer den lokaltilknytte varianten av alle dei elleve språklege variablane. Spesielt for Øyvind er at han er den einaste av informantane som konsekvent differensierer dei aktuelle pluralmorfema. Han seier t.d. *regladn* og *bringeberbuskedn*. Øyvind segmenterer ikkje. Samtalepartnaren hans korkje differensierer eller segmenterer. Øyvind har ikkje reflektert så mykje over sitt eige eller andre sitt talemål. Han tek ikkje initiativ sjølv, men han svarar høfleg, kort og av og til "veit ikkje" på spørsmåla han får under intervjuet. Han trur ikkje han har opplevd å ikkje bli forstått på grunn av talemålet sitt, og han er fornøgd med dialekten sin:

Intervjuar: kva synest du om din eigen dialekt?

Øyvind: det er jo fin dialekt det

Intervjuar: ja kvifor synest du den er fin?

Øyvind: nei, det er jo -- eg har jo vakse opp med den dialekten så eg har liksom blitt vant til den

Intervjuar: mm = kva synest du sånn generelt om aurlandsdialekten? = synest du at du sjølv pratar aurlandsdialekt?

Øyvind: ja

Intervjuar: mm kva synest du om den dialekten sånn?

Øyvind: er fin dialekt det

Øyvind seier at han ikkje har lagt merke til at han sjølv ikkje alltid snakkar likt. Han meiner det er lettare for andre å seia noko om det. Sjølv har han lagt merke til at ikkje alle medelevarane hans har same varietet:

Intervjuar: nei = pratar folk forskjellig her i Aurland?

Øyvind: ja = det har litt med korleis -- kor dei kjem i frå og sånn

Intervjuar: mm kan du komma med nokre eksempel på det?

Øyvind: ja for eksempel Stein han har litt sånn valdresdialekt

Intervjuar: mm

Øyvind: han har jo foreldre derifrå = og = har me jo Aleksander han er frå Nord-Noreg = ja det er vel det

Intervjuar: mm =e= kvifor pratar du slik som du gjer har du tenkt noko på det?

Øyvind: nei har ikkje eg tenkt så mykje på eigentleg = det er sikkert fordi alle rundt

- meg pratar sånn
Intervjuar: mm =e= du har jo foreldre som pratar forskjellig har du tenkt noko på det?
Øyvind: nei
Intervjuar: pratar du likt som dei?
Øyvind: =e= altså meir sånn likt som pappa eigentleg = han er jo frå Flåm

Sjølv om han først seier at han ikkje har tenkt noko på at foreldra snakkar forskjellig, har Øyvind heilt rett, han snakkar meir likt faren enn mor si, som snakkar austlandsk. Han seier at han ”kanskje” vil halda på dialekten sin i framtida, men han er sikker på at han vil halda fram med å skriva nynorsk. Han har sjølv aldri blitt retta på når han har snakka, og han svarar at folk lyt få snakka slik dei vil når han blir spurt om kva han meiner om knoting. Han er elles den einaste av informantane som har ei forklarar på ordet å *knota*. Øyvind gjer det slik:

- Intervjuar:** ja mm =e= veit du kva knoting er = å knota?
Øyvind: ja litt
Intervjuar: ja kan du for -?
Øyvind: altså = du blandar litt og = ja har litt = = ja du blandar litt dialektar og sånn

Øyvind meiner det er positivt ”at det ikkje er så mange ukjende å forholde seg til [i Aurland], du kjenner dei fleste, og ja på skulen og sånn du kjenner alle”. Han tykkjer skulemiljøet er godt. Dessutan er det korte avstandar dit han skal og lite trafikk og trygt for ungane å gå til skulen, seier han. Det er kanskje litt få klesbutikker på heimstaden, men det er det einaste han saknar. Han er ganske ofte i Sogndal, men han vil søkja jobb på heimstaden som vaksen.

4.7.5 Vidar

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Vidar realiserer alle dei elleve lokaltilknytte variantane. Han både differensierer og segmenterer. Samtalepartnaren hans som ikkje med i undersøkinga, har austlandsk talemål og realiserer ingen av dei lokaltilknytte variantane.

Vidar gir presise og konkrete tilbakemeldingar på spørsmåla han får under intervjuet. Etter å ha fått spørsmålet om han alltid vert forstått når han snakkar vanleg, utviklar samtalen seg slik:

- Vidar:** viss du kjem til Austlandet då er det ikkje akkurat = då er det vanskeleg å bli forstått då = når du snakkar aurlending
- Intervjuar:** ja = har du opplevd det har du noko erfaring med det?
- Vidar:** ja det trur eg (UFF) då seier dei berre *hæ* då
- Intervjuar:** mm = har du sjølv opplevd at du ikkje har forstått andre som pratar norsk?
- Vidar:** nei = trur eg ikkje = det er nokon enkelte ord då = som dei brukar i nokre dialektar som kanskje ikkje du har høyrte før = men elles så skjønner du eigentleg ganske greitt då
- Intervjuar:** mm = pratar du likt i alle situasjonar og med alle?
- Vidar:** nei eg trur eg = viss eg snakkar med pappa så snakkar eg litt meir finare viss eg snakkar med mamma så er det-- mamma eller bestemor eller nokon her frå Aurland så blir det meir aurlandsdialekt i det liksom eller = enno meir

Vidar trur at han varierer talemålet sitt etter samtalepartnaren, og han brukar ordet "finare" om talemålet han brukar når han snakkar med faren, som ikkje er vestlending. Det verkar likevel som om han sjølv har eit meir praktisk syn på talemålssituasjonen i Noreg. Han tykkjer aurlandsdialekten som han sjølv har er "grei", men at den kanskje er litt vanskeleg å forstå for andre. Han seier at det er bra med ulike dialektar, for då veit ein kor folk er i frå når dei snakkar. Han meiner likevel at det ikkje gjer noko om folk knotar. Sitt eige talemålsval forklarar han med at han bur i Aurland og han snakkar slik dei gjer der. Samstundes fortel han at "nokon snakkar nordlending og nokon snakkar austlending og nokon snakkar bergensar og nokon snakkar aurlending" i klassen. Mor hans kjem frå Aurland. Vidar har aldri vurdert å snakka nordlandsk som faren. Til liks med dei andre ungdomane skriv Vidar nynorsk. Om han skal halda fram med det, er òg eit praktisk spørsmål:

- Vidar:** skriv nynorsk
- Intervjuar:** mm kjem du til å fortsetta med det?
- Vidar:** ja det trur eg = det spørst litt kva slags arbeid du skal ha og sånne ting òg då
- Intervjuar:** mm korleis då?
- Vidar:** kor hen og = ja
- Intervjuar:** kan du komma litt nærare inn på det? = kan du forklara det?
- Vidar:** ja viss du skal jobba på ein plass der dei skriv bokmål så er det vel sikkert fordel å skriva bokmål = men viss at du skal vera her som dei skriv nynorsk så skriv du nynorsk

Vidar har opplevd å bli retta på av bestefar når han snakkar. Bestefar likte ikkje "fine" ord og engelske ord når Vidar snakka:

- Vidar:** ja = bestefar han pleidde å gjera det viss du sa nokon sånn fine ord så det likte han ikkje så då sa han at -- heller då måtte eg seia det sånn skikkeleg (HUMRING) meinte han
- Intervjuar:** ja var det aurlandsdialekt han ville at du --?
- Vidar:** ja
- Intervjuar:** skulle snakka?
- Vidar:** ja = for eksempel *o kay* det meinte han var engelsk så det skulle ikkje eg seia
- Intervjuar:** nei = er det han ville at du skulle seia då?
- Vidar:** *ja vel* eller =

Vidar dreg fram naturen og skulen som positivt ved Aurland. Han saknar idrettshall og aktivitetar knytt til ein slik hall. Han kan vurdera å komma tilbake til bygda som vaksen dersom det er arbeid til han, seier han, men han synest eigentleg ikkje kommunen gjer så mykje for å få folk dit. ”Dei prøver ikkje å skapa nokre arbeidsplassar her og hjelpa firma og sanne ting til å komma hit og, eller etablara seg så mykje”, seier han.

4.7.6 Magne

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høgtone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Magne realiserer alle dei elleve lokaltilknytte variantane av dei språklege variablane. Han segmenterer, men differensierer ikkje. Magne er på heimebane når han skal snakka om talemål. Han svarar på alt han blir spurt om, og underbyggjer meiningane sine med døme. Han fortel om fleire situasjonar der han ikkje har vorte forstått, men sjølv har han ikkje problem med å forstå andre med anna talemål. Magne legg om til ”bokmål” når han lyt det, men presiserer at han elles snakkar ”aurlending”. Han fortel dette om si eiga talemålsutvikling og stoda i Aurland:

- Intervjuar:** mm = har foreldra dine eller andre retta på språket ditt nokon gong?
- Magne:** mm = dei = før då var det sånn rundt frå ti til tolv så blanda eg veldig mange bokmålsord inn i aurlending då fordi at då hadde eg bokmåls lærarar = eller ikkje som snakka skikkeleg aurlending og så = då var det ofte at dei retta litt på det men no har eg jo -- no snakkar eg jo aurlending så då er det
- Intervjuar:** mm så no blir du ikkje retta på lenger?
- Magne:** nei
- Intervjuar:** nei = er det nokon andre som har retta på deg nokon gong = enn foreldra dine?

- Magne:** nei trur ikkje det = det er omtrent berre eg som snakkar aurlending av = som snakkar berre aurlending av dei vennene mine og sånt
- Intervjuar:** mm = kva er forskjellen på deg og dei synest du = har du nokre eksempel?
- Magne:** på meg og så?
- Intervjuar:** ja på språket = kva dei som ikkje pratar skikkeleg aurlending --
- Magne:** ja altså eg har jo ei venninne ho Frøydis då og ho har jo ei mor som har litt sånn blanda dialekt då = og så har ho ein far frå Aurland og så blandar ho litt = sånn men ho snakkar jo ganske aurlending ho òg men = ho seier jo ikkje *seukjan* og *nikkjan* og sånn = det er største forskjellen då viss du = det er berre sånn = fyrste testen du kan gjera då høyre om dei seier *seukjan* = det er veldig mange som seier *søtten* og sånt i Aurland = utruleg mange
- Intervjuar:** ja
- Magne:** nesten ingen som seier *seukjan* og *akjan* og *nikkjan* og
- Intervjuar:** mm ja =e= kan du komma med eksempel på at folk pratar forskjellig her i Aurland = har du andre dialektar du har lagt merke til?
- Magne:** =ee= ja altså me har jo eit par som snakkar bokmål i klassen = og dei snakkar jo bokmål og det er forskjellig frå oss = og så er det jo dei fleste har ein slags aurlending uansett men dei seier ikkje alt men eg reagerer ikkje på det heller

Magne nemner seinare ordet *sitja* som typisk for aurlandsdialekten, sjølv om han er klar over at forma ikkje er eineståande for hans dialekt. Vidare seier Magne at han likar dialekten sin veldig godt og at den er "veldig fin og tøff". Han tykkjer den er litt original og liknar litt på dialektane i Sogndal og Lærdal. Han understrekar at han vil prøva å halda på dialekten sin, men han ser at det kan bli vanskeleg dersom han flyttar til ein stad der dei "absolutt ikkje snakkar aurlending". Han har fått ulike reaksjonar på talemålet sitt:

- Magne:** eg har fått høyra frå desse søskenbarnet mitt og nokon venner i Bergen at aurlending er veldig tøft språk og så har eg fått høyra at det er eit jallaspråk (LATTER) = og så ja det --trur det er litt blanda meiningar men = eg trur dei fleste synest at det er grei dialekt

Sjølv meiner Magne det er fint at alle ikkje snakkar same dialekt. Han forklarar sitt eige talemålsval slik: "Det er fordi eg har vakse opp i Aurland og har både foreldre og besteforeldre frå Aurland, då er det naturleg for meg å snakka aurlending."

Magne tykkjer det er godt miljø i Aurland. "Alle kjenner alle", seier han. Vatnet er godt og lufta er frisk, men han kjedar seg nokre gonger, og for han er det alltid "ein liten opptur å komma inn til ein by". Han vil ikkje komma tilbake til Aurland som vaksen og grunnir det med at arbeidsmarknaden her ikkje er noko særleg interessant. Magne skal gå på "elektro" på vidaregåande skule.

4.7.7 Hilde

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Hilde realiserer alle dei elleve lokaltilknytte språklege variantane. Ho differensierer ikkje og segmenterer berre to gonger, men sidan eg ikkje stilte kvantitative krav til lokaltilknytte realiseringar av denne variabelen, stettar desse to førekomstane kravet. Hilde diftongerer minst av dei informantane som realiserer den lokaltilknytte varianten av denne variabelen. Samtalepartnaren hennar som ikkje er med i undersøkinga, realiserer dei same språklege variantane som Hilde.

Hilde fortel at ho har opplevd å ikkje bli forstått på grunn av talemålet sitt:

- Intervjuar:** eg lurar på om du bestandig blir forstått når du pratar vanleg sånn som du gjer no
- Hilde:** av folk som ikkje snakkar sogning?
- Intervjuar:** ja
- Hilde:** ja = men dei ler no litt fordi me har så løgen dialekt
- Intervjuar:** ja = kven er det som ler?
- Hilde:** dei som ikkje kjem herifrå = dei som = kjem frå Austlandet og sånt

Hilde seier at ho ”legg om” alt etter kven ho snakkar med dersom ho ikkje vert forstått. Ho har forståing for at andre kan tykkja at dialekten hennar er ”løgen”, men det verkar ikkje som ho sjølv har så sterke kjensler i høve til sitt eige talemål. Ho har lagt merke til at det er skilnad på måten ho snakkar på og ”reint sogning” og eksemplifiserer det slik:

- Intervjuar:** mm =e= kva synest du om din eigen dialekt?
- Hilde:** synest no ho er heilt okay eg men = kanskje hadde eg komme ifrå ein annan plass så hadde eg sikkert synst ho var løge då men
- Intervjuar:** kva synest du sånn generelt om aurlandsdialekten?
- Hilde:** eg veit ikkje
- Intervjuar:** likar du han eller likar du han ikkje?
- Hilde:** eg likar no
- Intervjuar:** synest du du sjølv pratar aurlandsdialekt?
- Hilde:** ja = hadde mamma komme herifrå så hadde eg sikkert prata reint sogning eller sånn som dei pratar her inne
- Intervjuar:** mm kva er det som gjer at du vil seia at du ikkje pratar rein sogning?
- Hilde:** =e= det er ikkje alle ord som eg seier sånn som dei gjer her

- Intervjuar:** har du nokre eksemplar du kan komma på?
Hilde: cd for eksempel = her seier dei *si di*
Intervjuar: ja
Hilde: eg seier *se de*

Ho forklarar vidare at ho snakkar slik ho gjer fordi ho kjem frå Aurland, faren hennar snakkar slik, og "[det] har no berre vorte sånn". Ho trur ho vil halda på dialekten sin viss ho vert busett i Sogn, men flyttar ho ein anna stad, er det ikkje sikkert. "Du blir lett påverka av andre. Viss det er ingen andre som snakkar sånn som du gjer så vil du alltid leggja om litt", seier ho.

Hilde meiner at ho er aurlending, men ikkje heilt ettersom mora er innflyttar. Ho tykkjer det er fint å veksa opp på ein liten plass, men det skjer lite der, og ho saknar eit kjøpesenter på heimstaden.

4.7.8 Sigurd

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høgtone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Sigurd realiserer den lokaltilknytte varianten av ti av elleve variablar. Han korkje differensierer eller segmenterer. Determinativen/pronomenet *det* i framskoten posisjon realiserer han oftast som *da*, men han har innslag av *det*.

Sjølv om Sigurd utfører fire ikkje-lokalforankra handlingar/haldningar, tek han utgangspunkt i det lokale og nære når han grunngir svara sine i intervjuet. Han har aldri opplevd å ikkje bli forstått eller ikkje forstå andre på grunn av skilnader i talemålet. Han trur han kanskje har lett for "å slå om til bokmål" når han snakkar med utlendingar, men prøver bevisst å snakka "nynorsk" elles. Han er ikkje negativ til at andre varierer talemålet sitt, og etter å ha fått forklart kva knoting er seier han dette:

- Sigurd:** =e= det er jo -- det er jo nokon som forandrar etter kvart som dei -- Ingrid blant anna syster mi ho snakkar jo -- ho forandrar dialekt etter kven ho snakkar med og det gjer ikkje eg = eg snakkar alltid alltid
Intervjuar: likt?
Sigurd: alltid likt

Sigurd: nei altså nokon gjer det utan å tenka -- ærleg talt dei skiftar språk utan å tenka

- over det då = det er sånn som Ingrid gjer som sagt
- Intervjuar:** mm
- Sigurd:** men altså eg har ikkje noko problem med at folk snakkar -- folk kan snakka kemleis dei vil for min del har ikkje gjort meg nokre tankar = har ikkje noko problem med det i det heile tatt

Sigurd tykkjer dei fleste snakkar ganske likt i Aurland, men han kjem på at tre medelevar i klassen snakkar "bokmål". Elles har han registrert at dei snakkar litt annleis i Årdal og elles i Sogn og Fjordane. Sigurd vil halda på dialekten sin. I Vestfold har han opplevd at dei ler litt av måten han snakkar på, med han likar dialekten sin svært godt sjølv:

- Sigurd:** synest han er veldig bra eg = eg veit ikkje heilt = det hadde vel kanskje vore best om alle hadde snakka eitt same då =e= eg er veldig fornøgd med min eigen dialekt
- Intervjuar:** mm = synest du det er aurlandsdialekt du snakkar? = vil du seia at du pratar det eller?
- Sigurd:** ja det er vel det dei fleste pratar som eg vil seia det er aurlandsdialekt
- Intervjuar:** mm = kan du seia noko om kvifor du synest den er bra?
- Sigurd:** nei eg kan eigentleg ikkje det altså eg har ikkje tenkt så mykje over det = = eg tenker ikkje så mykje over måten å snakka på eigentleg
- Intervjuar:** nei nei då me gjer jo ikkje det
- Sigurd:** nei eg synest han er bra fordi = nei eg veit verkeleg ikkje altså
- Intervjuar:** nei = kva trur du at andre synest om dialekten din?
- Sigurd:** =e= det er jo ingen som har snakka noko om det då men når eg dreg til Larvik og sånt der snakkar dei vel -- eller bokmål då = dei s - dei synest det at = sånn ler litt over måten eg snakkar på
- Intervjuar:** kva gjer du då?
- Sigurd:** nei (HUMRING) altså eg ler no med eg då det er ikkje så mykje anna å gjera

Sigurd har slekt i Aurland, og han meiner først og fremst det er familien som har påverka talemålet hans. Sjølv om faren snakkar austlandsk, har resultatet vorte at Sigurd snakkar aurlandsdialekt fordi han er i lag med venner som snakkar slik. Sigurd er veldig ofte på MSN, og når han får spørsmål om korleis han skriv der, svarar han: " skriv liksom *dao* og *ao* og sånt".

Sigurd dreg fram det gode skulemiljøet med lite mobbing og hærverk og dei mange aktivitetane som noko positivt med heimstaden. Det negative er at gymsalen er så liten og at det enno ikkje har komme på plass ein ballbinge. Viss han hadde fått jobb her som vaksen, kunne Sigurd godt tenkja seg å busetja seg her. "Eg har jo foreldre her og besteforeldre her og sånt så det hadde eg", seier han.

4.7.9 Frøydis

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggsgregist-rering	Hand./hald. i tilleggsgregist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Frøydis realiserer ni lokaltilknytte variantar av dei elleve språklege variablane. Ho korkje differensierer eller segmenterer, og ho skil seg frå informantane som er presenterte ovafor ved at ho ikkje diftongerer. Det er ho klar over sjølv:

Intervjuar: mm = pratar du likt i alle situasjonar med alle folk trur du?

Frøydis: ja trur det = men av og til plar eg å få inn noko sånn slang sånn berre for tull eller = for det at meste parten av dei eg kjenner dei snakkar -- kan aurlending og dei snakkar veldig mykje sånn og då plar eg berre å erta dei litt med den der setninga = men eg snakkar sånn som eg gjer no til vanleg

Intervjuar: ja = har du noko eksempel på det = sånn du sa du --?

Frøydis: =e= ja eg plar av og til å seia *pao* og berre masse sånn = snakka veldig breitt sånn som dei gjer og sånn =e= *vi kje du så ska du* eller masse sånne ting og så = ja mest aurlending og sånn breitt = eigentleg har ikkje mange eksempel på det

Frøydis har klare synspunkt og nøler ikkje når ho svarar på spørsmåla i intervjuet. Ho fortel at ho oftast blir forstått og forstår andre dialektar, og ho er positiv til at vi har ulike talemål i Noreg. Sjølv har ho opplevd å få reaksjonar på talemålet sitt:

Frøydis: =e= eg har nokre venner som kjem frå Toten og litt uti der så = men dei synest han er heilt grei fordi at då plar me å snakka ofte same = men aurlendingdialekten dei synest den er heilt sjuk = dei forstår ingen ting av han = forstår ikkje noko av det

Intervjuar: nei (HUMRING) kva synest du om at me har forskjellige dialektar i Noreg?

Frøydis: eg synes det er heilt greitt eg fordi at det gjer noko med at folk ikkje er heilt like

Intervjuar: mm = kvifor pratar du sånn som du gjer?

Frøydis: =e= det er vel fordi at sånn som eg sa at mamma ho har flytta rundt = og ho budde eigentleg i Telemark men ho flytta over alt = og har fått litt av alle dialektane inn i seg = og så har eg fått hennar òg for eg er oppvaksen mest med hennar dialekt og så kjem pappa inn av og til og han snakkar jo litt aurlending og så får eg nokon aurlandsord og nokon = men mest mamma sine ord = sånn litt blanding

Intervjuar: mm =e= kjem du til å halda på dialekten din i framtida?

Frøydis: ja

Intervjuar: kvifor det?

Frøydis: fordi eg forstår ikkje poenget med å skifta dialekt berre dei flyttar til ein annan plass fordi at = det er sånn dei snakkar og det er ikkje noko poeng å forandra på det synest eg

Frøydis meiner altså at det er mora som har påverka henne mest i høve til talemålet. Ho kallar ikkje dialekten sin for aurlandsdialekt, men skulle ønskt ho kunne det:

Intervjuar: nei = kva synest du om dialekten din?

Frøydis: eg synest han er heilt grei men enkelte ord som eg er veldig irritert på for at då plar eg å snakka bokmål og eg synest nynorsk er mykje finare enn bokmål = men det seier eg automatisk så

Intervjuar: mm kva synest du om aurlandsdialekten?

Frøydis: eg synest den er ganske fin eg = eg synest han er stilig = han er sånn =e= brei og litt sånne ting = så eg skulle ønska eg kunne snakka aurlending

Frøydis tykkjer det er positivt med dei små forholda der alle kjenner alle i Aurland, men det kan vera negativt at rykte kan spreia seg fort der. Det er ein fin plass å veksa opp, miljøet er godt og folk er stort sett greie. Ho saknar idrettshall og eit aktuelt vidaregåande skuletilbod i Aurland. Frøydis trur det er temmeleg tilfeldig kor ho kjem til å bu som vaksen og at det ikkje er så sannsynleg at ho får seg jobb i Aurland og buset seg der. Ho har lyst til å bli journalist.

4.7.10 Terje

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Terje realiserer dei same åtte lokaltilknytte variantane som Frøydis. Han seier dette om aurlandsdialekten og sitt eige talemål:

Intervjuar: kva synest du om dialekten din?

Terje: =e= det veit eg eigentleg ikkje fordi at du høyrer jo stemma di sånn = altså han er jo ikkje lik som den som du høyrer no eg høyrer jo han annleis enn det du gjer = så det blir litt vanskeleg men eg trur han eigentleg er heilt grei

Intervjuar: mm kallar du dialekten din for aurlandsdialekt?

Terje: =e= sånn halvvegs eigentleg fordi at når eg -- når pappa er frå Aurland og mamma er frå Oslo og kjærasten min er frå Bergen blir eg litt sånn blanding då

Intervjuar: mm kva synest du om aurlandsdialekten?

Terje: eg synest den er =e= veldig tøff faktisk for han høyrrest = når du pratar sånn sognemål liksom og aurlending og sånn då blir det litt mørkare liksom med ein

gong og då høyrest det nesten litt sånn mektigare ut enn = enn sånn Bergen for eksempel eller sånne ting

Terje er begeistra for talemålet på heimstaden. Han tykkjer dialekten er ”veldig tøff” og ”mektigare” enn til dømes bergensdialekten. Han meiner at han sjølv berre snakkar dialekten sånn halvvegs, men han prøver å halda mest mogleg han. Men han er litt usikker på kva som kan skje i framtida:

Intervjuar: ja (HUMRING) no hadde eg tenkt å spørja deg om noko som du sa litt om i stad = altså eg lurar på om du pratar likt i alle situasjonar og med alle folk

Terje: ja altså eg pratar sånn som eg gjer = for eg vil ikkje gjera sånn som far min for han er sånn som når han er i Aurland her så pratar han aurlending = og når han er i Bergen så pratar han litt sånn bergensar og når han er på Austlandet så pratar han sånn austlending = så = eg prøver å halda mest mogleg på dialekten og viss det er nokon som spør *hæ kva du sa* så berre seier eg det ordet på austlending eller kva det er

Intervjuar: mens du held på di eiga?

Terje: ja

Intervjuar: mm trur du du kjem til å halda på dialekten din i framtida?

Terje: det veit eg ikkje fordi at viss eg skal bu i Bærum for eksempel då = der er det jo austlendingar = så då kan det henda eg kjem til å leggja om men eg håpar ikkje det

Intervjuar: nei = kvifor håpar du ikkje det?

Terje: =e= det er vel fordi at eg = eg støttar jo nynorsken sidan eg bur her i Sogn og Fjordane då

Intervjuar: pratar folk ulikt her i Aurland?

Terje: ja du har jo dei = altså sånn som eg pratar no det er jo ikkje heilt sånn skikkeleg aurlending = men du har jo dei som er sånn sytti og åtti no for eksempel = dei pratar jo skikkeleg aurlending fordi dei er -- det var sånn det var før = no er det jo blitt meir sånn =e= liksom = sossisspråket er komme inn her òg = så det blir litt sånn =e= forkortingar og sånn som dei på Austlandet så har dei -- seier dei ein masse sånn der *ass* i staden for *assa*

Terje meiner han har forandra talemålet sitt gjennom barndomen, og han forklarar talemålsvalet sitt slik:

Intervjuar: mm =e= kvifor snakkar du slik du gjer?

Terje: det er vel fordi at først for mange år sidan då prata eg sånn som mamma sånn austlending = og så la eg litt om til aurlending på grunn av pappa og så har det eigentleg berre gått sånn oppover tida og så har eg vore mye i Bergen og så vore mykje med kjærasten så blir det litt sånn bergensardialekt av og til

Terje fortel at han brukar dialekt når han skriv SMS/MSN. Han skriv til dømes ”*hei, ke du drive med dao*” og ”*eg ska pao klobb*”. Han diftongerer ikkje når han snakkar, men han gjer det altså når han skriv SMS/MSN.

Terje meiner at det positive med Aurland er at miljøet er passe stort, og det er ikkje så lett å komma borti røyking og drikking for tidleg der. Det er òg fint at det er mange turistar der, slik at ein kan få snakka litt engelsk i blant. Det negative er at det vert kjedeleg i lengda for ungdomane som ”går her og traskar og har mest lyst til berre å flytta til Bergen eller Oslo eller noko sånt”. Årsaka til at han ikkje vil busetja seg på heimstaden som vaksen, er at det ikkje er nokon stad å jobba med billakking der.

4.7.11 Lisa

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.								-	-

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mør-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Lisa realiserer dei same ni lokaltilknytte variantane som Frøydis og Terje ovafor. Sjølv om det vantar kvantitative data både om haldninga hennar til aurlandsdialekten og heimstaden, har ho røynsler og synspunkt på begge deler. Ho har merksemda særleg retta mot at ho blandar inn ”bokmål” i dialekten sin. Ho forklarar det ved at ho reiser til Austlandet i alle feriar:

Intervjuar: no skal eg spørja deg litt om språk = no lurar eg på det når du pratar slik som du gjer til vanleg om du føler at du blir forstått alle plassar?

Lisa: ikkje når eg er på Hadeland (LATTER)

Intervjuar: nei

Lisa: nei = eg må ofte blanda litt bokmål for at dei skal skjønna det

Intervjuar: akkurat men kva synest du om dialekten din sjølv då = den du har til vanleg?

Lisa: veit ikkje eg = eg snakkar sikkert litt bokmål og sånn = = mamma er bokmål.

Intervjuar: nei = = nei = = kva trur du andre synest om ditt språk?

Lisa: eg veit ikkje heilt eg trur dei på Brandbu synest eg er litt sånn rar = eller = der er ho der aurlendingen ho der frå Vestlandet liksom

Mange informantar fortel at dei skriv eit munnleg SMS-språk og ofte skriv orda slik dei uttalar dei. Dei nyttar ein ortofon skrivemåte. Lisa skil seg ut ved å fortelja at ho ofte skriv SMS på bokmål:

- Intervjuar:** det er ein ting eg lurar på det er kva slags SMS-språk -- når du sender meldingar kan du seia noko om korleis språket ditt er då?
- Lisa:** etter eg var på Brandbu i feriane og no så har eg blitt kjend med ein del folk så no skriv eg masse bokmål berre heilt sånn automatisk sånn som når eg skriv til vennene mine her så berre -- å *Lisa no skriv du bokmål*
- Intervjuar:** ja
- Lisa:** det blir ganske masse blanding for vist eg går inn på utboksen på mobilen så ser eg det at eg har skrive masse blanding

Lisa har lagt merke til at det er ganske mange forskjellige dialektar i Aurland. Ho tykkjer det er spennande og morosamt at vi har ulike dialektar i landet. Ho lærer litt nytt av det, seier ho. Sitt eige talemålsval forklarar ho kort slik:

- Intervjuar:** har du tenkt på kvifor du snakkar akkurat slik som du gjer har du tenkt på det nokon gong?
- Lisa:** det er vel sikkert fordi eg har vakse opp her = så då har eg fått høyrte korleis folk uttalar ord
- Intervjuar:** ja
- Lisa:** og så har det berre blitt sånn

Lisa dreg fram naturen som positivt ved å ha Aurland som heimstad. Ho tykkjer miljøet er bra, ”og så står jo liksom folk på for å få til fleire tilbud for ungdom og sånn her til å vera ein så liten plass”. Det negative er at ein lyt reisa for å få tak i ting og for å få å vera med på nokre aktivitetar. Sjølv har ho begynt å trenar handball i Sogndal. Ho veit ikkje om ho kjem til å busetja seg i Aurland som vaksen, men ho seier at ho kjem sikkert mykje på besøk for ho har alle slektningane sine på farssida si her.

4.7.12 Morten

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									–

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Morten realiserer den lokaltilknytte varianten av sju av dei elleve språklege variablane. Han varierer tre av variablane. Han realiserer oftast *vi*, men har eit par innslag av *me* i samtalen med Terje. Han har òg ein tendens til å endra tonelaget og gå over til høgtone mot slutten av nokre replikkar. Vidare vekslar han mellom *da* og *det*, sjølv om *da* dominerer.

Under intervjuet svarar Morten kort på spørsmåla han får, og han er beskjeden når han blir beden om å gi uttrykk for eigne meiningar. Han seier dette om sitt eige talemål:

- Intervjuar:** kva synest du om dialekten din?
Morten: =e= det skulle kanskje vore litt meir aurlending = eg snakkar med sånn trønderaksent
- Intervjuar:** mm = du skulle ønske du hadde snakka litt meir aurlen[ding]?
Morten: [ja]
- Intervjuar:** kva synest du om aurlandsdialekten?
Morten: grei = det er vel = ja då har du liksom noko å forhalda deg til her i Sogn generelt

- Intervjuar:** kvifor pratar du sånn som du gjer?
Morten: eg har ikkje heilt = det er vel fordi mamma er frå Trøndelag og pappa er vel frå Ulvik og der snakkar dei ikkje sånn dei gjer her

Morten skulle ønskt at han hadde fleire lokaltilknytte talemålstrekk i dialekten sin. Han har vorte retta på av andre i klassen, men kjem ikkje på noko døme. Han tykkjer det er greitt at folk har ulike dialektar slik at ein kan høyra kor dei kjem frå. Sjølv har han merka seg at talemålet i Lærdal skil seg frå aurlandsdialekten. Han nemner at dei i Lærdal seier *det* i staden for *da*. Når Morten får forklart kva knoting er, meiner han det er heilt greitt med ”sånn skifting”. Han veit ikkje om han kjem til å halda på sin eigen dialekt i framtida, men seier at han kjem til å halda fram med å skriva nynorsk fordi det passar best i høve til talemålet hans.

Morten tykkjer det er fint i Aurland. Det er ikkje for mange folk på heimstaden, og folk kjenner kvarandre. Han trur det er andre fordelar ved heimstaden òg, men han kjem ikkje på noko. Han saknar ingen ting der, og han meiner det ikkje er negative sider ved å veksa opp i Aurland.

4.7.13 Stein

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.							-		

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Stein realiserer seks lokaltilknytte variantar. Uttalen hans skil seg frå dei andre sin ved at han alltid realiserer pronomenvariabelen i pluralis som *me* og aldri *mi*. Kvantoren realiserer han nokre gonger som *nåke*, men oftast som *noko*.

Stein meiner han ikkje snakkar likt heile tida, men at han endrar talemålet sitt i høve til samtalepartnaren, særleg når han snakkar med bror sin:

- Intervjuar:** mm ja = no lurer eg på pratar du likt i alle situasjonar og med alle folk?
Stein: trur ikkje det eigentleg
Intervjuar: du trur ikkje det nei =e= forandrar du noko på språket ditt eller kva? = pratar du litt forskjellig?
Stein: eg trur eg gjer det eigentleg for når eg kjem til bror min heime så trur eg snakkar litt sånn bokmål = når eg snakkar med vennene mine så blir det nesten nynorsk

Stein: [lærar] eg hadde då = og han var jo bokmål så han lærte meg opp sånn bokmålsnakking og alt det der
Intervjuar: å ja akkurat = ha -
Stein: så eg snakkar ikkje heilt reint nynorsk
Intervjuar: nei =e= har du merka at folk pratar forskjellig her i Aurland at det --?
Stein: ja = merkar slik som Jørgen då han snakkar jo heilt annleis enn folk gjer i Fagernes for eksempel

Som alle dei andre informantane, brukar Stein nemningane 'nynorsk' og 'bokmål' om talemål. Han skriv nynorsk og vil halda fram med det. Han seier "det følest meir rett", og "på ein måte så likar eg betre nynorsk". Han er meir i tvil om han kjem til å halda på talemålsvarieteteten sin når han reiser ut av Aurland. Stein meiner han snakkar slik dei gjer der foreldra hans kjem frå. Det har berre blitt slik. Han trur folk skjønar at han kjem frå Valdres når han snakkar. Stein reknar Aurland som den andre heimstaden sin og trivst der. Det er ein "grei nok plass" sjølv om det kan bli litt for mykje trafikk i turistsesongen. Han tykkjer det er godt klima der, og kommunen er rik har han høyrte, og "du er ikkje akkurat innestengt for du har jo tunnelar frå alle kantar så det er ganske lett å komma hit". Han trur han vil flytta tilbake hit når han er ferdig utdanna fordi foreldra bur her.

4.7.14 Guro

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høgtone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Guro realiserer den lokaltilknytte varianten av dei seks første variantane i variabelrekka. Ho varierer realiseringane av substantivmorfema. Ho bøyer feminine og maskuline substantiv

ulikt ved å realisera *-r* i pluralmorfemet i femininum, medan ho vantar *-r* i maskulinum. Ho seier t.d. *striper* og *streka*.

Guro utmerkar seg ved å vera svært reflektert i høve til talemålsbruk under intervjuet, og ho har klare grunngjevne meiningar om både sitt eige og andre sitt talemål. Ho kjem ofte med døme som understøttar synspunkta hennar.

Guro har opplevd å ikkje bli forstått av mormora frå Trøndelag. Då lyt ho ”seia orda på bokmål for eksempel eller seia dei veldig tydeleg”. Sjølv har ho aldri opplevd å ikkje forstå norske dialektar. Ho meiner ho snakkar ganske likt med alle og ikkje endrar språket sitt frå situasjon til situasjon. Då ho blei spurt om kva ho tykte om sin eigen dialekt, utvikla samtalen seg slik:

- Guro:** =e= den har forbetra seg men den -- eg er litt sånn misfornøgd med det men eg greier -- eg kan ikkje plutselig begynna å snakka veldig aurlending for det høyrest jo veldig dumt ut synest eg då eg viss plutselig skal begynne å seia det = men den er no grei
- Intervjuar:** mm = når du sa at du var litt misfornøgd så -- men du kunne ikkje akkurat begynne å prata aurlending = betyr det at du hadde vore meir fornøgd viss du hadde prata aurlending for eksempel?
- Guro:** ja eg trur nok det
- Intervjuar:** mm
- Guro:** men sånn når eg var yngre så sa eg jo *ikke* og litt forskjellige sånne bokmålsord då = så eg har jo forbetra meg
- Intervjuar:** ja du har skifta opp gjennom?
- Guro:** ja
- Intervjuar:** = kan du seia noko om aurlandsdialekten og kva du synest om den då?
- Guro:** eg synest den er kjempefin = ja
- Intervjuar:** kvifor synest du det?
- Guro:** eg veit ikkje (HUMRING) = det er mange fine ord og som eg synest er litt stilige
- Intervjuar:** har du nokre eksempel du kjem på?
- Guro:** ja sånn som *dao* og *pao* og sånne ting
- Intervjuar:** mm
- Guro:** men det kan jo henda eg kjem til å snakka sånn om nokon år viss eg bur her då

Guro tykkjer aurlandsdialekten er ”kjempefin”, og ho skulle ønskt ho snakka meir likt den. Ho fortel at talemålet hennar har ”forbetra seg” og nærma seg aurlandsdialekten over tid frå ho var lita og fram til no. Den utviklinga trur ho at kan halda fram dersom ho vert buande i Aurland. Ho har opplevd at faren ber ho bruka ord på dialekt, ”viss det er eit ord som han meiner eg seier for eksempel på bokmål eller som ikkje er ordentleg aurlending”. Desse korreksjonane tek ho alvorleg og rettar seg etter. Det hender òg at ho sjølv rettar på andre.

Guro har observert at det er svært mange ulike talemålsvariantar i Aurland, og ho kjem med fleire døme på dette. Mellom anna fortel ho om elevar frå Gudvangen som skarrar og

søsken i Aurland som snakkar forskjellig. Når ho får spørsmålet om kvifor ho snakkar slik som ho gjer, forklarar ho dette med språkpåverknaden ho fekk av andre ungar i barnehagen:

- Guro:** ja sånn som fordi -- eller eg snakkar jo ikkje ordentleg aurlending det trur eg kjem av at når eg var -- fordi at mamma er jo ikkje frå Aurland sant og då = var det berre pappa som snakka ordentleg aurlending og så i barnehagen så var det = var det mest ungane til jordbruksskuleelevar for eksempel = og det er jo veldig få jordbruksskulelevane som kjem frå Aurland som har ungane i Spiren barnehage så då var det ofte bokmåls - ja dei snakka bokmål der = og så Else som var bestevenninna mi ho snakka òg bokmål = og Lise som var naboen = ja Kari og Silje snakka bokmål og ja = Morten og Eirik som eg var mykje med dei snakka jo heller ikkje -- dei snakka jo veldig ubestemmeleg dialekt sånn mellomting mellom trønder og harding
- Intervjuar:** mm = trur du at du kjem til å halda på den dialekten du har eller trur du han kjem til å forandra seg sånn framover?
- Guro:** eg trur kanskje det kjem til å forandra seg framover å bli litt meir sogningprega håpar eg hvert fall

Guro likar ikkje knoting. Det er irriterande. Ho meiner at både ”Tore på sporet”, Lars Bystøl og ”Fjørtoft, han fotballmannen” bør snakka sin eigen dialekt.

Guro meiner det er bra å ha Aurland som heim plass fordi det er eit trygt oppvekstmiljø der, det er mykje å finna på og mange aktivitetar å velja mellom, og naturen er fin. Ho saknar idrettshall og trur det negative ved ein så liten plass er at det er få arbeidsplassar for folk med spesielle yrke. Ho har vakse opp med besteforeldra i tunet.

4.7.15 Eirik

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									-

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Eirik realiserer seks lokaltilknytte variantar. Den siste i rekkja hans, pronomenet/determ. *det* i framskoten posisjon, varierer han, men han realiserer oftast *da*.

Eirik svarar kort på spørsmåla i intervjuet og er ikkje med på å styra samtalen slik som til dømes Guro er. Han har likevel gjort observasjonar i høve til talemålet i Aurland. Han forstår alle som snakkar norsk, men har opplevd å ikkje bli forstått når han er på Austlandet. Han legg likevel ikkje om språket sitt, men tek opp att orda ”på bokmål litt sånn frekt” når

folk seier ”hæ”. Elles meiner han at han snakkar likt i alle situasjonar og med alle. Han har registrert at det er veldig mange forskjellige dialektar i Aurland fordi det er mange folk i bygda, særleg på jordbruksskulen, der dei kjem frå forskjellige plassar i heile landet. Han nemner foreldra som døme. Dei snakkar ”harding” og ”trønder”. Sjølv meiner han at han snakkar ”blanding”:

- Intervjuar:** ja korleis pratar du = kva slags dialekt har du?
Eirik: ikkje noko spesiell = blandar trur eg
Intervjuar: mm =e= kva synest du om din eigen dialekt eller din eigen måte å prata på?
Eirik: det er norsk (LATTER) ikkje noko spesielt
Intervjuar: ja = likar du din eigen måte å prata på?
Eirik: har aldri tenkt over det så det er vel ok
Intervjuar: mm = kva synest du om aurlandsdialekten?
Eirik: den er tøff (LATTER)
Intervjuar: mm
Eirik: akkurat som alle andre = på sitt vis
Intervjuar: ja = kan du seia noko som er typisk for aurlandsdialekten?
Eirik: =e= eg kjem ikkje på noko = *dao* og sånn = kjem ikkje på noko spesielt

Eirik seier at aurlandsdialekten er ”tøff”, og han tykkjer ”det er greitt” at me har forskjellige dialektar i Noreg, ”me er jo frå forskjellige plassar ikkje sant”. Han veit ikkje kvifor han snakkar slik som han gjer, men han refererer til mora som meiner det er fordi han voks opp på jordbruksskulen. Han har aldri opplevd å bli retta på, og han trur han vil halda på dialekten sin i framtida. Han vil heller ikkje skifta målform:

- Intervjuar:** mm = skriv du nynorsk
Eirik: eg skriv nynorsk
Intervjuar: kjem du til å fortsetta med det?
Eirik: ja ja = det er sikkert
Intervjuar: mm kvifor er det sikkert?
Eirik: mykje tøffare enn bokmål = det er vel eigentleg det eg seier

Eirik kjem ikkje på noko negativt ved å ha Aurland som heimstad, og han saknar ingen ting der. Han meiner derimot det er ”masse positivt, fjorden, det er jo litt sånn på lik line med pyramidane, elles så er det vel ein plass som alle andre plassar”. Det er lite trafikk og lite ”bymas” i Aurland, seier han.

4.7.16 Ragnar

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heim-staden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Ragnar realiserer tre lokaltilknytte variantar. Han varierer mellom *nåke* og *noe*. Det kan sjå ut som han realiserer kløyvd infinitiv, som faren frå Hedmark.

Ragnar tykkjer det er ganske bra at vi har forskjellige dialektar i Noreg fordi då veit ein kor folk kjem frå. Han trur han snakkar likt i alle situasjonar og er fornøgd med sitt eige talemål. Det vil han ikkje endra, men han har ei klar oppfatning av at varietetten hans ikkje passar inn i Aurland:

- Intervjuar:** mm = kva synest du om din eigen dialekt?
Ragnar: jo det er greitt nok eigentleg = men synes ikkje han passar heilt inn i Aurland = her snakkar jo alle sånn aurlending
Intervjuar: mm
Ragnar: men det er jo greitt nok synest eg
Intervjuar: kvifor synest du han ikkje passar inn?
Ragnar: nei for alle andre snakkar jo aurlending nesten = ikkje alle då men dei fleste
Intervjuar: ja =e= kva synest du om aurlandsdialekten då?
Ragnar: jo den er fin den = har ikkje noko negativt på den
Intervjuar: nei = kva er skilnaden på din dialekt og aurlandsdialekten då?
Ragnar: det er vel uttalen som er mest trur eg = eller ja = og ordsetning eller noko sånt trur eg
Intervjuar: skulle du ønskt du hadde prata aurlending?
Ragnar: nei eigentleg ikkje

Ragnar skriv nynorsk, men han trur han kjem til å skifta til bokmål seinare fordi han tykkjer det er enklare. Det er mange ord på nynorsk som han aldri har høyrte om. SMS og MSN skriv han ved å blanda nynorsk og bokmål og ”litt aurlendingsdialekttrekk”. Han kan ikkje forklara dette nærare. Talemålsvalet sitt derimot har han ei forklaring på:

- Intervjuar:** ja = ee = har du nokon gong tenkt på kvifor du pratar akkurat sånn som du gjer?
Ragnar: nei det er vel det for at pappa snakkar det og så har vel me berre arva det på ein måte eller berre vant med å høyra han snakkar det = ja sikkert = og så har vel Stig og Torbjørn = dei budde jo i Elverum lenge òg sånn at dei snakka jo den dialekten då dei kom hit og var med oss då òg sant = så det er vel kanskje det som har påverka oss

Ragnar nemner ikkje mor som påverknadskjelde for talemålsvalet sitt. Det er verd å merka seg at ho kjem frå Aurland og snakkar eit lokaltilknytt talemål (jf. pkt. 4.6).

Ragnar meiner det er godt miljø i Aurland. Det er bra idrett, lite trafikk og bra lærarar der, men av og til lite å finna på. Elles saknar han ingen ting. Han vil flytta tilbake etter at han er ferdigutdanna viss han får arbeid der, viss ikkje vil han flytta til ein by, kanskje Bergen.

4.7.17 Bjarte

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Morfem	Høgtone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Bjarte realiserer to lokaltilknytte språklege variantar. Han seier *eg* og har ein *høgtonevarietet*.

Når Bjarte vert spurt om det er nokon som snakkar norsk som han tykkjer det er vanskeleg å forstå, nemner han folk som har norsk som andrespråk. Han meiner elles at han forstår dei fleste. Han er merksam på at folk snakkar ulikt i Aurland:

Intervjuar: mm = synest du folk pratar likt her i Aurland eller forskjellig?

Bjarte: det er ikkje alle som snakkar likt her

Intervjuar: nei på kva måte då?

Bjarte: Sogn -- sånn det er litt blanding med bokmål og sånn = = bokmål og så dei andre

Bjarte er klar over at han ikkje snakkar aurlandsdialekt, men han er fornøgd med sin eigen varietet og vil prøva å halda fram med å snakka slik han no gjer, sjølv om han har fått høyra at han skulle ha "snakka sogning":

Intervjuar: mm kva synest du om dialekten din?

Bjarte: eg har eigentleg ikkje tenkt å bytta enno = eg synes det er greitt

Intervjuar: mm likar du han eller likar du han ikkje?

Bjarte: eg likar han

Intervjuar: mm = kva synest du om aurlandsdialekten?

Bjarte: grei = eg har eigentleg ikkje sett meg så veldig inn i han

Intervjuar: nei = = kva trur du at andre synest om din dialekt?

Bjarte: det er no nokon som seier at eg må snakka sogning eller noko sånt eller Aurland eller noko sånt men det gjer eg eigentleg ikkje trur eg

Bjarte fortel at han skriv både nynorsk og bokmål, og på MSN skriv han ”litt forskjellig sånn *eg er hjemme* eller for eksempel sånn litt forskjellig sånn”.

For Bjarte er det ikkje noko som er negativt med å ha Aurland som heimstad. Det positive er at bygda er så lita at alle kjenner alle og fjella er så fine. Han saknar kanskje litt fleire butikkar i bygda, særleg ”spelebutikker”. Han kan anbefala familiar med barn å flytta til Aurland fordi det er så lett å få kontakt med folk der. Far til Bjarte kjem frå Aurland og Bjarte har vakse opp med besteforeldra i bygda. Mora er frå Sogn, men ho har austlandsk talemål.

4.7.18 Kari

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlands-dialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									–

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Kari realiserer ingen av dei lokaltilknytte variantane av dei språklege variablane.

Kari er ikkje så veldig pratsam og engasjert i talemålsspørsmåla. Ho har aldri opplevd å ikkje bli forstått når ho snakkar, og ho seier dette om si eiga forståing av andre sitt talemål:

Intervjuar: er det nokon som pratar norsk som du synest det er vanskeleg å forstå?

Kari: det er vel litt sånn viss det er veldig dialekt = eller sånt noko

Intervjuar: er det nokre spesielle dialektar du = synest er vanskeleg eller?

Kari: nei eg veit ikkje eg = det er vel sånn = nei eg veit ikkje = det er jo nokre ord og sånn eg ikkje skjønar på sånn aurlandsdialekt heller (HUMRING)

Ho kjem ikkje på noko døme, men dreg fram ”sånn aurlandsdialekt” som eit talemål ho av og til ikkje forstår. Ho er merksam på at folk snakkar ulikt på heimstaden:

Intervjuar: nei =e= synest du folk pratar forskjellig her i Aurland

Kari: ja

Intervjuar: mm = kan du komma med nokre eksempel på det?

Kari: det er jo bokmål inni her

Intervjuar: mm

Kari: og så er det nokon som snakkar veldig breitt aurlandsk og nokon snakkar blanda og sånn

Intervjuar: mm =e= kva vil du seia at du sjølv gjer?

Kari: bokmål

Kari seier at ho snakkar 'bokmål'. Ho fortel vidare at ho skriv nynorsk og at ho vil halda fram med det. Ho har aldri blitt retta på av nokon og meiner at ho alltid snakkar på same måte. Det vil ho halda fram med, og ho meiner det er bra at vi har ulike dialektar i Noreg. Ho har synspunkt både på sin eigen talemålsvarietet og aurlandsdialekten:

- Intervjuar:** mm = kva synest du om din eigen dialekt?
Kari: veit ikkje eg = passar kanskje ikkje så veldig bra inn her men
Intervjuar: nei men sånn elles kva synest du?
Kari: grei
Intervjuar: mm = kva synest du om aurlandsdialekten?
Kari: den er vel litt morosam å høyra på (HUMRING)
Intervjuar: likar du han?
Kari: ja

Intervjuar: mm =e= kan du seia noko om -- har du tenkt på kva forskjellen mellom aurlandsdialekten og din eigen dialekt er?
Kari: nei trur ikkje eg har tenkt så masse
Intervjuar: nei = har du lagt merke til nokre forskjellar?
Kari: ja eg sier jo *jeg* og *eg* og alt sånt = det er jo masse forskjell
Intervjuar: ja har du nokre fleire eksempel?
Kari: *ikke* og = = ja masse forskjellig
Intervjuar: ja ja det er mykje viss du skulle begynna = kvifor snakkar du sånn som du gjer?
Kari: veit ikkje heilt eg har ikkje skifta = eg flytta jo hit når eg var fire år så eg burde sikkert ha skifta dialekt eigentleg men dei i barnehagen snakka jo bokmål = tantene og mamma og pappa snakkar vel -- eller pappa snakkar vel sånn = eg veit ikkje eg har bare halde på det

Kari reknar seg som aurlending. Ho meiner det både er negativt og positivt at heimstaden er så liten. Det er fint å veksa opp der. Det er trygt å leika der utan stor trafikk, og avstandane er korte, men ho saknar fleire butikkar, eit hestemiljø og ein idrettshall. Ho veit ikkje om ho vil komma tilbake for å bu i Aurland som vaksen.

4.7.19 Silje

Kulturelle felt og tilleggsreg. →	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i lokal-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i ikkje-lok.-forankra felt	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering	Hand./hald. i tilleggs-regist-rering
Namnet på feltet →	Vangen/ ungdoms-klubben	Den heimlege naturen	Idrett	Musikk	Utdanning	Reising	Media	Aurlandsdialekten	Heimstaden
Handl./haldn.									

Språklege variablar	<i>eg</i>	<i>noko</i>	<i>kv</i>	<i>ikkje</i>	Mor-fem	Høg-tone	<i>da</i>	<i>a-inf.</i>	<i>me</i>	Dift.	Diff/seg.
Realisering											

Til liks med Kari realiserer ikkje Silje nokre av dei lokaltilknytte variantane av dei språklege variablane, og ho utfører færrest lokalforankra handlingar/haldningar.

Silje har meiningar om både talemålsbruk og skriftspråk som ho ytrar utan å bli oppmoda om det. Ho har aldri opplevd å ikkje bli forstått, men ho har opplevd å ikkje forstå nokre ord i andre dialektar viss det vert snakka veldig fort. Ho seier at ho sjølv snakkar ”bokmål” i alle situasjonar og med alle folk. Når ho møter nye folk på heimstaden, trur ho dei legg merke til at ho snakkar ”bokmål”, men det har aldri vorte kommentert. I Tønsberg derimot har ho fått kommentarar:

- Intervjuar:** kva synest du om dialekten din?
Silje: den er jo på ein måte -- det er ikkje noko skikkeleg dialekt bokmål så er det nokre nynorske ord fordi at eg blir jo påverka av det her = eg synest det er greitt
- Intervjuar:** er det nokre nynorske ord som du kjem på og har lagt merke til sjølv?
Silje: det er jo sånne ting -- venner sånn i Tønsberg og sånn har lagt merke til for eksempel viss eg seier at eg skal *reisa* på badet
- Intervjuar:** ja
Silje: det er litt meir = det er litt meir nynorsk enn bokmål og dei reagerer på det

Silje er altså merksam på at talemålet hennar er påverka av språket på heimstaden. Ho tykkjer aurlandsdialekten er fin, kanskje fordi ho ”er så vant til å høyra den”. Ho meiner det er bra at vi har ulike dialektar i Noreg, men at vi burde hatt eitt skriftspråk, bokmål. Sjølv skriv ho nynorsk. Ho har av og til vorte retta på av mora når ho snakkar, og ho kjem på at det til dømes gjeld viss ho seier ”sjøleskap” i staden for ”kjøleskap”.

Silje meiner ho snakkar slik som foreldra gjer, men ho undrar seg litt over det:

- Intervjuar:** så lurar eg på kvifor du snakkar slik som du gjer
Silje: kvifor?
Intervjuar: ja om du nokon gong har tenkt på det
Silje: jo det er jo fordi foreldra mine snakkar bokmål så difor har vel eg blitt påverka av det men det er jo litt rart for eg er jo fødd og oppvaksen her heile livet i Aurland = så at eg ikkje snakkar litt meir nynorsk det er jo litt rart
- Intervjuar:** mm seier du at du er aurlending?
Silje: =e= eg er jo det men eg føler meg eigentleg ikkje som nokon aurlending fordi eg snakkar bokmål
- Intervjuar:** mm kan du utdjupa det litt nærare?
Silje: det blir jo altså viss ein er aurlending så snakkar ein jo då snakkar ein liksom aurlending = dialekt

- Intervjuar:** viss du seier at du ikkje er aurlending kva vil du seia at du er då?
Silje: eg veit ikkje eg litt sånn halvvegs blanding mellom alle ting men er ikkje så nøye å ha sånn spesielt = seia at eg er noko spesielt

Silje kallar heimstaden sin for Aurland, sjølv om ho ikkje er oppteken av å identifisera seg eller andre etter kor dei har vakse opp. Ho tykkjer at det positive med å veksa opp i Aurland er at ein er beskytta mot motepress og stoff der, det er lite forureining der og ”ein del sånn

natur ein kan vera rundt i". Men sjølv om det er veldig bra å veksa opp i Aurland, vert det "trengt" for ein ungdom å bu der når alle dei eldre ungdomane er reiste ut. Silje saknar òg idrettshall og "stader du kan berre sitta og sånn". Ho forklarar det slik:

det blir få folk og så er det jo -- det er jo ingen butikkar nesten det er berre matbutikker =og det er = det er få stader du kan vera og det er -- folk har liksom same synet på det meste så det er gøy å reisa litt ut å få forandringar på ting

Silje vil ikkje busetja seg i Aurland når ho vert vaksen. Ho kan godt anbefala folk med barn å flytta dit, men då bør dei flytta ut når barna vert ungdomar fordi det er kjedeleg å vera ungdom i Aurland.

4.8 Samandrag av informantportretta og livsverdintervjua

4.8.1 Den intersubjektive livsverda

Informantportretta gir inntrykk av at ungdomane er relativt sterkt orienterte mot ei lokal verd der dei samhandlar med kvarandre også utanom skuletida. Dei er opptekne av klassekameratar, ny idrettshall, og framhevar at heimstaden er trygg og oversiktleg. Alle som nyttar MSN, fortel at dei via MSN hovudsakleg kommuniserer med venner i Aurland. Ingen av dei uttrykkjer kjensla av å vera 'framande' eller 'på sida av' dette lokale fellesskapet. Svært mange refererer til naturen og det gode miljøet som noko positivt ved heimstaden. Samstundes har nokre av ungdomane blikket vendt utover og er klare til 'å sparka i frå'. Det vert for trengt på heimstaden for dei, og dei orienterer seg meir mot verda utafor. Desse har planar om eit liv som vaksne andre stader enn i Aurland, og impulsar og idear om dette livet hentar dei utafor Aurland mellom anna gjennom kontakt med slekt og venner utafor heimstaden. Alle ungdomane kallar seg aurlendingar, men eit par av dei tek eit atterhald, både fordi ein av foreldra er innflyttar og fordi dei har eit avvikande talemål i høve til aurlandsdialekten (jf. pkt. 4.7.7 og 4.7.19).

I intervjua blei informantane spurde om det er store skilnader på folk i Aurland. Eg presiserte spørsmålet i fleire av tilfella til å gjelda økonomi og status. 16 ungdomar meiner samstemte at det ikkje er særlege skilnader på folk i Aurland. Det utdjupar ikkje svara sine særleg, men svara oftast ganske kort, som Kari (jf. pkt. 4.7.18): "Nei, eg synest alle er like, eg". Éi jente meiner det er skilnader mellom dei som driv gard og andre, medan to gutar meiner nokre er betre økonomisk stilte enn andre på heimstaden. Bjørn uttrykkjer seg slik:

nei = eg set folk likt = altså eg = det er ikkje = at folk skal stå likt = det skal vera likestilling og sånne ting = det er ikkje = altså folk er ikkje betre enn andre det = det er det ikkje = det er berre det at folk har forskjellig måte å vera på så det lyt du berre akseptera uansett

Under pkt. 3.7.1 slo eg fast det asymmetriske tilhøvet mellom intervjuar og intervjuobjekt (Brodersen 2001:21) og at informantane kunne få ei kjensle av å vera opp til ein slags eksamen når dei heile tida blei stilte spørsmål som dei ofte blei bedne om å grunngi (Kvale 2001:87). Eg konstaterer at ungdomane aldri stilte kritiske spørsmål eller kom med mishagsytringar av noko slag under intervjuet. Kanskje hadde dei ei oppfatning av at eg var ute etter visse svar og gav meg desse, trass i at eg understreka at det var meiningane deira som var interessante. Det kan ha gjort røystene deira meir samstemte i høve til den lokalt tilknytninga enn dei ville ha vore under andre omstende. På den andre sida kan det tenkjast at dei kjende seg verdfulle og oppfatta at dei var interessante intervjuobjekt og av den grunn uttrykte seg fritt og oppriktig i intervjusituasjonen.

4.8.2 Frå presentasjon til drøfting

Informantportretta syner at individa er meir samansette og nyanserte enn den kvantitative kulturelle bakgrunnsundersøkinga viser. Portretta syner òg den intraindividuelle språklege variasjonen som ikkje kjem fram i den kvantitative undersøkinga. I pkt. 3.3.5 kom eg inn på at det skjer ei tolking av datamaterialet allereie under transkripsjonen. Dette gjeld òg i sterk grad for informantportretta. Portretta av kvart individ ovafor er sette saman av delar av dialogen mellom kvar informant og intervjuaren, supplert med mine tolkingar av opplysningar som informanten elles gir i intervjuet. Eg har særleg lagt vekt på å presentera utsegner som får fram den sosiokulturelle orientering deira mot heimstaden og verda elles. Vidare har eg trekt fram haldningane og røyntene deira i høve til sin eigen og andre sin talemålspraksis. På den måten vert den kvantitative kulturelle bakgrunnsundersøkinga supplert med kvalitative data. I kapittel 5 *Analyse og drøfting* drøftar eg relasjonen mellom informantane sitt livsverdsuttrykk og talemålspraksisen deira.

5 ANALYSE OG DRØFTING

5.1 Innleiing

I dette kapitlet drøftar eg først delresultata av den språklege og den kulturelle undersøkinga. Deretter tek eg utgangspunkt i problemstillinga som blei presentert i kapittel 1.4 i innleiinga og drøftar følgjande relasjonar:

- Relasjonen mellom ungdomane sitt talemål og deltakinga deira i dei kulturelle felta.
- Relasjonen mellom ungdomane sitt talemål og foreldra deira sitt talemål.
- Relasjonen mellom ungdomane sitt talemål og både kulturelle bakgrunnsdata frå livsverdintervjua og foreldra sitt talemål.

Dei teoretiske og metodiske spørsmåla diskuterer eg i tilknytning til drøftinga av resultata. Eg relaterer òg funna til andre relevante undersøkingar.

5.2 Tendensar og mønster i språkundersøkinga

5.2.1 Talemålssituasjonen i populasjonen i Aurland

Etter ei grundig ekserpering av samtaleopptaka plukka eg ut elleve variablar som *varierer* blant informantane. Eg valde altså vekk variablar som viste seg å bli realiserte med lokaltilknytte variantar av alle informantane (jf. pkt. 3.4.2). Hadde eg valt andre språktrekk, ville det språklege resultatet vorte annleis. Dette illustrerer, som Lesley Milroy understrekar, korleis dei metodiske vala påverkar resultata: "It is already clear that the field methods employed in sociolinguistic work have a very great bearing on the results." (Milroy 1987:21–22). Likevel meiner eg at dei språklege funna samla gir innsikt i talemålspraksisen i populasjonen som er undersøkt, men at resultatet lyt tolkast både i relasjon til variabelutvalet og samtalsituasjonen. Det samla språklege resultatet for populasjonen syner 1) at det er stor *interindividuell* variasjon (jf. pkt. 4.2.1, fig. 3) og 2) at *dei lokaltilknytte variantane dominerer* (jf. pkt. 4.2.1, fig. 2). Den kvantitative undersøkinga syner 3) at fleire av ungdomane som realiserer både lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte variantane, ser ut til å følgja det same mønsteret slik at den samla realiseringa av variablane dannar eit hierarki, *variabelrekkja*, også på individnivå (jf. pkt. 4.2.1, fig. 3). Den kvalitative undersøkinga syner òg 4) at det er *intraindividuell* variasjon for ni av dei elleve variablane (jf. pkt. 4.3). I pkt. 5.2.2 nedafor drøftar eg variabelrekkja. I pkt. 5.2.3 vert funna for kvar variabel drøfta.

5.2.2 Variabelrekke

Fig. 2 (jf. pkt. 4.2.2) syner variabelrekke på gruppenivå. Fig. 3 under same punkt syner dei individuelle variabelrekke. Dei to variantane av dei elleve variablane dannar kvart sitt *hierarki* med motsette toppunkt. Dei lokaltilknytte variantane har toppunktet til høgre og dei ikkje-lokaltilknytte variantane til venstre i tabellen. For seks av dei ti informantane som både realiserer lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte variantar, ser vi at den individuelle variabelrekke fell saman med variabelrekke på gruppenivå på den måten at dei to variantkategoriane dannar to bolkar etter kvarandre. Hjå tre av dei resterande fire informantane som har brot i variabelrekke si, er det einast ein variabel, *setningsmelodien*, som skapar brot i rekke (jf. pkt. 5.2.3.6). Det ser altså ikkje ut som den prosodiske variabelen følgjer det same mønsteret som dei andre variablane. Hjå den siste av dei fire, Stein, som har ei diskontinuerleg variabelrekke, skapar fleirtalspronomenet *me* kontinuitetsbrotet. Forklaringa på dette kan vera at begge foreldra hans realiserer denne varianten og slik sett forsterkar påverknaden frå omgjevnadene elles.

Denne tendensen til å realisera ei sams variantrekkefølge på individnivå når ein ser bort frå setningsmelodien, er ein interessant observasjon. Føresetnaden for at ein informant kan realisera ein lokaltilknytt variant i hierarkiet, er altså at alle variablane til *venstre* for denne også vert realiserte ved lokaltilknytte variantar. Like eins er føresetnaden for at ein informant kan realisera ein ikkje-lokaltilknytt variant i hierarkiet at alle variablane til *høgre* for denne også vert realiserte ved lokaltilknytte variantar. Dersom populasjonen eg har undersøkt er representativ for alle ungdommar som har vakse opp i Aurland dei siste åra, vil ein i tilfelle kanskje kunna føreseia delar av talemålsrealiseringa til ein aurlandsungdom ved å finna det øvste punktet hennar/hans i hierarkiet i variabelrekke.

5.2.3 Variabelanalyse

Nedafør drøftar eg dei kvantitative og kvalitative funna både på gruppe- og individnivå for kvar einskilt av variablane. Vidare viser eg til andre relevante talemålsundersøkingar.

5.2.3.1 Personleg pronomen 1. person singularis, *eg*

Denne variabelen skårar høgast for den lokaltilknytte varianten av alle variablane. Tradisjonelt vert pronomenet realisert både som *eg* og *e*, også i trykksterk posisjon (Breisnes 1975:223–224). Eg har notert meg at begge desse variantane førekjem både på gruppe- og individnivå. I høve til opposisjonen *j/ikkje j* i framlyd, som eg har undersøkt, er ikkje dette pronomenet utsett for intraindividuell variasjon hjå meir enn éin informant, Stein. Han realiserer *jeg* tre gonger, elles realiserer han *eg*. Stein fortel sjølv at ”når eg kjem til bror min

heime så trur eg snakkar litt sånn bokmål. Når eg snakkar med vennene mine så blir det nesten nynorsk”. Den manglande intraindividuelle variasjonen elles, kan kanskje skuldast symboleffekten som pronomenet *eg* har i høve til eigennamnet og identiteten vår, og at det er svært frekvent. I studien av talemålet til røros- og tynsetungdomar, undersøkte Røyneland *alle* variantane av dette pronomenet. Ho fann intraindividuelle variasjon blant ungdomane *også* for opposisjonen *j/ikkje-j* i framlyd (Røyneland 2005:381–389). Bortsett frå éin informant vantar aurlandsungdomane den intraindividuelle variasjonen i høve til opposisjonen *j/ikkje-j* i framlyd som røros- og tynsetungdomane realiserer. Eg tolkar det som at den lokaltilknytte varianten *eg* er så dominerande både i populasjonen eg har undersøkt og elles i Aurland at det ikkje gir seg utslag i intraindividuell variasjon i vesentleg grad. Denne dominansen vantar på Røros og Tynset.

5.2.3.2 Kvantoren *noko*

Kvantoren *noko* valde eg, som tidlegare nemnt, å undersøkje fordi han hovudsakleg vert realisert som *noe* av ungdom i nabokommunen Voss i dag. I 2001 fann Akselberg at berre 10,3% av det samla belegget for denne variabelen blei realisert som den tradisjonelle vossaforma *nokko* av elevar ved Voss gymnas (Akselberg 2003a:211). Dette funnet står i sterk kontrast til korleis aurlandsungdomane realiserer kvantoren. 84% av informantane realiserer *noko*, uttala *nåke* (jf. pkt. 4.3.2). Berre éin informant, Ragnar varierer mellom *nåke* og *noe*. Den dominerande utbreiinga *noko* har i Aurland, kan truleg forklarast både ved språkeksterne og språkinterne faktorar. Det er større skilnad mellom *nåke* og *noe* enn mellom *nokko* og *noe* både i høve til kvaliteten og lengda på stavingsvokalen.

5.2.3.3 Spørjeord med *kv* i framlyd

På gruppenivå realiserer informantane overraskande mange ulike spørjeord med *k* i framlyd (jf. vedlegg 2). Det er eit større mangfald av lokaltilknytte enn ikkje-lokaltilknytte spørjeord både på gruppe- og individnivå (jf. pkt. 4.3.3). På individnivå er ikkje denne variabelen utsett for variasjon. Dei fleste av dei 18 lokaltilknytte spørjeorda skil seg frå leksema i skriftspråket. Det gjer ikkje dei ikkje-lokaltilknytte variantane. Alle desse finn vi i bokmål. Spørjeorda er òg meir frekvente hjå dei 16 informantane som realiserer den lokaltilknytte varianten. I snitt vert spørjeord med *k* i framlyd realisert 20 gonger av kvar informant, medan det tilsvarande talet for spørjeord med *v* i framlyd er tolv. Forklaringa på at frekvensen er så forskjellig kan vera at spørjeorda *ka*, *ke* og *kå* har ein tilleggsfunksjon både som fyllord og meir uspesifiserte signal til samtalepartnaren om at ho/han kan halda fram med å snakka. Frekvensen av desse spørjeorda gir såleis eit bilete av intensiteten i samtalanene. Frøydis realiserer til dømes 13 ulike

spørjeord med *k* i framlyd medan samtalepartnaren hennar, Silje, som realiserer spørjeorda med *v*, har belegg for seks ulike spørjeord.

Den store skilnaden på populasjonsnivå i mangfaldet av realiserte spørjeord for dei to variantane kan ikkje berre forklarast ved at gruppa av informantar som realiserer *k* i framlyd er mykje større enn informantgruppa som realiserer *v* i framlyd. Totalt er det eit større samla repertoar av spørjeord med *k* enn med *v* i framlyd i norske talemål. Dei 16 informantane som realiserer den lokaltilknytte variabelen har difor fleire tilgjengelege spørjeord å velja mellom enn dei andre. Guro kan t.d. realisera *kossen*, som ikkje er eit tradisjonelt spørjeord i Aurland, utan at det bryt med språkssystemet hennar. Dei tre informantane som realiserer spørjeorda med *v* i framlyd har ikkje denne moglegheiten. Dette kan kanskje forklara den store skilnaden i repertoaret både på gruppe- og individnivå.

5.2.3.4 Nektingsadverbet *ikkje*

Til liks med spørjeorda er heller ikkje nektingsadverbet utsett for intraindividuell variasjon. 15 ungdomar realiserer *ikkje* og fire informantar realiserer *ikke*. Eric Papazian har undersøkt talemålsrealiseringar i Nore og Uvdal kommune i Numedal (Papazian 1997). Han undersøkte mellom anna realiseringa av nektingsadverbet. Tradisjonelt vert det realisert som *ikkje*. Hjø ungdomar med *minst éin av foreldra frå Numedal*, fann han at 51,7% realiserte *ikkje*. Det syner at den lokaltilknytte varianten har ei svakare stilling i Nore og Uvdal enn i Aurland der 79% av informantane realiserer *ikkje* (jf. pkt. 4.2.1, fig. 1). Skilnaden mellom realiseringa av den lokaltilknytte varianten av pronomenet *eg* er endå større. 46,6% realiserer *e*, som er den tradisjonelle realiseringa i Numedal, medan 89% realiserer *eg* i Aurland. Eg undersøkte nektingsadverbet mellom anna fordi eg ville finna ut om det kovarierte med pronomenet *eg* (jf. pkt. 3.5.8). Hjø 17 av informantane finn eg kovariasjon mellom den lokaltilknytte og den ikkje-lokaltilknytte varianten. Einast to informantar realiserer altså kombinasjonen *eg/ikke*.

Alle dei 15 informantane som realiserer *ikkje*, har ein postalveolar uttale av konsonanten. Eg har heller ikkje notert meg at /ç/ vert erstatta av /ʃ/ elles i det språklege materialet mitt, slik fleire undersøkingar elles landet har vist (t.d. Johannesen 1983, Andrésen 1980, Marøy 1998, Hannaas 1999).

5.2.3.5 Substantiv, fem. og mask., pluralmorfem i ubunden form

Denne variabelen har den same fordelinga av lokaltilknytte og ikkje-lokaltilknytte språktrekk som nektingsadverbet både på gruppe og individnivå (jf. pkt. 4.2.2, fig. 3 og pkt. 4.3.5). Substantivmorfemet skil seg likevel frå nektingsadverbet ved at det førekjem intraindividuell

variasjon hjå fire av dei informantane som har fått skår for den lokaltilknytte varianten. Dei har det til felles at dei varierer mellom *r*-ending og bortfall av *-r* når morfemvokalen er *e*. Hernes fann det same mønsteret i sin nivelleringsstudie i Os (Hernes 2006). I Os er pluralmorfemet tradisjonelt det same som i Aurland, nemleg *e* og *a* som i *geite* og *guta*. Hernes undersøkte realiseringa av denne variabelen som ein del av ei større variabelgruppe; *r*-ending/bortfall av *-r*. Ho seier at ”Det ser ut som bøyingsklassane som tradisjonelt har hatt *a*-ending, konsekvent har litt lågare nivelleringsprosent enn klassane med tradisjonell *e*-ending, sjølv om forskjellane ikkje er store”. Hernes tek eit atterhald både fordi ”det finst store individuelle sprik og at konklusjonane til dels byggjer på få belegg” (2006:106–107). Sjølv om både Hernes og eg tek atterhald fordi det er relativt få belegg i begge undersøkingane, er det verd å merka seg at mønsteret ser ut til å vera det same i Aurland og Os.

5.2.3.6 Setningsmelodi

Som nemnt i kapittel 5.2.2. *Variabelrekkja*, skapar denne variabelen brot i nokre av dei individuelle variabelrekkjene slik at dei realiserte variantane ikkje dannar to ulike bolkar (jf. pkt. 4.2.2, fig. 3). Eg har ikkje funne noko openberr forklaring på dette. I studiar av talespråkleg variasjon og endring har ein ofte sett bort frå prosodiske trekk, men dei ser ut til å vera heller stabile (Akselberg 2003b:128). I høve til brotet i variabelrekkja og denne stabiliteten er Bjarte spesielt interessant. Han realiserer einast éin lokaltilknytt variant i tillegg til realiseringa av høgtoneprosodien, nemleg *eg*. Ein kan tenkja seg at Bjarte lærte seg ei høgtonerealisering tidleg i småbarnsalderen, og at dette trekket har halde seg stabilt og upåverka hjå han gjennom heile oppveksten.

Det er òg verd å sjå på brørne Eirik og Morten (jf. pkt. 4.2.2, fig. 3). Hjå desse to skapar òg realiseringa av setningsmelodien eit brot i variabelrekkja. Dei realiserer begge den ikkje-lokaltilknytte varianten, lågtone, medan dei realiserer lokaltilknytte variantar på begge sider av denne variabelen i variabelrekkja. Medan Eirik konsekvent realiserer ein lågtoneprosodi, varierer Morten. Ved fleire høve skiftar han til ein høgtoneprosodi i siste setninga i slutten av replikkane sine (jf. pkt. 4.3.6 og 4.7.12). Begge brørne har ein samtalepartnar som realiserer ein høgtonevarietet. Kanskje kan forklaringa på variasjonen hjå Morten skuldast akkommodasjon. Både ein *similarity-attraction process* og *social exchange process* (Giles og Smith 1979) kan ha styrt realiseringane hans i lokaltilknytt lei.

Inndelinga av setningsmelodien i berre to kategoriar, kan gi inntrykk av at realiseringane er meir einsarta enn dei er. Etter kvart som eg lytta gjennom materialet, vart eg intuitivt klar over at det er fleire skilnader mellom informantane i høve til prosodien enn den

grove inndelinga eg har gjort. Dette kunne vore interessant og undersøkt nærare. Men sidan eg har forklart kva for ein storleik eg har målt, og ikkje vore i tvil om korleis denne storleiken blir realisert av informantane, meiner eg at resultata er valide og reliable, sjølv om det er ei noko overflatisk undersøking av prosodien.

5.2.3.7 Vokalkvaliteten *a/e* i pronomenet/determinativen *det*

På individnivå varierer realiseringa av denne variabelen hjå seks av dei 13 informantane som realiserer *da* (jf. pkt. 4.3.7). Hjå alle desse dominerer *da*. Alle, unntatt Rune, er plasserte midt i informanttrekkja, og ingen av dei realiserer heile den lokaltilknytte variabelrekka. På Vestlandet er den lokaltilknytte varianten *da* tradisjonelt utbreidd innafør *a*-målsområdet, men i nabokommunane til Aurland, Lærdal og Årdal i nordaust, vert pronomenet/determinativen tradisjonelt realisert som *det* (Bjørkum 1974:303). Cathrine Bleikli undersøkte denne variabelen hjå to prototypiske ungdomar i Vaksdal i Hordaland i 2005 og fann at informantane ikkje varierer, men berre realiserer den tradisjonelle varianten, *da* (2005:88–89). Bleikli sine prototyper skil seg i så måte ikkje frå dei øvste ungdomane i informanttrekkja i undersøkinga mi. Til samanlikning fann Hernes at den bergensstøtta nivellerte forma *det* blir realisert i 96% av alle belegga blant ungdomane ho undersøkte i Os i Hordaland. I Os skil realiseringa av denne variabelen seg mykje frå realiseringa i Aurland.

5.2.3.8 Infinitiv, endingsvokal

På gruppenivå dominerer den lokaltilknytte varianten også for denne variabelen (jf. pkt. 4.3.8). Tolv informantar har fått skår for *a*-ending. Tre av dei realiserer relativt mange reduserte infinitivsendingar (jf. vedlegg 16, 18 og 24). At 63% av informantane realiserer *a*-ending, tyder altså ikkje at førekomsten av infinitivsformer med *a*-ending er på 63% av den totale realiseringa på populasjonsnivå. Den er noko lågare. Likevel er den høgare i Aurland enn førekomsten i Os i 2003 (Hernes 2006:186). Der vart den lokale forma *a*-ending realisert i 36,7% av førekomstane av infinitivsformer. Eg finn elles nokre belegg for *a*-infinitiv hjå to informantar som realiserer *e*-infinitiv. Desse belegga gjeld jamvektsverb (jf. vedlegg 1). Desse to informantane har foreldre som realiserer kløyvd infinitiv.

Under ekserperinga blei eg interessert i korleis ungdomane realiserer infinitivforma av verbet *å vera*. Realiseringa av dette språktrekket er registrert sjølv om det ikkje er ein variabel i undersøkinga (jf. vedlegg 6). Det er belegg for den apokoperte forma *ve* hjå 16 ungdomar. Den apokoperte forma vert realisert både av informantar som realiserer *a*- og *e*-ending elles i infinitiv. Eg oppfattar det som eit leksikalsk trekk. Belegga for *ve*, *ver* og *vera* utgjer respektive 55%, 33% og 12%. Dei apokoperte formene er svært dominerande. Partisippforma

vå har eg dessverre ikkje registrert. Akselberg fann i si undersøking på Voss at forma *vå* blei nytta i 31,5% av realiseringane av partisippet hjå vossaungdom (Akselberg 2003a:212). Dersom det er nokon samanheng mellom å realisera apokoperte former i infinitiv og i partisippet, vil eg tru at forma *vå* kanskje er endå meir utbreidd i populasjonen i Aurland enn blant ungdomar på Voss.

5.2.3.9 Personleg pronomen 1. person pluralis, *vi*

Tolv informantar realiserer den lokaltilknytte varianten *me*, medan sju realiserer den ikkje-lokaltilknytte *vi*. Det er langt færre som realiserer den lokaltilknytte varianten for pronomenet i pluralis enn i singularis. Variabelen er i liten grad utsett for intraindividuell variasjon. Lisa realiserer *vi* éin gong og elles *me*. I samtalen mellom Morten og Terje realiserer Morten *vi* og Terje *me*, men begge to har nokre få realiseringar av samtalepartnaren sin pronomenvariant. Som tidlegare nemnt, vert den lokaltilknytte varianten oftast realisert som *mi* av informantane. Skilnaden mellom dei to pluralisvariantane er såleis berre opningskonsonanten, som i begge variantane er labiale og stemte. Eg hadde difor venta både større intraindividuell variasjon for dette pronomenet og at fleire hadde realisert den lokaltilknytte varianten. Når dette ikkje er tilfelle, kan det kanskje skuldast både påverknad frå skriftspråket, likskapen mellom *vi* og *mi* og at pluralispronomenet også har ein symbolverdi for individet sin identitet.

5.2.3.10 Diftongen *ao*

Åtte informantar realiserer den lokaltilknytte varianten, diftongen *ao*. Alle desse varierer i ulik grad mellom å realisera diftong og monoftong. Vidare varierer dei realiseringa av diftongen mellom *ao* og *åo* (jf. pkt. 4.3.10). Denne diftongen har korkje støtte i skriftspråket eller i majoriteten av talemåla i Noreg (jf. pkt. 3.5.1). Lokalt har den likevel framleis ein relativt sterk posisjon. 53% av foreldra til informantane realiserer t.d. dette trekket (20 av 38). 42% av barna deira diftongerer, altså noko færre.

Generelt gir ungdomane få konkrete skildringar av språktrekk i sitt eige og andre sitt talemål, men språktrekket diftongering, skil seg ut i så måte. Ti informantar fortel at *dao* og *pao* er typisk aurlandsdialekt. Bjørn eksemplifiserer det tydeleg slik: ”*ei graonaol med ein blao traod pao*”. Fleire av ungdomane nemner dette språktrekket når dei skal forklara korleis dei skriv MSN/SMS på dialekt. Dette gjeld òg ungdomar som ikkje realiserer denne varianten i sin eigen talemålsvarietet.

5.2.3.11 Differensiasjon av *rn* til *dn* og segmentasjon av *ll* til *dl*

Dette er den nedste variabelen i det lokaltilknytte og den øvste variabelen i det ikkje-lokaltilknytte variabelhierarkiet. Det er den einaste variabelen som er sett saman av to ulike språktrekk (jf. pkt. 3.5.2). Berre sju informantar realiserer den lokaltilknytte varianten. Den relativt låge frekvensen gjer at eg vil vera varsam med å trekkja konklusjonar i høve til den intraindividuell variasjonen hjå desse sju informantane. Øyvind skil seg ut ved å differensiera alle dei aktuelle belegga, men han segmenterer ikkje i det heile. Alle dei andre sju varierer mellom å realisera lokaltilknytt og ikkje-lokaltilknytte variantar. For differensiasjonen sin del kan det tyda på at pluralmorfemet i femininum og maskulinum som tradisjonelt har vorte realisert som *-edn* og *-adn*, vert erstatta av *-ene* og *-ane* blant ungdom som veks opp i Aurland.

Året etter at eg gjorde lydopptaka av intervjuar og samtalar ungdomane i mellom, hadde eg høve til å observera nokre av informantane. Eg var ansvarleg for ein studiedag som elevane hadde heime i Aurland ein dag i veka det første året dei var elevar ved Sogndal vidaregåande skule. Då oppdaga eg at ungdomane i samtalar seg i mellom truleg realiserer eit større omfang av differensierte former enn undersøkinga mi syner. Sigurd som ikkje får skår i studien for den lokaltilknytte varianten av denne variabelen, realiserte t.d. *karakteradn* og *elevadn*. Hans, som berre differensierer assimilererte former i materialet mitt, realiserte no både *grafadn* og *jentedn*. Skilnaden kan skuldast samtalsituasjonen, dei relativt få belegga, eller at språket deira har endra seg, jf. *aldersavgrensa variasjon* (Røyneland 2001:88). Pluralmorfema *-edn* og *adn* har òg støtte i Sogndal der ungdomane no oppheld seg til dagleg (Haugen 1998).

5.3 Relasjonane mellom talemålet og ekstralingvistiske faktorar

5.3.1 Relasjonen mellom talemålet og deltakinga i kulturelle felt

Den kvantitative livsverdundersøkinga syner at på *populasjonsnivå* er den lokalforankra deltakinga større enn den ikkje-lokalforankra deltakinga i dei kulturelle felta med respektive 65% og 35% (jf. pkt. 4.4). Det ser ut som om ungdomane har konstituert ei livsverd som i stor grad er orientert mot det lokale. Dei er ikkje i same grad *innbyggjarar* som er orienterte mot det globale slik som Fossåskaret skisserer, men i større grad *sambygdingar* som har konstituert ei delvis felles *lokalt orientert livsverd* (Fossåskaret 2000:44) (jf. pkt. 2.5.3). Utan å gå i rette med Fossåskaret, som ikkje nemner ungdom eksplisitt, meiner eg likevel at studien viser at ungdomane i Aurland i relativt sterk grad opplever eit lokalt fellesskap og samhandlar som sambygdingar gjennom skulegang og deltaking i det sosiale og kulturelle livet på

heimstaden. Dei erfarer òg at dei ulike aktørane har fleire roller og funksjonar lokalt. Kanskje høver det betre å halda på begge perspektiva og sjå på aktørane *både som sambygdingar og innbyggjarar*.

Hovudspørsmålet eg stiller i undersøkinga er om det er noko samanfall mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å konstituera ei lokalt orientert livsverd hjå ungdomane. Eg presiserer at livsverda er målt indirekte (jf. pkt. 4.5.1). Undersøkinga viser at det på *populasjonsnivå og talemålskategorinivå er slik at ungdomar som realiserer flest lokaltilknytte språktrekk også har konstituert ei livsverd som er sterkare orientert mot heimstaden enn dei ungdomane som realiserer færre lokaltilknytte språktrekk. På individnivå er ikkje resultata så eintydige* (jf. pkt. 4.5.1, fig. 20). Berre éin informant, Bjørn utfører 100% lokalforankra handlingar/haldningar. Hjå 13 informantar er det *ein tendens til samanfall*. I det følgjande rettar eg merksemda mot dei fem resterande informantane. Hilde som til liks med Bjørn realiserer einast lokaltilknytte språklege variantar, utfører berre 44% lokalforankra handlingar/haldningar. Ho skil seg ut ved å ha ei lite lokalorientert livsverd og samstundes realisera alle dei lokaltilknytte språklege variantane. Ragnar og Bjarte skil seg ut ved å realisera få lokaltilknytte språktrekk og samstundes ha ei relativt lokalt orientert livsverd. Dei realiserer høvesvis berre 27% og 18% lokaltilknytte språklege variantar medan dei utfører 67% og 78% lokalforankra handlingar/haldningar. Det er altså berre ein liten tendens til samanfall mellom talemålet og livsverdsuttrykket hjå desse tre. Under pkt. 4.5.1 forklarte eg at eg med *tendens til samanfall* meiner at den kortaste av dei to søylene dekkjer over 50% av lengda til den lengste søyla i fig. 20. Fordi eg har definert tendens til samanfall slik, vantar Kari og Silje denne tendensen fordi dei ikkje i det heile realiserer lokaltilknytte språklege variantar, men utfører 38% lokalforankra handlingar/haldningar. På populasjons- og talemålskategorinivå er dei likevel med og bidreg til at hovudspørsmålet/hovudhypotesen eg stilte, blir stadfesta.

5.3.2 Kritisk vurdering av den metodiske tilnærminga i livsverdundersøkinga

Eg gjennomførte studien både for å undersøkje talemålssituasjonen blant ungdom i Aurland og for å utforska relasjonen mellom *talemål og livsverd*. I ettertid stiller eg nokre kritiske spørsmål til den metodiske gjennomføringa av den kvantitative feltundersøkinga:

1. Avspeglar felta i tilstrekkeleg grad både dei lokalforankra og ikkje-lokalforankra aktivitetssområda i livsverda til informantane?
2. Er spørsmåla representative nok i høve til å representera dei felta eg opererer med?

3. Å trekkja kvantitative data ut av eit kvalitativt intervju er problematisk både fordi spørsmåla og svara lyt tolkast. Hadde ei separat skriftleg delundersøking med ja/nei-spørsmål vore betre eigna til å få fram kvantitative kulturelle bakgrunnsdata?

5.3.3 Relasjonen mellom ungdomane sitt talemål og foreldra sitt talemål

At dei fire ungdomane som har to foreldre som snakkar eit lokaltilknytt talemål, sjølv realiserer alle dei elleve lokaltilknytte språklege variantane, skuldast truleg at talemålpåverknaden i heimen er samanfallande med den dominerande varieteteten i lokalsamfunnet elles og slik påverkar ungdomane i same lei (jf. pkt. 4.6, fig. 22). Sett i høve til foreldrebakgrunnen er det heller ikkje så oppsiktsvekkjande at Silje ikkje realiserer nokre av dei lokaltilknytte variantane. Begge foreldra hennar snakkar austlandsdialekt. Den andre som einast realiserer ikkje-lokaltilknytte variantar, er Kari. Det gjer heller ikkje far hennar. Mora har eit vestlandsk talemål, men Kari har altså ikkje late seg påverka korkje av dette eller den lokaltilknytte varieteteten i høve til dei undersøkte variablane. Sjølv meiner Kari at forklaringa er at ho kom frå Austlandet til Aurland som 4-åring og har halde fast ved talemålet ho då hadde. At Stein realiserer seks lokaltilknytte variantar, kan skuldast både påverknaden frå begge foreldra som snakkar valdresdialekt, og påverknaden frå den lokaltilknytte varieteteten.

15 informantar har ei forklaring på kvifor dei snakkar slik dei gjer. Dei nemner påverknaden på oppvekststaden, frå venner, foreldre og familien. Det er interessant at fire ungdomar nemner påverknaden frå far, ingen nemner mor, medan to nemner barnehagen som påverknadsfaktor. Mæhlum meiner at det sannsynlegvis vil vera rimeleg å venta ein viss kvalitativ skilnad mellom mora kontra faren sin dialektstimulerande effekt overfor barnet innafor familiar der det har vore ei tradisjonell funksjonsdeling av foreldre- og oppdragaransvaret (1992:324). Undersøkinga mi syner ingen slik skilnad (jf. pkt. 4.6, fig. 25). Mæhlum syner i svalbardstudien sin at foreldra sitt talemål er eitt av bakgrunnstilhøva som motiverer individet sitt talemål. Ho konkluderer med at foreldre med eit relativt homogent talemål, vil kunna representera ei meir markant og effektiv språknormerande kraft overfor barnet enn der foreldra har ulikt språkleg opphav (1992:324). Funna mine stadfestar dette. Dei ungdomane som har foreldre som ikkje har eit relativt homogent talemål, har svært divergerande talemålspraksis (jf. pkt. 4.6, fig. 22).

5.3.4 Talemålsrealisering og språkleg og geografisk identitet

Seks ungdomar har éin forelder som snakkar austlandsk, og tre informantar har éin forelder som snakkar trøndelagsdialekt. Den andre av foreldra snakkar den lokaltilknytte varieteteten (jf.

pkt. 4.6). Fordi den språklege påverknaden i heimen er relativt einsarta, held eg den språklege foreldrebakgrunnen utafor. Eg tolkar kva slags sjølvforståing ungdomane formidlar i intervjuet i høve til *korleis dei konstituerer identiteten sin språkleg og geografisk* (jf. pkt. 1.4). Nedafor presenterer eg først desse to identitetsuttrykka skjematisk for kvar informant slik eg har tolka dei ut frå intervjuet og attgjeve dei i informantportretta (jf. pkt. 4.7). Deretter drøftar eg dette identitetsuttrykket i relasjon til dei språklege realiseringane deira:

Seks ungdomar med éin forelder som snakkar austlandsdialekt

Informant	Realiserte lokaltilknytte variantar	Eksplisitt uttrykt personleg lokalt talemålsideal	Uttrykt lokal geografisk identitet
Øyvind	11	–	+
Sigurd	10	+	+
Terje	9, varierer 4 av dei	+/-	–
Lisa	9, varierer 3 av dei	–	–
Ragnar	3, varierer 1 av dei	–	+
Bjarte	2	–	+

Figur 26: Språkleg og kulturell identitet hjå seks informantar

Tre ungdomar med éin forelder som snakkar trøndelagsdialekt

Informant	Realiserte lokaltilknytte variantar	Eksplisitt uttrykt personleg lokalt talemålsideal	Uttrykt lokal geografisk identitet
Morten	7*, varierer 2 av dei	+	+
Guro	6, varierer 1 av dei	+	+
Eirik	6, varierer 1 av dei	–	+

* Morten realiserer i tillegg det lokaltilknytte språktrekket, høgtonesetningsmelodi.

Figur 27: Språkleg og kulturell identitet hjå tre informantar

Figurane ovafor syner at sju av ni informantar uttrykkjer ein lokal geografisk identitet. Tre informantar uttrykkjer eksplisitt eit personleg lokalt talemålsideal. På *gruppenivå* tolkar eg det som det ikkje er nokon samanheng mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet (jf. pkt. 1.4).

Nokre individ er interessante å kommentera og samanlikna. Terje og Lisa, skil seg ut ved at begge syner ei sterkare orientering mot verda utafor Aurland og Sogn enn dei andre. Lisa identifiserer seg sterkt med heimstaden til mora på Austlandet og Terje fortel mykje om reiser og framtidsplanar knytt til stader langt utafor heimstaden. Kanskje kan det forklara den

intraindividuelle språklege variasjonen deira. Dei er begge medvitne om sin eigen lingvistiske variasjon og knyter den til språkleg kontakt med andre (jf. pkt. 4.7.10 og 4.7.11).

Guro og tvillingane, Morten og Eirik, har mor frå Trøndelag (jf. pkt. 4.7.12, 4.7.14 og 4.7.15). Dei språklege skilnadene mellom tvillingbrørne har eg gjort greie for i pkt. 5.4.3, 5.2.3.6 og 5.2.3.8). Morten realiserer ein meir lokaltilknytt varietet enn bror sin. Han uttrykkjer òg eksplisitt eit personleg lokalt talemålsideal, og seier at han skulle ønskja han hadde snakka meir ”sogning”. Eirik gir ikkje uttrykk for å ha eit slikt talemålsideal. Kanskje kan denne ønskte språklege identiteten hjå Morten forklara den språklege skilnaden brørne i mellom.

Under pkt. 2.5.3 refererte eg til Solheim som meiner at den heimstadidentifiseringa som individet sjølv uttrykkjer gjennom talemålsvarietet sin blir oppfatta av andre som responderer, og i neste omgang kan verka tilbake på sjølvopfatninga hjå den einskilte (Solheim 2006:113). Eg avsluttar drøftinga av resultata eg har funne i høve til hovudspørsmåla eg stilte med å sitera Silje (jf. pkt. 4.7.19) for å syna korleis ho verbaliserer heimstadidentifiseringa si og tilhøvet mellom språk og stad:

- Intervjuar:** seier du at du er aurlending?
Silje: =e= eg er jo det men eg føler meg egentleg ikkje som nokon aurlending fordi eg snakkar bokmål
- Intervjuar:** mm kan du utdjupa det litt nærare?
Silje: det blir jo altså viss ein er aurlending så snakkar ein jo då snakkar ein liksom aurlending = dialekt

- Intervjuar:** viss du seier at du ikkje er aurlending kva vil du seia at du er då?
Silje: eg veit ikkje eg litt sånn halvvegs blanding mellom alle ting men er ikkje så nøye å ha sånn spesielt = seia at eg er noko spesielt
- Intervjuar:** [...] vil du seia at Aurland er heimlassen din?
Silje: ja

Silje *er* aurlending, Aurland *er* heimstaden hennar, men ho meiner at det ”ikkje [er] så nøye å ha sånn spesielt, seia at eg er noko spesielt”.

5.3.5 Språket som identitetshandling

Alle vitenskapar som på ein eller anna måte studerer ”(...) society as a part of a human world, made by men, inhabited by men (...)” (Berger og Luckmann 1967:189), må ta stilling til paradokset som ligg i at individet på den eine sida må seiest å vera eit resultat av samfunnet det veks opp i , og på den andre sida er med på å påverka utviklinga av det same samfunnet (Hernes 2006:59).

Individet sitt språk er altså eit resultat av språket i samfunnet ho/han veks opp i, samstundes som individet påverkar kollektivet språkleg. Dette dialektiske tilhøvet er sentralt i variasjons- og endringsstudiar både når ein studerer intraindividuell språkleg variasjon og variasjon på gruppenivå. I det følgjande drøftar eg nokre av funna i undersøkinga og ser dei i høve både til sitatet ovafor og litteraturen som blei referert til under pkt. 2.5.2.

Undersøkinga syner at alle dei elleve variablane er utsette for variasjon på populasjonsnivå, medan ni av dei er utsette for intraindividuell variasjon i større eller mindre grad. Sett i eit synkront perspektiv, tolkar eg både den kollektive og den intraindividuelle variasjonen som eit uttrykk for at alle informantane i populasjonen har tilgang til begge variantane av kvar variabel, og at dei gjer eit *intendert* val når dei realiserer enten den lokaltilknytte og/eller den ikkje-lokaltilknytte varianten. Le Page og Tabouret-Keller meiner at dei lingvistiske vala språkbrukaren gjer, er styrte av kva slags identitet ho/han ønskjer å ha i ulike situasjonar (1985:181). Individua uttrykkjer ei sosial meining gjennom variantvala sine. Då lyt ungdomane ha ei *oppfatning* av kva slags sosial meining dei ulike variantane er berarar av. Guro verbaliserer dette. Ho seier at aurlandsdialekten er ”kjempefin” og uttrykkjer ei bestemt haldning til kva slags talemålsvarietet ho helst vil realisera når ho snakkar om sitt eige talemål:

den har forbetra seg men den -- eg er litt sånn misfornøgd med det men eg greier -- eg kan ikkje plutseleg begynna å snakka veldig aurlending for det høyrest jo veldig dumt ut synest eg då eg viss plutseleg skal begynne å seia det = men den er no grei [...] men sånn når eg var yngre så sa eg jo *ikke* og litt forskjellige sånne bokmålsord då = så eg har jo forbetra meg

Guro ønskjer tydeleg å realisera eit meir lokaltilknytt talemål og ser på si eiga språkutvikling som ei utvikling i den retninga. Ho har altså ein *intensjon* om å målbera identiteten sin gjennom talemålet sitt, sjølv om ho meiner ho ikkje plutseleg kan begynna å snakka ”veldig aurlending”. Ho føyer til at ho kanskje kjem til å seia ”sånn som *dao* og *pao* og sånne ting”, dersom ho vert buande på heimstaden om nokre år. Sjølv om ho ikkje kjenner til lingvistisk terminologi og såleis ikkje får gitt presise skildringar av språket eller av sine eigne vurderingar av språket, har ho både kunnskapar og medvit om talemålet (Preston 1996).

Fordi alle ungdomane er så samstemte om den positive vurderinga av aurlandsdialekten, kan ein tenkja seg at språkbrukarane tillegg denne varieteteten høg status. Sjølv om på langt nær alle ungdomane er så medvitne sine eigne talemålsintensjonar som Guro er, meiner eg fleire informantar uttrykkjer den same intensjonaliteten som ho gjer, både lingvistisk og ekstralingvistisk. Bjørn kan fortelja korleis han og Magne diskuterer kva som er

'rett' å seia, og at han let seg korrigerera av Magne til dømes når han hevdar at det er rett å seia *å sitja* heller enn *å sitta*.

Den sosiale meininga ein informant til ei kvar tid ønskjer å uttrykkja gjennom valet av variantar, kan til dømes vera påverka av kva forventningar ho/han har til samtalepartnaren, og ho/han kan styre realiseringane sine etter dette. Ulike akkommodasjonsprosessar verkar under ein samtale (jf. pkt. 2.6). Dersom ein informant vurderer lokaltilknytte språktrekk positivt, kan både ein *similarity-attraction process* og ein *social exchange process* (Giles og Smith 1979) styre realiseringa hennar/hans i ei lokaltilknytt retning. Eg har tidlegare nemnt Morten sine realiseringar av setningsmelodien som døme på dette (jf. pkt. 5.2.3.6). Det same kan vera tilfelle når Kari, som einast realiserer ikkje-lokaltilknytte variantar, ved to høve realiserer "veit'kje" og ein høgtoneprosodi. Desse prosessane kan òg ha verka forsterkande på realiseringane av segmentasjon i samtalen mellom to informantar som begge realiserer lokaltilknytte varietetar som her under samarbeidet om teikneoppgåva:

- Hans:** ja du kan ta fystikkbein men laga nesten saue berre masse *krodla* liksom
Bjørn: lagar nåke *krodl* sånn som me gjorde når me gjekk i b -
Hans: *bodl bodl*
Bjørn: *bodl bodl* = sånn teiknar berre nåke bananhovud eller eit eller anna

5.3.6 Haldningar til talemål generelt og aurlandsdialekten spesielt

Under pkt. 2.5.4 viste eg til litteratur om haldningsomgrepet. Eg refererte til Lunde som mellom anna gjer greie for den sosialkonstruktivistiske tilnærminga til haldningar. Ho meiner at sosialkonstruktivistar ser på haldningar som kulturskapte og situasjonsavhengige, *sosiale fenomen* som vert danna ved *sosial samhandling*, og at dei ikkje er djupareliggjande sinnsfenomen (Lunde 2005:13–14, 41). Sett i eit slikt perspektiv tolkar eg informantane si samstemte positive haldning til aurlandsdialekten som eit uttrykk for at realiseringar av denne varietetten vert verdsett. Informantportretta syner at kjenslene ungdomane har både i høve til aurlandsdialekten og sitt eige talemål skil seg noko blant ungdomane. Informantane øvst i informanttrekkja uttrykkjer gjennomgåande sterkare positive kjensler både for sin eigen talemålsvarietet og aurlandsdialekten. Hjå desse informantane fell òg deira eigen varietet meir saman med aurlandsdialekten. Desse informantane evaluerer altså både sitt eige talemål og aurlandsdialekten samstundes. Dei andre vurderer aurlandsdialekten og *ikkje* sitt eige talemål, når dei uttaler seg om aurlandsdialekten. Ragnar, Kari og Silje, nedst i informanttrekkja, meiner at varietetten deira ikkje passar inn i Aurland. Bjarte fortel at "det er no nokon som seier at eg må snakka sogning eller noko sånt eller Aurland eller noko sånt men det gjer eg

eigentleg ikkje trur eg”. Kari ”har ikkje peiling” på kva andre tykkjer om talemålet hennar. Eg tolkar utsegnene deira som at haldninga til aurlandsdialekten er svært positiv, men at ungdomane ikkje reagerer negativt på andre varietetar.

Alle informantane øvst i informanttrekkja har opplevd å få reaksjonar og/eller ikkje bli forstått når dei snakkar med folk utafor Sogn, til dømes ”på Austlandet” (jf. pkt. 4.7). Då nyttar dei ulike strategiar. Magne og Lisa ”blandar inn bokmål”, medan Hans og Guro tek opp att utsegna på ”bokmål”. Desse to vil ikkje gi slepp på sin eigen talemålsvarietet. Slike erfaringar har ikkje informantane lægre ned i informanttrekkja. Silje, som realiserer alle dei ikkje-lokaltilknytte variantane, fortel likevel at ho har fått reaksjonar på nokre ”nynorske ord” i språket sitt når ho er i Tønsberg. I Aurland er det ingen som har kommentert talemålsvarietet hennar. Ingen av ungdomane har negative opplevingar å fortelja om i høve til sin eigen talemålsbruk, sjølv om nokre av dei har opplevd å bli korrigererte av foreldra eller besteforeldra i høve til bruken av ’bokmålsord’ og engelsk i talemålet.

Det er nyleg skrive ei masteravhandling om det språklege fenomenet *knot*. Else Berit Molde har undersøkt korleis omgrepet *knot* vert definert og forklart i norske skriftlege kjelder. I same prosjektet har ho undersøkt korleis folk definerer omgrepet og kva førestellingar dei har om den språkbruken dei reknar for å vera *knot* (2007). Omgrepet *knoting* er det berre éin av aurlandsungdomane som kjenner til, men etter at eg har eksemplifisert og forklart det kort, meiner ti ungdomar at det er greitt å knota. Åtte informantar meiner at ein skal halda fast på det ’eigentlege’ og ikkje endra språket sitt og knota. At ungdomane i utgangspunktet ikkje kjende til omgrepet *knot*, og at over halvparten meiner det er greitt å knota, tolkar eg som at dei er svært tolerante også i høve til interindividuell talemålsvariasjon. Det kan òg vera eit uttrykk for at dei enno ikkje har særleg røynsle med fenomenet og difor heller ikkje har utvikla eit medvit om det.

Sjølv om ungdomane ikkje kjenner til lingvistisk terminologi og såleis ikkje gir presise skildringar av språket eller av sine egne vurderingar av språket, syner dei eit språkleg medvit på fleire måtar (Preston 1996). Dei eksemplifiserer og viser til døme på talemålsrealiseringar både hjå seg sjølv og andre (jf. pkt. 2.7). Dei viser òg til personar i skule- og lokalmiljøet som realiserer ulike talemålsvarietetar og heimfestar varietetane geografisk. Det er fonologiske og leksikalske trekk dei er medvitne om. Nokre informantar er klar over sin eigen språklege variasjon. Stein fortel til dømes at han snakkar meir ”bokmål” heime med bror sin og Vidar snakkar ”litt meir finare” med far sin. Andre er klar over sin eigen variasjon når dei snakkar med folk utafor heimstaden. Dei refererer då oftast til Austlandet.

Eg tolkar informantane som svært opne og tolerante for både lokal talemålsvariasjon og språkleg variasjon elles i landet, sjølv om dei set aurlandsdialekten høgt. Desse haldningane reknar eg som *sosialt skapte*. I intervju er òg haldningsuttrykka deira ein del av ein kontekst.

6 OPPSUMMERING

6.1 Resultatet i høve til problemstillinga

6.1.1 Talemål og livsverd målt gjennom deltaking i kulturelle felt

I dette masterprosjektet har eg utforska og freista forstå relasjonen mellom korleis ungdomar i Aurland realiserer talemålet sitt og konstituerer livsverda si. Hovudspørsmålet eg har stilt er korleis tilhøvet er mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å konstituera ei lokalt orientert livsverd hjå ungdomane (jf. pkt. 1.4). Livsverda deira har eg målt indirekte ved å registrera rapporterte handlingar/haldningar i ulike kulturelle felt. Den kvantitative undersøkinga syner at det på populasjonsnivå og talemålskategorinivå er eit samsvar mellom å realisera lokaltilknytte språklege variablar og å utføra lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta. På *individnivå* er det *samanfall* mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og utføra lokaltilknytte handlingar/haldningar hjå informanten øvst i informanttrekkja. Det er ein *tendens til samanfall* hjå 13 informantar. Hjå tre informantar er det ein *liten tendens til samanfall*. Hjå to informantar er det *ikkje noko samanfall*.

6.1.2 Talemål og språkleg foreldrebakgrunn

Fleire av ungdomane i undersøkinga har foreldre som sjølv ikkje realiserer eit lokaltilknytt talemål. Det andre spørsmålet eg har stilt er i kva grad desse ungdomane realiserer lokaltilknytte talemålsvariantar. Den språklege delen av undersøkinga syner at to av dei tre ungdomane som har to foreldre som ikkje snakkar eit lokaltilknytt talemål, berre realiserer ikkje-lokaltilknytte variantar. Desse to ungdomane har òg færrest lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta. Den tredje av desse 'innflyttarungdomane' realiserer eit delvis lokaltilknytt talemål. Dei fleste av desse variantane fell saman med foreldra sine talemålsrealiseringar. Denne informanten har ei markant større deltaking i dei lokalforankra kulturelle felta enn dei to andre.

Hjå ungdomar som har éin forelder som har eit lokaltilknytt talemål, finn vi svært ulik talemålspraksis og relativt stor interindividuell variasjon (jf. pkt. 4.6, fig. 21 og pkt. 4.7). Også i gruppa på seks informantar med éin forelder med austlandsdialekt, er dei språklege realiseringane ulike. Realiseringa av lokaltilknytte variantar fordeler seg frå to til elleve i gruppa. Dei språklege skilnadene mellom dei tre informantane som har éin forelder som har trøndelagsdialekt er ikkje så store, men det er verd å merka seg skilnaden mellom dei to brørne i denne vesle gruppa.

Dei fire informantane som har foreldre som begge har eit lokaltilknytt talemål, realiserer alle dei lokaltilknytte variantane, og denne gruppa av informantar utfører òg flest handlingar/haldningar i dei kulturelle felta (jf. pkt. 4.6) samanlikna med dei andre. Den interindividuelle variasjonen er minst i denne gruppa i høve til dei undersøkte språklege variablane.

6.1.3 Talemål og eksplisitt uttrykt språkleg og geografisk identitet

På gruppenivå er det ikkje nokon samanheng mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet. Det kan likevel vera ein samanheng på individnivå. To informantar i den eine gruppa på seks ungdomar som er undersøkt, vantar ein uttrykt lokal identitet samanlikna med dei andre (jf. fig. 26). Dei skil seg ut ved å ha ein større intraindividuell variasjon enn dei andre informantane i gruppa. Vidare ser det ut til å vera ein samanheng mellom å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg identitet og å realisera lokaltilknytte språktrekk når eg samanliknar eit tvillingpar (jf. fig. 27).

6.2 Avslutningsvise refleksjonar om vidare forskning

I dette prosjektet har eg kombinert både kvantitativ og kvalitativ metode. Eg har prøvd å få eit oversyn over språksituasjonen i populasjonen eg har undersøkt. Samstundes har eg villa oppnå innsikt og forståing av samanhengar mellom individa si livsverd og språket deira. Eg har stilt nokre kritiske spørsmål til metoden (jf. pkt. 5.3.2). Populasjonen i undersøkinga er relativt liten. Dei kvantitative funna kan difor ikkje generaliserast eller direkte overførast til å gjelda andre populasjonar. Likevel meiner eg at resultatata har overføringsverdi. Eg har granska og belyst relasjonen mellom talemålet og den intersubjektiv livsverda til 19 informantar. I høve til dette meiner eg at aurlandsungdomane representerer noko meir enn berre seg sjølv. Dei er representative for ungdom som veks opp i små, kulturelt og sosialt relativt homogene bygdesamfunn der talemålssituasjonen er heterogen sjølv om den tradisjonelle geografisk lokaltilknytte varietetten dominerer.

I undersøkinga har eg ikkje retta merksemda mot informantane sitt kjønn fordi det berre er seks jenter i populasjonen. Sociolingvistisk forskning har synt at gutar og jenter gjer noko ulike talemålsval, men undersøkingane er ikkje eintydige. Verdt å nemna er likevel at Ragnhild Haugen i si undersøking i Sogndal fann at kvinnene hadde lægre tradisjonsprosent enn mennene (Haugen 1998). I ei vidare undersøking av relasjonen mellom talemål og livsverd kunne det har vore interessant å undersøkje skilnader mellom kjønna.

Berre tre informantar i populasjonen har to foreldre med ein ikkje-lokaltilknytt varietet. Det er for få informantar til at ein kan generalisera funna i denne informantgruppa. Sosiolingvistiske undersøkingar i norsk bygdesamfunn har i stor grad konsentrert seg om 'innfødde' der minst ein av foreldra til informantane er oppvaksne på staden. Ein saknar difor nyare sosiolingvistisk kunnskap om språksituasjonen i bygdesamfunn der ein tek utgangspunkt i språkbrukarar som ikkje realiserer den lokale talemålsvarietet. Det er verd å merka seg at halvparten av aurlandsungdomane sine foreldre høyrer til denne gruppa språkbrukarar.

Tre informantar i undersøkinga nemner den språklege påverknaden dei fekk i barnehagen og i førskulealderen. Eg har ei oppfatning av at ein av barnehagane som nokre av informantane har gått i, språkleg sett skil seg frå dei andre. Etter å ha granska *talemål og livsverd* hjå ungdomar i Aurland stiller eg difor eit nytt spørsmål. I kva grad er informantane sine språklege realiseringar eit resultat av den språklege påverknaden dei fekk i barnehagen? Dei fleste barn som veks opp i dag går i barnehage, og mange er utsette for ein annan lingvistisk påverknad der enn i heimen. Ein longitudinell studie av talemålsutviklinga hjå barn sett i dette perspektivet hadde vore interessant.

SAMANDRAG

Masteravhandling i Nordisk språkvitenskap hausten 2007

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen

Namn: Ingunn Stokstad

Rettleiar: Professor Gunnstein Akselberg

Tittel: *Talemål og livsverd. Ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant ungdomar i Aurland i Sogn.*

Denne masteravhandlinga er ein studie av talemålet til ein *ungdomspopulasjon* i Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Målet med studien er å utforska relasjonen mellom ungdomane sitt *talemål* og korleis dei konstituerer *livsverda* si. Populasjonen som er undersøkt, er elevane som gjekk i 10. klasse ved Aurland barne- og ungdomsskule vinteren 2005/2006 og som var busette i Vangen krins, sentrumskrinsen i kommunen. Til saman er det 19 ungdomar.

Hovudproblemstillinga for avhandlinga er: I kva grad er det samanfall mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å konstituera ei lokalt orientert livsverd hjå ungdomane? Det empiriske materialet består av to delar; ein *språkleg del* der ungdomane sitt talemål vert undersøkt og ei *kulturell bakgrunnsundersøking* der eg freistar å få innsyn i korleis ungdomane konstituerer livsverda si. Foreldra sitt talemål er registrert som ein del av bakgrunnsundersøkinga. Foreldra er vanlegvis den primære sosialseringsinstansen for eit barn. Fleire av ungdomane i undersøkinga har foreldre som ikkje realiserer eit lokaltilknytt talemål. I studien vert det òg undersøkt i kva grad desse ungdomane sjølv realiserer lokaltilknytte talemålsvariantar. Problemstillinga for denne delundersøkinga er om det er nokon samanheng hjå ungdomane som er nemnde ovafor, mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet.

Informantane hadde parvise samtalar seg i mellom som blei tekne opp på lydband og transkriberte. Elleve språklege variablar er undersøkte. Dei realiserte variantane er kategoriserte som *enten lokaltilknytte variantar eller ikkje-lokaltilknytte variantar*. Dei lokaltilknytte variantane er talemålstrekk som i norsk dialektologi tradisjonelt vert heimfesta til Aurland. Dei andre variantane vantar denne tilknytninga.

Det vart gjort kvalitative livsverdintervju med kvar informant. Intervjua vart lydbandfesta og seinare transkriberte. Det blei brukt ein intervjugaid som var utarbeidd for å registrera informantane sine handlingar/haldningar i ulike kulturelle felt. Denne feltinndelinga er inspirert av Bourdieu sin kultursosiologi sin slik Gunnstein Akselberg modifiserer den i dr.art.-avhandlinga si (Akselberg 1995). I studien min er felte kategoriserte som *enten*

lokalforankra eller ikkje-lokalforankra. Livsverda til ungdomane vert indirekte målt ved å registrera rapporterte handlingar/haldningar i dei kulturelle felta.

I studien vert ein kvalitativ og kvantitativ metode kombinert, og tilnærminga er hermeneutisk. Den kvantitative undersøkinga syner at det på populasjonsnivå og talemålskategorinivå er eit samsvar mellom å realisera lokaltilknytte språklege variablar og å utføra lokalforankra handlingar/haldningar i dei kulturelle felta. På *individnivå* er det *samanfall* mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og utføra lokaltilknytte handlingar/haldningar hjå éin informant. Det er ein *tendens til samanfall* hjå 13 informantar. Hjå tre informantar er det ein *liten tendens til samanfall*. Hjå to informantar er det *ikkje noko samanfall*.

Ungdomane i studien som har éin forelder med eit lokaltilknytt talemål, har svært ulik talemålspraksis og relativt stor interindividuell språkleg variasjon. Studien syner ingen samanheng på gruppenivå mellom å realisera lokaltilknytte språktrekk og å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg og geografisk identitet. Likevel kan det vera ein samanheng på individnivå. To informantar i den eine gruppa som er undersøkt, vantar ein uttrykt lokal identitet samanlikna med dei andre. Dei skil seg ut ved å ha ein større intraindividuell variasjon enn dei andre informantane i gruppa. Vidare kan det vera ein samanheng mellom å uttrykkja ein ekstralingvistisk lokalforankra språkleg identitet og å realisera lokaltilknytte språktrekk hjå eit tvillingpar når ein samanliknar talemålet deira og den ekstralingvistisk uttrykte lokalforankra språklege identiteten deira. Dette er undersøkt kvalitativt.

LITTERATURLISTE

- Akselberg, Gunnstein 1995: *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Dr.art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein 2003a: Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei gransking av Språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001–2002 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I: *Nordisk dialektologi*. Akselberg, G., A. M. Bødal og H. Sandøy (red.). Oslo: Novus, 197–226.
- Akselberg, Gunnstein 2003b: Talevariasjon i Noreg. I: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Mæhlum, B., G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy (red.). Oslo: Cappelen akademisk forlag, 145–166.
- Akselberg, Gunnstein 2005: Talemålsregionalisering – modellar og røynd. I: *Målbryting* nr. 7. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 109–130.
- Andrésen, Bjørn S. 1980: Palato-alveolarer i Bergensmålet. I: *Maal og Minne* 1980, 88–101.
- Barth, Fredrik 1969: Introduction. I: *Ethnic Groups and boundaries. The Social Organization of Culture Difference*. Oslo: Universitetsforlaget, 9–38.
- Berger, Peter L. og Thomas Luckmann 1967: *The social Construction of Reality. A Treatise in the Sociology of Knowledge*. Garden City, N. Y.: Doubleday.
- Bjørkum, Andreas 1968: *Årdalsmål hjå eldre og yngre. Ei utgreiing om formverket med eit tillegg om genrasjonsskilnad i lydverk, ordbruk og formverk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørkum, Andreas 1974: *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Breisnes, Rolf 1975: *Aurlandsmålet. Ei utgreiing om talemålet i Aurland med særleg vekt på formverk og ordbruk*. Uprenta hovudoppgåve i nordisk. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Broadly, Donald 1989: *Kapital, habitus, fält. Några nyckelbegrepp i Pierre Bourdieus Sociologi*. Arbetsrapport 1989:2. Stockholm: Universitet og högskoleämbetet.
- Brodersen, Randi Benedikte 2000: Det kvalitative telefoninterview og andre interviewmetoder i sociolingvistikken. I: *Målbryting* nr. 7. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 89–114.
- Brunstad, Endre 2000: Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskinga. I: *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*. Brodersen, R. og T. Kinn (red.). Larvik: Ariadne, 46–68.
- Cooper, Robert L. og Joshua A. Fishman 1974: The study of language attitudes. I: *International Journal of the Sociology of Language* 3, 5–19.
- Deprez, Kaz og Yves Perssoons 1987: Attitude. I: *Sociolinguistics. An international Handbook of the science of language and society*. Ammon, U., N. Dittmar og K. J. Mattheier (red.). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Enrikin, Nicholas J. 1991: *The betweenness of place. Towards a geography of modernity*. Baltimore, Md.: Johns Hopkins University Press.
- Flom, George T. 1915: The phonology of the dialect of Aurland. I: *University of Illinois studies in language and literature* band I, nr 1/2. Urbana Illinois: University of Illinois.
- Flom, George T. 1944: *The morphology of the dialect of Aurland (in Sogn, Norway)*. Urbana Illinois: The University of Illinois Press.
- Fossåskaret, Erik 2000: Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing. I: *Målbryting* nr. 4. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 27–46.

- Giles, Howard og Philip Smith 1979: Accommodation Theory. Optimal levels of Convergence. I: *Language and Social Psychology*. Giles, H. og R. N. St. Clair (red.). Language in Society 1. Oxford: Blackwells, 45–65.
- Grønmo, Sigmund 1996: Forholdet mellom kvalitative og kvantitative metoder i samfunnsforskningen. I: *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Holter, H. og R. Kalleberg (red.). Oslo: Universitetsforlaget, 73–107.
- Hannaas, Jorunn 1999: *En sosiolingvistisk studie av kj- og sj-realiseringsen blant ungdommer i Bergen*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Ragnhild 1998: *Variasjon og endring i sogndalsdialekten. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Sogndal*. Hovudfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Ragnhild 2002: Sjølvrapporterte språkhaldningar frå ungdomar i Sogndal. I: *Målbryting* nr. 6. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 143–173.
- Haugen, Ragnhild 2004: *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Dr.art.-avhandling. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Hernes, Reidunn 1998: "Eg snakke sånn så – det komme av seg sjøl". *Ein sosiolingvistisk analyse av talemålsvariasjon hjå ungdomar i Os*. Hovudfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Hernes, Reidunn 2005: Kvar i verda finst språket? I: *Målbryting* nr. 7. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 145–167.
- Hernes, Reidunn 2006: *Talemål i endring. Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*. Dr.art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hogg, Michael og Dominic Abrams 1995: *Social Identifications. A social Psychology of Intergroup relations and group Processes*. Routledge: London and New York.
- Hognestad, Jan K. 1997: *Tonemer i en høytonedialekt. En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Samlaget.
- Hudson, R. A. 2004: *Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hymes, Dell 1974: *Foundations in Sociolinguistics. An Ethnographic Approach*. Philadelphia: University of Philadelphia Press.
- Høyland, Randi 2005: *Meiningar om mål. Ungdomar på Stord si oppfatning av seg sjølv og stordamålet i relasjon til haugesundarar og haugesundsmålet*. Uprenta masteroppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Johannesen, Stig Helge 1983: Om 'skjendisar' og 'chipsreiarar'. Bruken av sje-lyd og kje-lyd i bergensmålet. I: *Talemål i Bergen* 1, 5–28.
- Jorem, Ida Elisabeth 1995: *Bruken av finbergensk blant ungdom i bydelen Fana. En sosiolingvistisk undersøkelse*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Kristoffersen, Gjert 1980: *Dialektutvikling hos skolebarn. En undersøkelse av forbindelser av vokal + r i talemålet til skolebarn i Arendal*. Oslo: Novus.
- Kvale, Steinar 2001: *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Labov, William 1972: *Sociolinguistic patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, William 1984: Field Methods of the Project on Linguistic Change and Variation. I: *Language in use*. Baugh, J. og J. Sherzer (red.). Englewood Cliffs, New Jersey: Prentice-Hall, 28–53.
- Larsen, Amund B. 1926: *Sognemålene*. Oslo: Det norske vitenskaps-akademi.
- Le Page, Robert B. og Andréé Tabouret-Keller 1985: *Acts of Identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lunde, Marit Merete 2005: Haldningar – finst dei? Og er dei i så fall å finne i individa eller i

- det sosiale rommet mellom dei? Ei drøfting av haldningsomgrepet ut frå ulike tilnæringsmåtar. I: *Målbryting* nr 7. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 7–44.
- Marøy, Beate Husa 1998: *Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet på vestlandsøya Fedje*. Uprenta hovudoppgåve i nordisk. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Mead, Georg Herbert 1934: *Mind, Self and Society. From the standpoint of a social behaviorist*. Chicago: University of Chicago Press.
- Milroy, Lesley 1987: *Language and Social Networks*. 2.utg. Oxford: Blackwell.
- Molde, Else Berit 2007: *Knot. Omgrepet, definisjonane og førestellingane*. Uprenta masteroppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Britt 1999: Sted og språk - en skisse. I: *Stedet som kulturell konstruksjon*. Mæhlum, B., Slettan, D. og Stugu, O. (red.). Skriftserie fra Historisk institutt nr. 27. Trondheim: Historisk institutt, NTNU.
- Mæhlum, Britt 1992: *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i longyearbyen på Svalbard*. Tromsø-studier i språkvitenskap 12. Oslo: Novus.
- Niedzielski, Nancy og Dennis R. Preston 1999: *Folk Linguistics*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Nordberg, Bengt 1982: Sociolingvistisk datainnsamling. I: *Talspråksforskning i Norden. Mål – material – metoder*. Mats Thelander (red.). Lund: Studentlitteratur, 92–119.
- Notland, Vibeke 2001: *Variasjon og endring i Bømlamålet. Ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlø kommune i Sunnhordland*. Uprenta hovudfagsoppgåve. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Nynorskordboka* 2006. Definisjons- og rettskrivingsordbok. 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Papazian, Eric 1997: Dialektdød i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal. I: *Maal og Minne* 1997, 161–190.
- Pedersen, Inger Lise 2001: Talesprog som identitetsskaber og identitetsudtryk. I: *Norlit* 10. Det humanistiske fakultetet, Universitetet i Tromsø, 41–55.
